


# FOLK i Ryfylke 1992



Tema: Samvirke





# FOLK 1992 i Ryfylke

Årbok for Ryfylkemuséet

Redaktør: Ernst Berge Drange

Utgitt av Ryfylkemuséet

# FOLK i Ryfylke

## Årbok for Ryfylke

Redaktør: Ernst Berge Drange

Utgivar: Ryfylkemuséet

4230 Sand

Telefon (04) 79 73 77

### ABONNEMENT:

FOLK i Ryfylke kjem ut ein gong i året.

Abonnementprisen for 1992 er kr. 85,-

og inkluderer medlemskap i Ryfylkemuséet.

Postgirokonto 5 66 29 11

Bankgirokonto 3202.07.01527

Foto: Der det ikkje er gjort særskilt merknad, er bileta  
frå Ryfylkemuséet si fotosamling.

Sats, repro, trykk og innbinding:  
Allservice a.s., Stavanger

ISBN 82-90271-06-9

### Framsida:

Samvirke-bedriftene på Judaberg i Finnøy ligg sentralt plassert i strandstad-biletet.

Ryfylke Meieri (til venstre) er det eine av to attverande meieri i Ryfylke. Finnøy Handelslag (til høgre) er eit av dei få handelslaga i Ryfylke som framleis vert styrt og drive lokalt.



Interiør frå Rennesøy Forbruksforening, Vikevåg. Biletet må vera teke ein gong på slutten av 1920-talet. Rennesøy Forbruksforening vart skipa i 1911 som ei av dei første kooperative handelsforetaka i Ryfylke. Forbruksforeininga sette opp nytt lokale i 1919 og det er interiør frå dette lokalet som er avbilda her. Det heitte i 1932 at det nye lokalet «er allerede nu for trangt». Johan Næss (f. 1891 i Sand) var styrar av foreininga frå 1915 til 1957, altså i 42 år.



*Men han byrja som betjent ei kort tid før. Her har han med seg ein ung sambygding frå Sand, Ragnvald Hanekam. Truleg hadde han funksjon som betjent. I 1932 var personalet forutan styraren 1 betjent, 2 butikkdamer og 2 bakarar. Kring 1950 var det 5 tilsette på Rennesøy Forbruksforening. (Foto tilh. Rennesøy kulturkontor)*

## Innhold

- 5 Redaksjonelt
- 10 Samvirkerørla i Ryfylke  
Av Ernst Berge Drange
- 27 Meieri i Ryfylke  
Av Jon Bergsåker
- 38 Eit bygdemeieri blir lagt ned  
Av Njål Tjeltveit
- 43 Forbrukersamvirke i Rogaland  
Av Gunnar M. Roalkvam
- 56 Bank på bygdene  
Av Trygve Brandal
- 66 Innkjøpslag i Ryfylke  
Av Ernst Berge Drange
- 74 Bygdehandelslaga var bøndene sine butikkar  
Av Njål Tjeltveit
- 80 Sauda: Kooperasjon og klassekamp - sider av same saka?  
Av Tone Årtun
- 88 Når agentene kom, været vi en liten sensasjon!  
Av Halvdan Magnus Hansen
- 93 Jenteliv på krambunga  
Av Sigrid Bø Grønstøl
- 97 Nedpå krambunga  
Av Asgjerd Taksdal
- 103 Laurdagen på Handelslaget  
Av Erik Fossåskaret
- 106 God medlemskontakt er fundamentalt i landbruks-  
samvirket  
Av Njål Tjeltveit
- 110 Dei var våre ein gong, er dei det lenger?  
Av Njål Tjeltveit
- 116 Folkemusikkarkivet - inn i ein ny epoke  
Av Ruth Anne Moen
- 118 Årsmelding 1991
- 128 Rekneskap 1991

*Eit godt lag framforbi Jørpelands Forbrugsforening i Jørpelandsvågen 1924. Frå venstre: Knut Fadnes, Tomine Moen, Antoni Førland, Helga, Hjerand Torsen, Nora Fjelde (Øvrebø).  
(Foto tilh. Strand kulturkontor).*



# Redaksjonelt

Med dette vil «FOLK i Ryfylke» ta opp temaet «samvirke». Det er eit interessant tema historisk sett. Men ikkje minst er det eit særskilt aktuelt tema i høve til den framtida vi vil vera med å skapa i regionen Ryfylke.

Det var elles «handelslaget» som var utgangspunktet då redaksjonsrådet drøfta tema for 1992-årboka: Handelslaget som den viktigaste møteplassen for folk i mange lokalsamfunn. Årsmøta til handelslaga som ein viktig arena for det leiande og meir politiske skikket i eit bygdesamfunn, på same måten som det var bygdehøvdingane som sat i representantskapa for lokalbankane. Og handelslaget som gjennom sin sentrale plassering og sin arkitektur syner så godt att i eit lokalsamfunn.

Men også ei anna side ved handelslaga vart sett ord på då redaksjonsrådet drøfta tema: Handelslaga som bygdeskapte samvirke-tiltak. Det er kundane som eig verksemda. Dette gjeld elles ikkje berre handelslaga. Fleire typer samvirke har vorte skapt i – og lokalisert til – små bygdesamfunn.

Tendensen dei siste tiåra har gått i motsatt retning. Ryfylke-bygdene mister i aukande grad styringa med sine eigne tiltak. Byråkratar tek over der medlemmene spelte hovudrolla. Lokalmeieria har vorte nedlagde, handelslaga avvikla eller løyste inn i redningsoperasjonar og styrte frå byen. Bankane har fusjonert til større einingar og vert like eins administrert og leia frå byen. Sårt trengt aktivitet i små samfunn har stoppa opp, arbeidsplassar har gått tapt. Det som var «vårt»

er ikkje «vårt» lenger, slik Njål Tjeltveit formulerer det i ein artikkel i dette nummeret av FOLK i Ryfylke.

Slike tankar gjorde at redaksjonsrådet heller valde å setja søkelyset på det breiare temaet, den større samanhengen handelslaga står i - «SAMVIRKE».

Samvirke er ikkje berre daglegvarebutikkane våre. S-laga tilhører ei grein av samvirke-rørsla som heiter *forbrukarsamvirke*. Like viktig for bygdene våre er *landbruksamvirket*, som enkelt sagt vil seia felleskjøp, meieri, slakteri med meir. Men samvirke er òg ei internasjonal folkeleg rørsle, ein ideologi med element og koplinger av økonomi og solidaritet.

Gjennom artiklar i dette nummeret av «FOLK i Ryfylke» vil vi beskriva og analysera bakgrunnen for, og framvoksteren av samvirke-tanken i Ryfylke og dei konkrete nedslaga og tiltaka dette gav her. Men vi vil òg stilla kritiske spørsmål til utviklinga og til stoda i dag gjennom kortare artiklar og intervju.

Dermed kjem vi rett inn i ein aktuell samfunnsdebatt. Kva for verdiar knytta til samvirke har gått tapt i lokalsamfunna i Ryfylke gjennom sentralisering, stor-drift og større og større avstand mellom eigarane (vanlege folk i eit lokalsamfunn) og administrasjon?

Ein av hovudkonklusjonane vi kan trekka i dette årsskriftet, er at samvirke først og fremst er økonomi, og at det beint fram alltid har vore slik. Ideologien har på mange vis berre vore «nissen på lasset».

Det var utsikter til billigare innkjøp frå år til år som

på 1890-talet fekk Ryfylke-bøndene til å mælda seg inn i lokale landbruksforeiningar tilslutta Landhusholdnings-selskapet, som sto bak fleire typer samvirke-tiltak i Rogaland.

Det var utsikter til nokre øre meir for literen for mjølka som fekk bøndene i Ryfylke på 1970- og -80-talet til å leggja ned lokalmeieriet og heller frakta mjølka til eit sentralt meieri.

På same måten er det utsikter til å tena nokre kroner på tilbod i andre butikkar, gjerne i Stavanger og Haugesund, som gjer at gamle handelslagskundar i Ryfylke på 1970-, -80 og -90-talet let seg freista til å handla andre stader.

Men dermed fører vi òg ut verdiar frå våre eigne lokalsamfunn og vår eigen region.

Stordriftsmodellane som er arbeidd fram i landbruks-samvirket dei siste tiåra har på si side resultert i framandgjering i høve til eit sentralisert, profesjonelt og stort byråkrati. Talet på styremedlemmer blir særslite i høve til medlemmene eller medeigarane i store selskap. Dei tillitsvalde vert gjerne meir ein del av administrasjonen enn representantar for dei som har røysta dei inn.

## INNHALDET

I den første artikkelen i årsskriftet drøftar Ernst Berge Drange føresetnader og dreg dei lange linene bak samvirke-tiltaka i Ryfylke.

Vidare kan vi by på fire oversiktartiklar som går meir direkte inn på ulike former for samvirke-tiltak i regionen. Jon Bergsåker skriv om det gamle meieri-bruket i Ryfylke, etterfylgd av ein mindre artikkel av Njål Tjeltveit som skildrar prosessen bak nedlegginga av Årdal meieri i 1980. I den andre oversiktartikkelen tek Gunnar Roalkvam føre seg forbrukarsamvirke i eit Rogalandssperspektiv, der han òg gjer greie for

## Rochdale-prinsippa

I 1844 skipa 28 fattige veverar i Rochdale, nær Manchester, England, eit kooperativt lag som trass i mange vanskar slo seg gjennom og lukkast.

Når Rochdale-foreininga vert særskilt nemnd i all internasjonal litteratur om kooperasjonen, er det på grunn av mørsterlovene som Rochdale-pionerane laga til etter kvart, lover som vart standard-statuttar for kooperasjonen i Vest-Europa og som framleis er ei rettesnor for forbrukarkooperasjonen.

Historikarane har vore usamde om kor omfattande dei opphavelege Rochdale-lovene var, og i 1930 sette Den internasjonale kooperative alliansen ned ein komité som skulle undersøkja spørsmålet. Komitéen la fram resultatet av arbeidet sitt i 1937, og samanfatta Rochdale-prinsippa i 7 punkter:

- ope og friviljug medlemskap, der kven som vil kan verta medlem
- demokratisk forvaltning og kontroll, der alle medlemmer har same rettar og pliktar anten deira andel i laget sin omsetnad er stor eller liten: «eit medlem, ei stemme»
- deling av utbytte/overskot i høve til den enskilde medlem sin bruk av laget (varekjøp)
- avgrensa rente på innskot; det skulle berre betalast vanleg bankrente for innskotskapital frå medlemmene, om det i det heile vart gjeve rente; dette var for å hindra kapitalsterke folk i å bruka foreiningane som spekulasjonsobjekt
- kontant handel
- politisk og religiøs nøytralitet
- opplysningsverksemd; ein del av netto overskot skulle nyttast til opplysningsverksemd

(Etter Geir Vestheim: «Den første forbrukarkooperasjonen», Syn og Segn 1979).

ideologien bak samvirke. Trygve Brandal skriv om utviklinga av bankstellet i Ryfylke. I ein fjerde oversiktartikkel fokuserer Ernst Berge Drange på systemet med bøndene sitt felleskjøp, som er ein del av landbrukssamvirket.

Dei fylgjande artiklane i årsskriftet går meir direkte inn på ulike sider ved utviklinga innafor samvirke i

Ryfylke fram til i dag, og då særleg forbrukarsamvirke. Det er mindre artiklar som tek opp særskilte problemstillingar, det er intervju og det er miljøskildringar i meir litterær form.

Njål Tjeltveit tek opp spenninga mellom handelslag og privateigde butikkar på stader der det var to butikkar. Tone Årtun analyserer kor vidt kooperasjonstanken var ein del av klassekampen på industristaden Sauda. I det andre store industrisamfunnet i Ryfylke - Jørpeland - har Halvdan Magnus Hansen intervjua ein sentral aktør bak forbruksforeininga der.

Sigrid Bø Grønstad og Asgjerd Taksdal skildrar sine barndoms krumbuer, Sørbø handelslag på Rennesøy og ei privat krambu på Voster i Strand. I dei små grondene dominerte dei private krambuene. Tida er 1950-talet og 1930-talet. Sigrid Bø Grønstad har barne- og jenteliv på handelslaget som sin innfallsvinkel. I ein tredje miljøartikkel gjev Erik Fossåskaret ei samtidsskildring av laurdagen på handelslaget.

Dei siste bidraga til temaet «samvirke» i årsskriftet har form av aktualisering og oppsummering. Vi bringer eit intervju med to landskjende organisasjonsfolk i landbruket, hjelmelandsbuane Sigbjørn Schmidt og Jan Hetland. «God medlemskontakt er fundamentalt i landbrukssamvirket!» er overskrifta og ein konklusjon begge er samde i. Dei er like eins samde om at det framleis ligg utfordringar i samvirke og at det er naudsynt å pussa støvet av dei gamle prinsippa. Likevel er det meir dei er usamde om, mellom anna kor vidt sentraliseringa har svekka regionen. Schmidt meiner at endringane samla har hatt ein plusseffekt. Samanslåinga til meir rasjonelle driftseiningar har gitt sikrare og større inntekter til bøndene. Hetland peikar på det tragiske i at fleire hundre samvirke-arbeidsplassar med basis i Ryfylke-jordbruket ligg i Stavanger og på Nord-Jæren. Medlemmene må ta tilbake makta i

samvirket og handheva og reindyrka dei grunnleggjande idéane.

I den siste artikkelen i årsskriftet får Njål Tjeltveit trekkja konklusjonar. Med døme frå forbrukarsamvirke, meierisamvirke og bank vert konklusjonen enkelt og brutal: «Ut av Ryfylke». Det som var vårt, er ikkje vårt lenger. Regionen Ryfylke vert svekka gjennom sentralisering av bank- og samvirketiltak som opphavleg vart skapt ut frå lokale behov og med lokal styring.

#### «SAMVIRKE», SAMARBEID, SAMHOLD

Redaksjonen for «FOLK i Ryfylke» vil med temaet samvirke ha sagt noko meir enn det som går på økonomi og dei modellane samvirke-rørsla har utvikla gjennom ein hundreårsperiode.

Det viktige spørsmålet er: Korleis kan vi samarbeida til felles beste i den mangfoldige regionen Ryfylke? Og korleis kan vi saman virka til ei god utvikling i dei einskilde bygdesamfunna?

Dette krev gjerne «kreativ nytenkjing», for å bruka språk som ligg i tida. Vi tenkjer på dyktige menn frå byen som til ei kvar tid er klare til å skolera oss på dyre kurs. Men kan hende er dette berre ei moderne og glatt form for «bondefanging». For å koma vidare krev det truleg endå meir at vi klarlegg våre eigne kulturelle føresetnader og våre eigne ressursar.

Kvar går vegen vidare for samvirke lokalt? Ordet kom inn som ei nyskaping kring siste hundreårrskiftet og meinte ein måte å organisera økonomien på slik at utfallet kom einskildmennesket til gode økonomisk, men der fellesskapstanken låg som eit viktig fundament.

Dette årsskriftet har fokusert på korleis samvirkeidéen har gått gjennom ei utvikling som ikkje utan

vidare tener regionen og einskildmennesket til det gode. I tida som har gått, har òg fellesskapstanken/samarbeidstanken i det heile på mange måtar gått tapt kringom i bygdesamfunna våre.

I møte med ei tid med uklare økonomiske teikn, kan det no vera naudsynt å grava djupare og lengre ned i dei kulturelle føresetnadene våre. Vi kan tenkja på granne-samarbeid, bytesarbeid, ulike former for sameige-fellesskap (t.d. i maskinar og utstyr). Dette vil vidare føra til at folk møter kvarandre oftare, både i arbeid og fest. Ðermed er gevinsten ikkje berre økonomisk, men òg sosial.

I debatten både om småsamfunna og om regionen si utvikling vil Ryfylkemuséet vera med å spela ei rolle, vil jamvel vera med og leggja premissar for kva veg diskusjonen skal ta. Vi vil vera med og skapa medvet om felles kultur og felles mål for strevet vårt. På nytt må vi gjerne organisera nedanfrå, vi må ut der folk bur og kartleggja både dei utfordringane og dei ressursane som finst der. Dinest må vi leita etter løysingar i ein heilskap.

## RYFYLKEMUSÉET 1991/1992

Folkemusikkarkivet for Rogaland vart ein fast og integrert del av Ryfylkemuséet pr. 1/1-1992. Forutan å «samla inn» og «ta vare» på er formidling ei særsviktig side ved arkivet. Konservator ved folkemusikkarkivet (ein fylkesdekkjande institusjon knytta til eit regionmuséum) har skrive ein liten artikkel om arkivet.

Det var mange som sakna årsmeldinga i tidsskriftet i fjor, og denne tek vi med til slutt.

Vi vil òg minna om at årsmøtet i 1992 vedtok å auka medlemskontigenten for 1993 frå 85 til 100 kr. Medlemspengane har vore uendra frå 1986. Bakgrunnen er auka kostnader ved trykking av årsskriftet gjen-

## Nokre definisjonar, nemningar:

*forbruksforening* - eldre nemning på forbrukar-samvirke-lag i byar og bymessige strøk eller i bygder der nynorsk ikkje var dominante skriftspråk på den tida foreiningane vart skipa

*handelslag* - (eldre) nemning på forbrukar-samvirke-lag i bygder med nynorsk som skriftspråk

*kooperasjon* - det same som samvirke, sjå nedafor

*kooperativ* - verksemد som er driven i kooperasjon, t.d. forbrukar-samvirke-lag, meieri, felleskjøp, slakteri

*Norges Kooperative Landsforening (NKL)* - skipa i 1906, hovudorganisasjon innafor forbrukarsamvirket, men driv ved sida av den administrative og koordinerande verksemda - ei vidfemnande omsetnings- og fabrikkverksemd (grossistverksemd/vareproduksjon); Rogalands Kooperative Distriktsforening vart oppretta som underavdeling i 1917; NKL etablerte filiallager i Stavanger i 1919

*samvirke* - organisert, økonomisk samarbeid; ei open samanslutning av forbrukarar eller produsentar for å fremja felles økonomiske føremål innanfor avgrensa område; sjå elles rammeoppslag om Rochdale-prinsippa s. 6

*samvirke-lag* (samyrkelag) - *forbrukar-samanslutning* (daglegvarehandel), som regel tilslutta Norges Kooperative Landsforening; i Rogaland vart det vanleg å bruka samvirke-lag på ny-etablerte kooperative foreiningar frå 1930-åra av (i staden for handelslag eller forbruksforening)

*«Økonom»* - «Forbruksforeningen Økonom», forbrukar-samvirke-lag skipa i 1900 av arbeidarar ved Stavanger Støberi og Dok, den eldste forbruksforeininga i Rogaland; i nyare tid har «Samvirkelaget Økonom», med administrasjon på Mariero, Stavanger, overteke mange eldre handelslag/forbruksforeiningar i Ryfylke

nom åra. Vi vonar at medlemmene kjenner dei får noko att både for medlemsskapet og for årsskriftet. I år går det for «gamal» pris.

Redaksjonsrådet for «FOLK i Ryfylke» er no i arbeid på sitt andre år. Det er eit tett og godt samarbeid som ligg bak dette årsskriftet.

Medlemmene av redaksjonsrådet er:  
Erik Fossåskaret, forskar, Rennesøy  
Halvdan Magnus Hansen, kultursjef, Jørpeland  
Njål Tjeltveit, kultursjef, Fister  
Jorun Strand Vestbø, adjunkt, Judaberg  
Tone Årtun, lektor, Sauda

# Samvirke-rørsla i Ryfylke

Føresetnader og framvokster

AV ERNST BERGE DRANGE

---

**Med samvirke ser folk flest føre seg butikken, S-varehuset i stål og betong. Bøndene vil derimot tenkja både innkjøp, produksjon og sal. Dei er gjerne medeigarar i fleire typer landbrukssamvirke som tek seg av slikt.**

**I røynda er det snakk om ein internasjonalt utbreidd økonomisk idé og eit fellesskap som samstundes har sine lokale føresetnader. Denne artikkelen vil ta føre seg den historiske bakgrunnen for samvirke-rørsla i Ryfylke.**

---

«Samvirke» eller «samyrkje» heiter det. Med ein gong kan det høyrast ut som ord med lange røter i norske bygdemål. Ord som skulle visa til at folk arbeidde saman. Tanken om samarbeid vil vi gjerne skal dekkja det beste i norsk kultur.

Det er ikkje eit gammalt ord. «Norsk Ordbog» (Ivar Aasen, 1873) - som byggjer på norske bygdemål - har mange ord og uttrykk med førelekkjen *sam*, positive ordksamsetningar som i dag for ein stor del er gått utav bruk. Men vårt ord står der ikkje.

Då Ivar Aasen gav ut si ordbok på 1870-talet hadde heller ikkje ordet, eller kan hende rettare sagt idéen, vorte ein del av norsk røyndom, sjølv om samvirketanken hadde vunne eit viss omfang.

«Samvirke» var eit «nyord» kring hundreårsskiftet, jamvel om det er kjent døme på bruken av det i litterær form på 1800-talet. Ny-ordet kom inn som eit «norsk» synonym til omgrepet kooperasjon, som lenge

hadde vore nemninga på den nye idéen/tankegangen som hadde fått ei viss utbreiing i andre halvpart av 1800-talet, men som særleg fann si form i første delen av vårt hundreår.

Det var ein økonomisk idé knytta til produksjon og forbruk av varer. Føremålet med samvirke var å fremja einskildpersonar sine interesser som forbrukarar eller som produsentar. Med omsyn til produksjon og sal var tanken at produsentane saman skulle eiga sals- eller vidareforedlings-bedriftene. For innkjøp og forbruk slutta kjøparar seg saman om å eiga sals- og til dels produksjonsbedriftene. Verksemduene skulle ikkje gje profitt til utanforståande kapitaleigarar.

Pengehushaldet og organisasjonssamfunnet, som fekk si utbreiing på 1800-talet, ligg som grunn-føresetnader for at samvirke-tiltak i det heile kunne oppstå. Det vart behov både for vidareforedling og sal av eigne produkt og for organisert innkjøp.

# Forbrukar og landbruksvirke i Rogaland

## 1. Forbrukarsamvirke

Føremålet med forbrukslag var gjennom sams innkjøp å skaffa medlemmene gode og rimelege hushaldsvarer og då særleg matvarer. På bygdene kom forbrukslag/handelslag også til å føra driftsmiddel for jordbruket. I tilknytting til innkjøpsverksemda vart det bygd ut ei utstrakt produksjons- og fabrikkverksemde.

Lokale forbrukarforeiningar voks fram i Rogaland frå kring 1900.

## 2. Sals- og produksjonssamvirke i landbruket

Salssamvirke innafor landbruksvirke har til føremål å tena medlemmene (bøndene) sine produsent-interesser og då særleg når det gjeld omsetning. Omsetningsorganisasjonane er bygde opp på varebasis, d.v.s. det er særskilte lag og organisasjonar for sal og omsetning av ulike produkt og produksjonsmiddel.

### 2.1. Meieri

Mjølkeomsetning og meieri har spela den største rolla innafor sals- og produksjons-samvirket i Rogaland i det heile, avdi mjølka var det viktigaste landbruksproduktet. I Ryfylke fekk mjølkeomsetninga sin eigen organisering i dei einskilde kommunane, som svar på *lokale* behov. Produsentane hadde medlemskap i lokale meierilag, som vidare var organisert i distriktsorganisasjonar og hovud-organisasjonar.

Det lokale meieri-samvirket i Ryfylke voks fram frå 1900 og frametter til ut i mellomkrigstida.

### 2.2. Slakterisamvirke

Når det gjeld slakterisamvirke, har produsentane (bøndene) aldri hatt lokal organisering. Dei står som beinveges medlemmer av større distriktsorganisasjonar. Slakterisamvirket skil seg frå meierisamvirke og innkjøpssamvirke ved at lokale medlemmer alltid har lote forholda seg til større organisasjonar/verksemder vekke frå sitt eige nærmiljø.

Sjå rammeoppslag om slakterisamvirke s.20.

Utsendingane til årsmøtet for Rogaland Fellessalg vart oppnemnde kommunevis, etter talet på medlemmer i kvar kommune. Etter kvart har det vore bondelaga, saman med Fellessalget, som skipar til møte der utsendingane vert valde.

## 2.3. Anna sals- og produksjonssamvirke

Ved sida av slakterisamvirke vart det på 1920-talet skipa fleire samarbeidstiltak for omsetning av landbruksprodukt i Rogaland. Det kom samvirketiltak innafor egg, ull, grønnsaker, frukt og skog. Sjå rammeoppslag s.22.

## 3. Innkjøpssamvirke i landbruket

Innafor systemet av landbruksvirke var det innkjøp av driftsmiddel som først fekk nedslag i Ryfylke. Landbrukslag, som organiserte innkjøpa, hadde ei fagleg tilknytting til Landhusholdningsselskapet (siden Rogalands Landbrukselskap), medan den økonomiske sida av dei, knytta til Rogalands Felleskjøp, gjerne var den viktigaste og den som heldt laga og medlemsaktiviteten oppe gjennom åra. Sjå artikkel om innkjøpslag i Ryfylke, s.66.

### «Paraplyorganisasjon»

«Samskipnaden for samyrke i Rogaland» vart skipa i 1950 for å få til eit organ som kunne samla dei større organisasjonane i fylket til eit nærrare samarbeid om faglege, kulturelle og andre saker av sams interesse. I 1959, då samskipnaden gav ut boka «Forbrukar- og landbruksamyrket. Deira lag og organisasjonar i Rogaland», ved fylkesagronom R. Haukali, hadde samskipnaden 14 organisasjonar tilslutta, mellom dei Rogalands Landbrukselskap sitt samvirkeutval (skipa så tidleg som i 1919). Noko seinare vart namnet endra til «Rogaland Samvirkeråd».

Forbrukar-kooperasjonen gjekk sidan ut av samarbeidet og ei omorganisering i samband med dette 1966/67 ført til ei namnendring i form av «Samarbeidsrådet for landbruksorganisasjonane i Rogaland». Sidan har rådet fungert som eit samarbeidsorgan for dei faglege og økonomiske organisasjonane i landbruket.



Biletet viser fiskarar som dreg inn brisling i Kindingstadvågen på Finnøy. Truleg er det eit notalag frå Kindingstad og tidspunktet er kring 1920.

Skipnaden med gards- og grannelagssamarbeid om notfiske er fleire hundre år gamal. Krinsar av gardar kunne vera organisert i fiskesamlag, ei ordning som leier tanken opp mot samvirke, slik vi kjenner det i nyare tid.

Denne artikkelen vil fokusera på føresetnader for samvirketiltaka i Ryfylke ut over den basisen pengehushaldet og «assosiasjons-ånden» gav, forhold som for den del vil vera dei same i store delar av landet vårt.

Framstillinga byggjer i hovudsak på litteratur om samvirke, både lokalt og på fylkesplan. Artikkelen kan ein lesa både som bakgrunn for oversikts-artiklane om bankverksemd, meieribruk, handelslag og innkjøpslag, delvis som ei utfylling av desse.

Vi kan truleg skilja ut fleire til dels ulike faktorer bak utbreiinga av samvirketankegangen i norske bygder. Her skal vi sjå på 1) kulturelle forhold i det gamle bondesamfunnet, 2) den fagleg/pedagogisk påverknad

den frå landhushaldningsselskapene og 3) produksjonsauke og kommersialisering i landbruket. Som ein fjerde føresetnad skal vi drøfta 4) det ideologiske grunnlaget knytta til kooperasjonsrørsla. I utgangspunktet var dette ei arbeidarrørsle og ikkje ei bonderørsle.

Det er snakk om føresetnader, men òg til dels om ulike utviklingslinjer fram mot det mønsteret av organisasjonar ein fekk noko ut på 1900-talet.

## SAMARBEID OG FELLESSKAP

Samarbeidstanken var ein grunnpilar i det gamle bondesamfunnet. Det var ein kulturell verdi, men samstundes ein verdi med viktige økonomiske føresetnader. Særleg på dei mangebølte gardene var samarbeid ei naudsynt side av den økonomiske tilpassinga. I utmarkene låg grunnen og store delar av ressursgrunnlaget i hopehav og måtte utnyttast i fellesskap. På innlemarka kunne det vera slåtteteigar som dei hausta i fellesskap.

Innkomstdelingar i fangst og fiske hadde trekk som kunne leia tanken mot samvirke, slik vi kjenner det i dag. I boka «Båten og bygda» skriv Jon Bergsåker om korleis krinsar av gardar i Høgsfjord frå gammalt av var organisert i fiskesamlag (Bergsåker 1977 s.32f, sjå òg Bergsåker 1990 s.12).

I ordninga med «belag» hadde samarbeidstanken institusjonalisert seg. Belaget - i bygdemåla i Ryfylke gjerne kalla grannelaget - var den faste krinsen av gardar som innbyrdes inviterte kvarandre til gjestebod ved spesielle høve, til bryllaup og gravferd. Dette var fellesskap i fest, men samstundes i økonomi: ingen gard hadde liggjande nok mat og drikke til å fø ein stor festlyd, ofte over fleire dagar. Grannar og slekt hadde med seg sending eller føring. Det økonomiske systemet knytta til sjølvberginga ligg bak.

Belaget var òg ein dugnadskrins. Dugnaden kom i funksjon i det gamle samfunnet ved arbeid som hadde trong for stort mannskap og som ein samstundes måtte gjera på kort tid. Andre typar grannehjelp vart sett inn ved sjukdom eller dødsfall. Her venta ein ikkje noko att, som ved bytesarbeidet, ein annan type grannehjelp. Då kunne det vera to grannar som gjekk saman i arbeid, først hos den eine, så hos den andre. Eller det kunne vera spesialarbeid som vart gjort opp med anna slags arbeid.

Det var snakk om eit slekts- og grannekollektiv som hadde institusjonalisert seg gjennom hundreåra. Men det var ikkje idyll alle stader til alle tider. På mange gardar var samarbeidsklimaet vanskeleg, noko som kunne gå att i generasjon etter generasjon.

Gjennom det såkalla «hamskiftet» i jordbruket vart det gamle hevdunne fellesskapet i arbeid og fest mykje godt avløyst av ein individualiserande tendens. Utskiftingane på dei mangebølte gardane førte til at kvar bonde fekk sine ressursar utskifta for seg. Det daglege sambruket og fellesskapet fall i stor grad vekk.

Men det skjedde ikkje brått. Og det som hadde vore, det låg der - ein kulturell understraum som ein kunne byggja vidare på, også inn i eit økonomisk samvirke.

## LANDHUSHOLDNINGSSSELSKAPET

Tanken om at det var mogeleg å forvalta ressursane i landbruket på ein betre måte, går attende til opplysingstida. Dei amtsvise landhusholdningsselskapa - knytta til Selskapet for Norges Vel - vart skipa i andre halvpart av 1700-talet. Frå desse går der ei line over landbruksseksjonen fram til dei noverande fylkeslandbrukskontora. Stavanger Amts Landhusholdningsselskap vart skipa i 1776.



Dugnaden kom i funksjon i det gamle samfunnet ved arbeid som hadde trong for stort mannskap, og som samstundes måtte gjerast unna på kort tid. Reising av grindar i samband med bygging av større grindabygde hus, til dømes lœbygningar, var eit arbeid som kravde stor innsats. Dette biletet viser ein dugnadsgjeng på lœbygging i nyare tid, nemleg på Austre Bjerga i Sjernarøy i 1958.

Frå venstre: Sigurd Kvlland, vidare kjem tre ukjende, Jostein Hidle, Johannes Furre, Magnus Aartun, Audstein Nesheim og Johan Havn.

Landhusholdningsselskapa premierte einskildtiltak som kunne fremja utviklinga av landbruket. Det kunne vera nydyrkning, ny reiskapsbruk, kjøkken- og frukt-hagar, potetavl, husbyggjing, husflid m.m. Seinare - i andre halvpart av 1800-talet - vart det teke i bruk andre arbeidsmetodar som føredrag, ordskifte og fesjå.

Arbeidet med å betra landhusholdninga var i alle høve i gang lenge før pengehushaldet verkeleg fekk omfang. Men det var knytta til spesielt interesserte, særleg prestar og andre embetsmenn. Det var ikkje noka masserørsle. Det skulle det heller ikkje verta før på 1900-talet.

Dei eldste, varsame spora etter ein samvirketankegang i Rogaland finn ein knytta til Stavanger Amts



Tresking med maskin var ein ny arbeidsprosess som kom med utbreiinga av denne nye teknologien i dei siste tiåra av førre hundreåret. Dei eldste maskinane var tunge i drift, med opp mot 4 mann å halda i gong («å snu»). I tillegg kom dei som skulle mata og halda unna. Sidan kom det lettare maskinar på marknaden og dei mest avanserte fekk seg motorar ut i mellomkrigsåra. Likevel var det eit arbeid som hadde trøng for stort mannskap. Treskinga var lenge basert på bytesarbeid, som var ei form for samarbeid som var mykje eldre enn treskemaskinane. Her er det folk i Førlandskrinsen på Vasshus i Suldal som treskar i november 1928. Folkene som er med på biletet, er frå venstre: Marthe Førland, Ola R. Førland, Olav T. Førland og Severin Førland.

Landhusholdningsselskap, særleg etter selskapet si oppatnyng i 1829. I den første arbeidsplanen for dette nye selskapet (1830) er det til dømes nemnt innkjøp av grasfrø «af bedste og tienligste Slags Foder-Uter og utsælge samme for en nedsat Betaling» (Hognestad 1926 s.140). Selskapet ville òg stå for innkjøp av krutt (til jorddyrkingsføremål), og jern og stål til mineboltar og jernstaurar. Tanken var altså å kjøpa inn varer i stort, som medlemmene i sin tur fekk kjøpa for fabrikkpris eller til nedsett pris etter tilskot frå Landhusholdningsselskapet.

## Sand landboforening 1899-1903

Som eit døme på verksemda i eit lokallag i ein tidleg fase kan nemnast landbruksforeininga på Sand.

«Landboforening» i Sand sokn vart skipa nyttårsdag 1899, «etter kunngjering fraa kyrkjebakken», som det heiter i «sakboka» til laget. 15 personar meldte seg som medlemmer, etter at Eirik J. Eide hatt hatt ein særskilt vervingsaksjon på Hylsstranda. Nemninga landboforeining må ha bakgrunn i ei eldre og innsovna foreining på Sand under Landhusholdningsselskapet, og alt året etter vart nemninga landbruksforeining teke i bruk, i tråd med nemningsbruken elles i fylket.

Føremålet til landbruksforeininga på Sand går fram av paragraf 1 i lovene: «Foreininga sitt fyremaal er aa fremja landbruke med innkommer paa sida i sokni gjennom kjøp isaman av avlsdyr, gjødning, kraftfoder, planter, fræ m.v., og i fyredrag, ordskifte o.s.b. gjera den rettleiing og vyrnad for bondestulle, det som lande(t) si viktigaste næringsveg forteinar». Innkjøp vart altså ført opp først som føremål med foreininga, venteleg som det viktigaste. Fagleg arbeid kom først i andre rekke, med fyredrag og rettleiing. Men også dei nasjonale linene vart dregne opp. På det første ordinære møtet framsette Eirik Eide forslag om «aa kjøpa isaman ljaar til slotten». Same karen var elles formann i laget og heldt eit fyredrag om «jordepleraat og botemidlerne i mot dette». I årsmeldinga for Sands Landbruksforeining 1900 vart nemnt innkjøp av 14 sekker tomasfosfat og 8 sekker superfosfat. Sands Landbruksforeining vart oppløyst i april 1903, utan at bakgrunnen for dette går fram av saksboka. Men det går fram at Eirik Eide må ha spela ei hovudrolle, og han sa frå seg formannsvervet året før. Eirik J. Eide var ein ung mann på 22 år i 1899, og hadde nyleg kome heim frå Voss Landbruksskule. Han nyttet nynorsk i protokollen og var nok fengen av dei mange nasjonale idéørslene som låg i tida. Samvirke-tankegangen torer ha vore ein del av dette. Det vart freista med ny foreining i 1916, Sandsbygdens landbruksforening, men denne levde heller ikkje mange ára.

Føremålet var idéelt, men verksemda drive etter forretningsprinsipp. Kruttalet var den første spira til felleskjøp og samvirke i Rogaland.

## Sokneselskapa

I Ryfylke var det fleire underavdelingar av Landhusholdningsselskapet, såkalla Sogneselskab. Hjelmeland Sogneselskap (i funksjon 1830-41) var nokre år det største i amtet, med over 100 medlemmer (med Årdal og Fister). Det vart tinga uvanleg mange plogar, horvar og andre då særslig moderne reiskapar i Hjelmeland gjennom Landhusholdningsselskapet dette tiåret. Og medlemmene fekk skaffa seg krutt og jern (til minebollar).

Findø Sogneselskab var også i funksjon ein 10-årsperiode før det døydde ut. Sokneprest Gabriel Kieland var formann og det vart kjøpt inn reiskaper, krutt, timoteifrø o.a. Også i Jelsa (med Sand) var det ei underavdeling av Landhusholdningsselskapet nokre få år, like eins i Suldal (med Sauda og Røldal).

Sokneselskapa gjekk inn på 1840-talet og det kom ei tid utan organisering på lokalplanet. Landhusholdningsselskapet sentralt gjekk gjennom ei krise og vart oppløyst i 1846. Først i 1849 vart det nyskipa att.

Det skal ha vore innkjøpa som først og fremst heldt underavdelingane i live og knytta dei til hovudselskapet. Somme sa at leveringa av minekrutt for billeg pris var det einaste som heldt sokneselskapa oppe.

## Landboforeiningane

Noko seinare freista Landhusholdningsselskapet å skipa til underavdelingar att, såkalla landboforeiningar eller landbruksforeiningar. Igjen var innkjøp viktige. Det vart freista med eit lite felleskjøp av grasfrø. Eit rundskriv av 1867 fortel at Landhusholdningsselskapet alt då var inne på hovudprinsippet for felleskjøp.

Ved å gå utanom mellomhandlarar, skulle det skaffast gode og pålitelege varer til billege prisar. Og det var berre foreiningane som kunne få del i innkjøpa, for sine medlemmer. I 1867 var det 9 landboforeiningar i gong. Ein av dei var i Ryfylke, i Hjelmeland (i alle høve 1864-78). Men av sakboka til landboforeininga på Sand, då ho vart skipa i 1899, går det fram at det hadde vore eit landbolag også der tidlegare.


Det lokale foreningslivet viste seg igjen å vera vanskeleg å halda opp, trass i felleskjøpet av grasfrø, «og so hadde dei ikkje anna enn det faglege opplysningsarbeid å verka med», heiter det i Eivind Hognestad sitt 150-årsskrift for Rogaland Landbruksselskap, tidlegare Stavanger Amts Landhusholdningsselskap (Hognestad 1926 s.240).

## Landbruksforeiningar - innkjøpslag

Bøndene var vanskelege å få i tale berre med opplysningsarbeid og idéelle vinklingar på «landhusholdinga». Men kunne dei sjå økonomiske føremoner i organisering, var dei med. På 1890-talet fekk eldsjeleane i Landhusholdningsselskapet dette stadfesta på nytt. På årsmøte i 1891 vart det nemleg teke til orde for at selskapet burde friska opp att skipinga av landboforeiningar kombinert med felleskjøp (gjødsel og kraftfør). Etter dette kom det ei vending til det betre «og ein kan visst ikkje koma i frå at det mykje var felleskjøpi som drog» (Hognestad 1926 s.241).

I drøftinga om felleskjøp kom det fram at det særlig i Ryfylke og Dalane ville vera ein fordel om landboforeiningane slo seg saman om innkjøp av større vareparti gjennom Landhusholdningsselskapet. På Jæren var handelen med kraftfør og kunstgjødsel meir utvikla.

Det viste seg vanskeleg å organisera innkjøpa gjen-



Prospektkort frå Hjelmeland med meieriet i forgrunnen, eit nybygg som vart reist i 1905, ikkje mange åra før dette biletet vart teke. Meieribygningen vart øydelagd av storflaumen i Hjelmelandsvågen seinhaustes 1940. Frå då av vart mjølka sendt til Årdal. Til høgre i biletet viser spinneribygningen. Det høge huset med to høgder er gjestgiveriet, også kalla «hotelle».

nom dei planane Landhusholdningsselskapet la opp til. Selskapet synte lite grunnleggjande interesse for tiltaket. Og i 1893 vart Stavanger Amts Landbruksforening skipa som ein meir privat fellesorganisasjon for landbruksforeiningane om felleskjøp. Denne fekk etter kvart eit aukande medlemsskap av lokale foreiningar. I 1899 vart denne amts-landbruksforeininga oppløyst og Landhusholdningsselskapet overtok felleskjøpet. Same året vart nye lover for Landhusholdningsselskapet vedtekne, lover som gjorde val av styre demokratisk. Tidleg hadde mellom anna amtmannen vore sjølvskriven formann i selskapet. Lokalforeiningane knytta til land-

bruksforeininga fylgte med inn i Landhusholdnings-selskapet, og talet på lokalforeiningar auka jamt vidare. I 1919 fekk felleskjøpet eige styre og det skifta namn til Rogaland Felleskjøp.

Også spørsmål knytta til *omsetning* av landbruksvarer vart tidleg drøfta i Landhusholdningsselskapet. Men først i 1912 vart det gjort vedtak i styremøte om å oppretta eit fellessal under Landhusholdningsselskapet, «en kommissonsforetning for omsætning av landmåndsprudukter». Denne skulle sortera under Landhusholdningsselskapet på same måten som felleskjøpet.

I 1926 var det 106 landbrukslag knytta til Rogaland Landbrukselskap (Hognestad 1926 s.244-45). Dei fleste dreiv både med fagleg arbeid og var med i felleskjøpet. I mange lag var nok det siste viktigaste grunnen til medlemskapet. Dei mange rundskriva som vart sende rundt med oppmoding om fagleg verksemd i vinterhalvåret med föredrag, ordskifte, festar og anna, vart dei fleste stadene i beste fall arkiverte. Det var mange smålag som først og fremst dreiv som vanlege kjøpelag. Dei større laga var heller ikkje alle like aktive i det faglege opplysningsarbeidet.

«Men um det såleis er mykje som vantar, hev lag likevel vore til stor nytte når det galdt å få til dei ymse naudsynte ser-lag, både for samvirke o.a. Ved skiping av «Rogaland fellessalg for dyr» i 1921 og «Rogalands eggcentral» med egglag i 1923 gjorde landbrukslagi - også dei små - eit godt arbeid; ja utan deira verdfulle hjelp vilde det ha vore sers vanskeleg å skipa desse store samvirke-samanslutningane», heiter det hos Hognestad (1926 s.242f).

### Planmessig samvirkearbeid

I 1919, same året Landhusholdningsselskapet endra namn til Rogalands Landbrukselskap, vart det skipa til eit samvirkekurs i Stavanger, kosta av Landbrukselskapet og av Selskapet for Norges Vel. Dei mange nye samvirketiltaka i fylket hadde trong for rettleiing, særleg med skiping av nye lag, men elles i det heile korleis samvirkesaka skulle drivast fram på beste måten. Kurset førte til opprettning av eit samvirkeutval for Rogaland. Om arbeidet til Samvirkeutvalet skulle føra til nye samvirketiltak, var tanken at desse skulle stå på eigne bein og ikkje vera underavdelingar av Landbrukselskapet.

Med Samvirkeutvalet gjekk Landbrukselskapet



*Heiabruket var viktig i det gamle februar i indre Ryfylke. Til langt fram mot moderne tid hausta dei uteslåtter langt til fjells og dei heldt lenge oppe systemet med stølsbruk. Dette biletet viser sandskuring av mjølkekoller på Nyastøl under Bråtvæit. Tidspunktet er 1938 og kvinnen på biletet er Magnhild Berge Bakka, som stølte hos Jacob Bakka, Bråtvæit. Han åtte stølen i framgrunnen.*

direkte inn i problematikken knytta til samvirke, etter at saka tidlegare på eit vis mest hadde vore ein metode for å knytta til seg bøndene i arbeidet med fagleg opplysning og rettleiing i landbruksspørsmål generelt.

### PRODUKSJONSAUKE OG KOMMERSIALISERING

Natural- og sjølvbergingshushaldet vart med aukande styrke avløyst av pengehushald og salsjordbruk utetter 1800-talet, særleg frå andre halvpart av hundreåret. Bonden vart forretningsmann. Han vart fagmann og han vart forbrukar både av nye varer og nye produksjonsmiddel.

Reine jordbruksprodukt kom meir og meir i fokus for interessa til bonden. Tidlegare hadde garden vore meir som ein base for ulike typer næringsdrift. Større fagleg satsing gav no med auka styrke behov for nye driftsmiddel og varer, og det gav behov for organisert omsetning og sal av ein veksande landbruksproduksjon. Samvirke skulle verta eit svar på desse utfordringane.

Kva for nærings-økonomiske endringar var det som fann stad i Ryfylke i andre halvpart av 1800-talet. Og kva hadde det å sei til utbreiinga av samvirketankegangen her?

### Åkerbruk, februk, skogbruk og fiske, næringsmønster i Ryfylke i andre halvpart av 1800-talet

Dei to grunnleggande næringsgreinene i Ryfylke var åkerbruk og fedrift, med hovudvekt på det siste i indre Ryfylke. I øyane produserte dei derimot i siste halvpart av 1800-talet eit overskot av potet, somme stader jamvel eit visst overskot av havrekorn. Elles var det årdølene som i eldre tid var rekna for dei beste jordbrukarane i Ryfylke. I somme herad var skogbruket viktigare enn andre stader, til dømes i Jelsa, i Sand og i Suldal. Øy-Ryfylke var for storstedelen skoglaus, medan det frå Sjernarøy, Fister, Årdal, Hjelmeland, Strand og Forsand kunne seljast noko ved, særleg bjørkeved. I heile Ryfylke gav vårsildfiskeriet naudsynte kontantar, fram til dette fisket i hovudsak tok slutt på 1870-talet. Sommarfiske og heimefiske vart drive i vekslande omfang. Frå Rennesøy heitte det at dei fleste gardbrukarane kjøpte fisk til hus-haldet, venteleg avdi nære grannar hadde lettare tilgang til fiskeri. I dette distriktet budde det mange strandsitjarar som i hovudsak levde av fiske (Kvitsøy, Klosterøy, Åmøy og Bru). I Strand hadde brislingfisket eit visst

omfang. Elles var det frukt- og bærdyrking somme stader i regionen, med sal til Stavanger. I Sjernarøyane var hønseavl vanleg. I somme herad var båtbyggjing viktigare enn andre stader (t.d. Forsand), eller dei dreiv forskjellig handverk (t.d. bøkring) og husflid, var sysselsette med sagbruk eller førtre mindre jaktefartøy i fraktarfart. Sand hadde ein del skipsfart. På Tau og Jørpeland vart det sett igang nokre mindre industrianlegg i andre halvpart av 1800-talet. Liknande tiltak fann stad i mindre omfang også andre stader, til dømes møllebruk. Det er tredje fjerdepart av 1800-talet som her er skildra med omsyn til næringslivet i Ryfylke og kjelda er Boye Strøm si topografisk-statistiske skildring av Stavanger amt i serien «Norges Land og Folk» (Strøm 1888).

### Ryfylkejordbruket i framgang

Skildringa av Stavanger Amt i 1888 fortel elles om eit Ryfylke-jordbruk i svak framgang fleire stader. Det heitte til dømes frå Fister at åkerbruket hadde kome langt fram «og er i en stor del af herredet i rask fremgang». I Jelsa var det framgang å spora med omsyn til kvegavl, medan jordbruket generelt sto tilbake. «Vistnok er der endel gaardbrugere, som udmerker sig ved rationel gaardsdrift og godt kreaturstel, men dette er kun undtagelser».

På Ryfylke-øyane hadde framgangen kome lengst i 1888, i Finnøy, Rennesøy og Mosterøy. Ved sida av Rennesøy var åkerbruket drive lengst på Finnøy. Det var «bragt til en forholdsvis stor høide, især på hovedøen, hvor veksling mellom ager og eng nu er temmelig almindelig, medens Fogn staar noget mere tilbage». No hadde øya-buen i lengre tid stått framfor dei andre i Ryfylke med omsyn til åkerbruket, men i tillegg hadde Finnøy- og Rennesøybuen gjort store framskritt innafor kveghaldet den siste tida.

Kvífor byrja folk i Ryfylke å interessera seg for gardane i slutten av førre hundreåret? For Strand kan Jan Alsvik peika på at «fiskarbonden» vart meir eller mindre tvungen til å henta ein større del av inntekta frå garden etter at dei årvisse, rike sildefiska ute med havet var i ferd med å ta slutt tidleg på 1870-talet (Alsvik 1991 s.47). Liknande forhold har nok spela inn fleire stader. Frå lengst inne i fjordane er det kjent at også Saudabuen i stor grad deltok i fisket ute ved Karmøy. I 1868 var 67,2 % av alle menn mellom 15 og 60 år i Sauda på sildefiskeri (Bergsåker 1990 s.14). Frå Rennesøy og Finnøy (og Karmøy) noterer Boye Strøm at landbruket «har taget et kraftigt opsving, navnlig etter vaarsildfiskets ophør» (Strøm 1888 s.38).

Tida då vårsildfisket tok slutt fall elles saman med at nye idéar i jordbruksproduksjonen og nye teknologier for alvor var i ferd med å få innpass i breiare massar i folket. Det opna seg utvegar for nye utkomer. Fisket hadde gjeve kontantar, som var sårt trengte også i naturalhushaldet. No vart dei medvitne om at jordbruksproduksjonen òg kunne gje kontante inntekter i større grad enn før, ved at ein auka produksjonen.

Men det fordra at ein tok i bruk fagkunnskapane, kunnskapar ein hadde fått gjennom rettleiingar frå Landshusholdningsselskapet og meir spesielt gjennom landbrukskulane. Det fordra oppdyrkning og grøfting av naturmarka dei hadde hausta gjennom hundreår etter hundreår. Det var behov for betre gjødsling, nye grassortar, betre føring og betre husdyrstilling generelt. Og framgang fordra utskifting av vanskelege eigedomstilhøve og hopehav.

Det jordbruksinteresserte hadde ivra for like sidan opplysningstida, såg no ut til å verta røyndom. Det såg «endeleg» ut til at bøndene skulle byrja interessera seg for å utvikla gardsdrifta.



Mange gardar nådde ikkje i å levera mjølk til meieri før langt opp mot vår tid. Lenge både kina dei smør og ysta ost kringom på gardane. Dette biletet viser smørkinning på Segadal i Jøsenfjord i 1921, ein gard som framleis er veglaus og frå i år av ser ut til å verta avfolka.

Marta Segadal snur på kinna. Vidare kjem Ola Segadal, Kari Eskeland held Jakob Segadal på fanget (som ser oppi kinna), vidare Martha og Astrid Eiane (fostra opp på Segadal).

### Produksjonsauke og salsjordbruk

Ryfylke-bonden hadde fleire typer landbruksprodukt å selja i 1888. Smør og slakteveg var viktige produkt i heile regionen. I Sauda, Suldal og Sand var det ikkje mindre enn eit monaleg overskot av februket: smør, ost og slaktedyr. Slaktedyra var både storfe og småfe - i Forsand, Jelsa og Mosterøy særleg det siste. Finnøy og Rennesøy hadde potet for sal, Rennesøy like eins havrekorn. Frå gammalt av hausta dei overskot av havre i Rennesøy. Kornet vart seld til kjøpmenn i byen og dels heime. Og frå Indre Ryfylke kom det båtar og kjøpte korn både til mat og såd, ofte i bytte med ved

## Slakterisamvirke - Rogaland Fellessalg

Salet av slakte- og livdyr vart lenge formidla av omreisande krøtterhandlarar, men frå slutten av 1800-talet fekk kystbåt-trafikken ein del å sei. Dette fall saman med eit aukande overskot i februar. Frå store delar av Rogaland føregjekk då nedslaktinga i Stavanger, før kjøtet vart eksportert austetter, like til Oslo. Dette systemet var på sitt høgdepunkt kring 1900-1910.

Omsetningsmåtane, gjennom mellommenn, tente likevel ikkje produsentane sine behov. I den store trafikken, særleg om haustane, kunne det oppstå omsetningsvanskar, noko som i sin tur kunne føra til reine prissamanbrot. Og her sto den einskilde bonden makteslaus, utan makt og utvegar i eit spel om sine eigne økonomiske interesser.

Det vart gjort opptak til eit *samvirke-fellessal* under Landhusholdningsselskapet i 1912, eit kommisjonstiltak som var tenkt å skulle sortera under selskapet på same måten som felleskjøpet (sjå s.16). Straks vart det oppretta ei salsavdeling for levande storfe, sau og slaktehestar, sidan òg ei produktavdeling for smør, ost, egg, fjærkre, vilt, kjøt, flesk, bær, frukt, grønnsaker etc. Omsetninga auka mykje og fellessalet viste seg å ha si oppgåve å fylla, men driftsutgiftene var store og det kom fleire problem med drifta, slik at Landhusholdningsselskapet sitt fellessal vart nedlagt kring 1920.

I 1921 gjekk det i staden ut innbyding frå styret i fellessalget, frå samvirkeutvalet i Landhusholdningsselskapet og frå fylkesgronomen til bøndene i fylket om å teikna seg som medlemmer av eit fellessal for dyr tufta på samvirkeprinsippet med leveringsplikt. «Rogaland fellessalg for dyr» vart dermed skipa i 1921. På kort tid kom Fellessalget opp i kring 2000 medlemmer. I representantska-

pet vart det frå Ryfylke valt inn folk frå Hjelmeland, Strand og Mosterøy.

Verksemda til Rogaland Fellessalg var samla i Stavanger i ti år, med leveringsplikt på Stavangermarknaden. I 1932 vart verksemda utvida til Sandnes, med slakteri der. På 1930-talet dreiv Rogaland Fellessalg med haustlakting somme stader ute i distrikta, også i Ryfylke. Lokale, private slaktarar tok elles unna det meste av slaktebehovet her, langt fram mot vår tid. Både i Sauda og på Sande var det private slakteri. Det første året Fellessalget kunne gje etterbetaling til medlemmene for slakt, var i 1936.

I 1947 fekk Rogaland Fellessalg ei avdeling i Haugesund. Nord i Ryfylke hadde Fellessalget slakteri i Sauda frå august 1960 til ut 1973. Kommunen bygde og åtte slakterianlegget. Så vart Vest-Ro etablert pr. 1/1-1973 som eit fellestiltak mellom Vestlandske Salslag og Rogaland Fellessalg. Første året føregjekk slaktinga på Vestlandske Salslag sitt anlegg i Ølen, medan det nye anlegget på Sandeid vart teke i bruk i august 1974. Fatland, eit privat slakteri i Sandeid, overtok Vestlandske sin tomt i Ølen og flytta dit. Samvirketiltaket Vest-Ro tek det meste av slaktet i nordre delen av Ryfylke. Ryfylke sør for Jøsenfjorden og øyane leverar slakt til Agro på Forus.

Rogaland Fellessalg og Agder Samslakteri vart slått saman til Agro Fellesslakteri i 1979 ut frå tanken om «samarbeid, fellesskap og betre utnytting av ressursane», som det heiter i tiårsbetreringa for Agro 1988. Ei samanslåing til større einingar låg i tida. Agro er ein av 9 distriktsorganisasjoner i slakterisamvirket, sentralt tilslutta Norsk Kjøttsamvirke.

(Rennesøy 1938 s.218). Omrekna i «byggverdi» pr. 1000 innbyggjar låg Finnøy og (gamle) Rennesøy godt over gjennomsnittet for utsåd av korn og potet i Ryfylke i 1875, og kunne samanliknast med tilhøva i Jæren og Dalane (Strøm 1888 s.42). Frå Rennesøy og Mosterøy vart det elles selt ikkje lite sur mjølk, til Stavanger og like til Bergen.

Salet av landbruksprodukt gjekk frå gammalt av føre seg gjennom profesjonelle fedrivarar (både lokale folk,

folk frå Hardanger og austmenn) og på marknader, der bøndene møtte opp manjamnt. Det var marknader i Stavanger som frå gamalt av var dei viktigaste avsetningsstadene for avdrått av krøtterbruket i Rogaland, med vårfrumessmarknad, jonsokmarknad og haustmarknad. Men for dei nærmaste distrikta til Stavanger vart handelssambandet halde ope og meir ved lag også i tida mellom marknadene (Bergsåker 1961a s.9). Folk i dei indre Ryfylkebygdene hadde lang sjøveg til byen.

Bøndene i Sand, Jelsa, Suldal, så vel som Sauda og Hjelmeland, hadde ikkje lite innkome av skogbruket, med sal til byane og til ytre, meir og mindre skoglause herad. Det var både ved, stav, tømmer, bark og andre skogprodukt. Ute i Ryfylke selde dei ved til Stavanger.

Det er klart at den positive utviklinga i Ryfylke-jordbruksproduksjonen på 1880-talet heldt fram utetter mot 1900. Det var særleg februar som vart utvikla, og etter kvart kravde arbeidet med sal og formidling av ein veksande landbruksproduksjon ei betre organisering.

Fra kring 1900 heiter det i soga om Vestlandske mjølkesentral gjennom 25 år (Lofthus 1956): «Der er mange døme på at sume bygder, som tidlegare hadde lege etter på ymis vis, vakna opp til større verksemeld og større pågangsmot i alt yrkesliv. Og først og fremst var det ein tydeleg optimisme innanfor jordbruksproduksjonen vart større år for år, og der kom noko meir pengar imellom folk, så det såg ut til at det etter kvart vart noko lettare økonomiske vilkår i desse bygder».

## Samvirke-organisering

Behovet for sal og kjøp kom ikkje hos så mange at det gav seg utslag i levedyktige samvirkeorganisasjonar før godt ut på 1900-talet.

«Bøndene i Rogaland kom nokso tidleg med i samvirkearbeidet; men det er fyrst i den seinare tid at det hev skote nokon større fart. Det vantar likevel enno mykje på at rette samvirkeåndi hev vunne igjenom etter sin grunntanke og prinsipp slik som ho kunde og burde», heiter det i Landbruksseksjonen sitt 150-årschrift, altså så seint som i 1926 (Hognestad 1926 s.282).

Embedsmennene hadde i si tid klaga mykje over at vestlands-bonden i staden for å bry seg om jorda, heller reiste på fiske. Det er same klaginga som går att i sitatet ovanfor, om enn i fordekt form. Bøndene let seg ikkje overtala av idéelle og faglege synsmåtar. Dei var pragmatikarar, og med omsyn til samvirke-organisering føretok dei like lite idéelle val då som seinare.

Augen i mjølkeproduksjonen førte til leveringsbehov for mjølk. Dette var bakgrunnen for dei mange lokale meieria kringom i landet vårt frå så tidleg som på 1870-talet, den første verkelege bølgja av samvirketiltak i landbruksproduksjonen. Men denne bølgja fekk lite nedslag i Ryfylke. I Årdal drøfta dei meieri i 1871. Det var amtsagronom John Torkildsen som tok opp sakana på eit landbruksmøte der. Årdal hadde mange strategiske fordelar, og det var nok ikkje tilfeldig at han valde denne staden når meierisaka skulle lanserast i Rogaland (Torkildsen 1964 s.125ff). Det vart likevel ikkje noko utav dette tiltaket.

I Rennesøy vart det i 1878 danna eit lag for omsetning av surmjølk i Bergen, det første «samvirkelaget» i Rennesøy prestegjeld. Surmjølka vart karakterisert som det viktigaste salsproduktet frå krøtterbruksproduksjonen i Rennesøy, medan dei på Mosterøy også var med i sør-mjølksalet i Stavanger (Bergsaker 1961 s.115f). Fleire av dei tidlege meieritiltaka fall elles bort. 1890-talet vart ei tid med låge prisar og därleg avsetnad på landbruksvarer. Og mange stader kunne den auka mjølkeproduksjonen seljast til jordlaust folk i nærmiljøet, til folk på strandstadene, til landliggjarar og til folk syselsette i byrjande industriføretak.

Som Jon Bergsåker skriv i denne årboka, i artikkelen «Meieri i Ryfylke», kom det ei ny og varig meieribølgje etter 1900. Mellom 1900 og 1910 vart det etablert meieri på Rennesøy, i Årdal, Hjelmeland, Sand og Finnøy.

## Sals- og produksjonssamvirke for egg, ull, grønsaker, frukt og skog

Rogaland hadde landets største hønsehald, og Rogalands Eggcentral kom så tidleg som i 1923, med marknadsregulering som føremål og med lokale eggslag eller mottakerstasjoner ute i distriktet. Rogaland Eggslag vart skipa så tidleg som 1896 (under namn av Jærens Hønseavlsforening).

Rogalands Ullvarelag vart skipa i 1920, som eit samvirke-tiltak for omsetning av ull og som svar på synkande prisar. Innafor hagebruket kom det to sjølvstendige og til dels konkurrerande samvirkeorganisasjonar. Jåtun Fellessalg vart skipa alt i 1915. I 1939 kom Gartnerhallen med avdeling i Stavanger.

Fra Ryfylke har det vore selt frukt frå gammalt av, noko som har hatt ikkje lite å seia for økonomien i mange herad, særleg i Hjelmeland, Fister, Årdal, Strand, Finnøy, Nedstrand, Jelsa og Sand. Samvirketaket Ryfylke Frukttag vart skipa så tidleg som i 1918 av frukttdyrkarar i Rogaland, for å ta seg av omsetning av frukt og bær, og med adresse Hjelmeland. Laget var eit svar på ytterst vanskelege omsetningsvilkår for frukt. Ryfylke Frukttag vart reorganisert i 1940. Kring 1960 samarbeidde frukttaget med Gartnerhallen om omsetning av varer.

Rogaland Skogsamlag vart skipa på Jelsa i 1940, etter at tanken om meir planmessig omsetning av tømmer og ved hadde vore på tale lenge, særleg i vår då prisar og omsetningsvilkår var alt for mykje utafor normalt. Til stades på skipingsmøtet var skogeigarar frå Jelsa, Fister, Imsland, Nedstrand, Sauda, Skjold, Lund, Klepp og Hetland. Ryfylke hadde den beste skogen i fylket og skogeigarar her var naturleg nok godt representert. Av 14 tilslutta skogeigarlag i 1965 var 10 i (gamle) Ryfylke. Namnet vart endra i 1981 til Rogaland Skogeigarlag.

Som for slakterisamvirket står produsentane bak eggsamvirke og gartnerisamvirke som beinveges medlemmer av dei større distriktsorganisasjonane. Skogeigarsamvirket er derimot, som meierisamvirka, bygde på lokallag, distriktsorganisasjonar og hovudorganisasjonar.

Ryfylke hadde elles ein marknad for konsum-mjølk knytta til industristadene og til strandstadbusetnad. Strand var ein kommune der det aldri kom eige meieri. I Sauda - like eins som Strand ein industristad - vart meieriet skipa først i 1932. I gamle Suldal kommune var det aldri aktuelt å skipa meieri, skriv bygdebokførfattaren Hoftun (Hoftun 1981, s.359). Bakgrunnen var dei lange avstandane og dei mange veglause gardane. Frå 1935 kom det i stand ein avtale med Sand Meieri om mottak av salta fløyte frå produsentane i nedre Suldal. Elles tok handelslaga på Osen og Nes imot smøret dei kidna heime. I 1936 skipa bøndene i Øvre Suldal eit eige smørlag, ved ein komite oppnemnd på årsmøte i Nesflaten Handelslag. Først etter krigen vart det oppretta mjølkerute til Sand.

Ovanfor er skildra den rolla *Landhusholdningsselskapet* spela i soga til felleskjøpa. Resultat kom næraast som ein tilleggs-effekt av det arbeidet Landhusholdningsselskapet helst ville definera som viktig. Den aukande kommersialiseringa i landbruket skulle gje felleskjøp-rørsla eigne bein å stå på frametter vårt hundreår, like eins som det organiserte apparatet knytta til foredling og sal av landbruksprodukt etter kvart festna seg.

Det som sto att var arbeidet for pris- og marknadsregulering.

### Marknadskontroll

Mjølka var hovudproduktet i det norske landbruket kring 1930. Omlag halvparten av mjølkeprodusentane selde mjølk utanfor garden, bortimot 1/2-part av desse leverte til meieria. Mjølkesalet var hovudsambandet deira med pengesamfunnet (Furre 1971).

Men prisane på mjølk og mjølkeprodukt fall mykje etter første verdskrigen, særleg på slutten av 1920-

talet. Inntekts-utviklinga var verre i jordbrukssektoren enn i andre næringar og mange gardar utvida naturalhushaldet (Furre 1972 s.140f).

I hovudfagsoppgåva si «Mjølk, bønder og tingmenn» har Berge Furre teke føre seg korleis det på kort tid kring 1930 vart bygd opp nye landsomfattande omsetningsorganisasjonar som samla produsentar av mjølk, kjøt, flesk, egg og andre jordbruksvarer. Det vart etablert landsdelsdekkjande sentralar, som produsentane åtte som samvirketiltak. Sentralane kom til å ta over eller regulera ein stor del av engroshandelen med husdyrprodukt. Dette lukkast altså først no, som resultat av landbrukskrisea. Marknadsorganisasjonar av dette slaget var elles noko einskildpersonar og mindre miljø i mange år hadde arbeidd for å få til. Arbeidet med marknadsregulering, som på mange måtar hadde vore ei eliterørsls, gjekk no over til å verta ei masseørsls. Særs viktig var elles at Stortinget - gjennom «Omsetningsloven for jordbruksvarer» - definitivt plasserte ansvaret for marknadsreguleringa hos dei landsfemnande samvirkeorganisasjonane.

I vår del av landet var det Vestlandske Mjølkesentral (1931) som spelte rolla som marknadskoordinator på distriktsplanet. Elles vart både Norges Kjøt- og Fleskesentral og Norske Eggcentralar skipa kring 1930.

## KOOPERASJON

Samhald og solidaritet var etter kvart ei sjølvstående og viktig drivkraft i den framveksande arbeidarrørsla. Det økonomiske samvirket i denne rørsla har hatt mange former, t.d. eigne arbeidsløyse-, sjuke- og pensjonskasser. Den kooperative forbrukar-rørsla har på si side, med tanken om solidaritet og samhald, vokse fram til ei heilt sjølvstendig verksemد.




*Smørmeieriet i Viklevåg på Rennesøy sto ferdig som det første fasade meieribygget i Ryfylke hausten 1902. Rennesøy hadde elles eit av dei aller første samvirketiltaka i Ryfylke, nemleg eit lag for omsetning av surmjølk til Bergen (i funksjon frå 1878 og ei tid frametter).*

*Dette biletet viser Rennesøy meieri sett frå nord med «Strandgata» i forgrunnen. Til venstre ligg mjølkemottaket, til høgre maskinhuset. Andre høgda til venstre var bustad for meierskene. Andre høgda til høgre var styrarbustad. Meieriet vart erstatta av nybygg i 1953. (Tilh. Rennesøy kulturkontor)*

Dette betyr likevel ikkje at samvirke = sosialisme. Geir Vestheim har i ein artikkel i Syn og Segn vist at kooperasjonstanken har mykje sams både med liberalismen, sosialismen og kommunismen, og at der er døme på at grundtvigianarar, folkehøgskulefolk og andre religiøse grupperingar her i landet såg på forbrukarsamvirket som ei praktisk gjennomføring av den kristne brorskapstanken (Vestheim 1979 s.613ff).

I artikkelen om forbrukar-samvirke, seinare i dette årsskriftet, vil Gunnar Roalkvam ta føre seg både forbrukar-kooperasjonen sitt idégrunnlag og det nedslaget dette fekk i Rogaland. Sjå òg ramme-oppslaget om Rochdale-prinsippa (s. 6).



Moderne smørkinne frå Helle Meieri i Forsand. Helle Meieri vart starta opp som eit privat føretak i 1911, då lensmann Thv. Espedal avtalte med 38 oppsitjarar frå Espedalen til Rossavik om kjøp av mjølk. Det vart løyst ut av leverandørane som eit samvirke-tiltak i 1916. Det var produksjon av smør, gamalost og fästost. Helle Meieri tok i bruk nybygg i 1949. Då Helle meierikrins i 1970 vart tilslutta Høyland Meieri, hadde det vore gamalost-produksjon på Helle i 60 år. Då var det òg slutt på gamalost-produksjon ved meieri i Rogaland. (Tilh. Forsand kulturkontor)

Her skal vi kort drøfta i kva grad ideologien - samvirkeidéen i si inderlege og brennande form - hadde noko å seia for utbreiinga av handelslag i Ryfylkebygdene.

Pengehushaldet førte til at det vart oppretta mange privat drivne landhandlere i Ryfylke. Etter dagens grenser vart det i 1888 registrert i overkant

av 60 private landhandlarar i regionen (Strøm 1888). Det kan synast mange, men konkurransen var i praksis liten kringom i dei einskilde bygdesamfunna og vareutvalet var avgrensa. Det forholdet skulle ha sitt å seia for etablering av handelslag.

Mange av dei første handelslag i Ryfylke vart skipa tidleg på 1900-talet som alternativ til dei private landhandlarane. Tilhøva under første verdskriegen gjorde sitt. Skulda på varemangelen i desse krisearåa vart gjerne lagd på handelsmannen, med rette eller urette. Kan hende hadde dei òg ankemål mot han at han gjorde skilnad på folk. Det måtte vera betre med eit handelslag, som dei åtte sjølv (Veka 1966 s.12f).

For mange av dei nye handelslagstiltaka skulle det likevel gå lang tid før dei definerte seg som del av den kooperative rørsla, med medlemskap i Rogalands Kooperative Distriktsforening (skipa i 1917). Av 17-18 handelslag/forbruksforeiningar i Ryfylke kring 1942, sto halvparten utafor distriktsforeininga (Forbruksforening 1943). Dei som var med var dei fleste handelslag i øyane og laga i Strand og i Sauda herader.

I 25-årsskriftet til distriktsforeininga 1942 heiter det om den manglande oppslutninga bak Norges Kooperative Landsforening (N.K.L.) si distriktsforeining i Rogaland: «Det kan ha forskjellige grunner. Det kan være gamle vedtekter som er i strid med de kooperative prinsipper og arbeidsmåte, og det kan være treghet av en eller annen årsak» (Forbruksforening 1943 s.76). Fleire foreiningar var med i Rogalands Felleskjøp og dei var medlemmer av Produksjonslaget Samhold. Difor skulle ein tru at dei hadde gode erfaringar om fordelane ved å slutta seg saman. Til sist heiter det då òg vennleg - men dessutan gjerne noko overberande: «De vil derfor før eller

seinere også finne veg til N.K.L., og velkommen skal de være». I 1959 var det framleis nokre lag «som av ymse grunnar ennå ikkje er medlemmer av N.K.L.», heiter det i ei oversikt over Forbrukar- og Landbruksamyrket i Rogaland (Haukali 1959 s.14).

Handelslaga på bygdene var nok mindre ideologisk prega av samvirke-rørsla enn det som lenge var tilfellet med samvirkelaga i byane. Og når dei nølte med å melda seg inn i N.K.L., kan dette godt vera ei viktig årsak.

Sosialistane hadde elles ikkje einerett på samvirketanken. På Sand kan det ha vore ein ungdom nyleg heimkommen frå jordbrukskulen som først slo frampå tanken om eit handelslag for bøndene i bygda, alt kring 1900. Bak etableringa av handelslag i Finnøy og i Årdal spelte Åmund Salveson, styrar på amtskulen, ei rolle. Vedtekten på Judaberg i 1912 vart tekne med over på andre sida av øya då handelslaget der (Steinessvåg) vart skipa same året. Salveson heldt dessutan - «som en varm tilhengar av kooperasjonen» - føredrag på møtet der handelslaget i Årdal vart skipa (Eikeland 1969 s.369). Salveson kan skildrast som ein folkeopplysningsmann med sterkt tilknytting til nasjonale idérørsler, men ingen sosialist.

Ei anna viktig årsak til manglande oppslutning om distriktsforeininga var nok elles at dei lokale handelslaga ved å stå utafor distriktsforeininga kunne kjøpa varer også hos private grossistar. Like fullt vurderte dei ikkje ideologien så viktig at dei knytta seg til han.

Distriktsforeiningane til N.K.L. hadde som si viktigaste oppgåve å ta seg av opplysnings- og agitasjonsverksemd for forbrukarsamvirket, og då særleg N.K.L. (Haukali 1959 s.17). Handelslaga på bygdene hadde derimot først og fremst ei lokal rolle å spela og bygdefolk kjente mindre ansvar å bidra med sitt for å styrke den internasjonale, kooperative idéen. Johan



Forsand Forbrukforening vart starta i 1909, året etter Dirdal Handelslag, som var det første innanfor dåverande Ryfylke sine grenser.

Handelslaga på bygdene var mindre ideologisk prega av samvirke-rørsla enn det som var tilfellet i byane. Såleis nølte dei lenge med å melda seg inn i Norges Kooperative Landsforening. Forsand Forbrukforening var endå ikkje innmeldt i 1942.

Dette biletet er ein faksimile frå heftet «Samvirkebevegelsen i Rogaland» av 1932 og viser den eldste butikken. Handelslaget fekk nybygg i 1962.

Veka skriv det slik i 50-årsskriftet for Suldal Handelslag: «I Ryfylke kom ein seinare med i den kooperative rørsla enn ein gjorde det i Stavanger og på Jæren. Ein var meir individualist her, og såg lenge med skepsis på alle samyrketiltak» (Veka 1966 s.12).

Medan fastlands-Ryfylke generelt først seint kom med i den kooperative rørsla, kan ein merka seg at i herad med stort innslag av arbeidsfolk, som Strand og Sauda, var dei med. Når handelslaga i øyane tidleg kom med, torer det ha andre årsaker, kan hende nærlieik til sentrum (Stavanger).

Verkeleg vekst og konitinuitet i forbrukarsamvirketiltak i Ryfylke kom det altså først frametter vårt hundreår, og då ikkje først og fremst knytta til arbeidarrørsla. Både handelslaga til bøndene i bygde-Noreg og forbrukarane sine samvirkelag i byane har

likevel alle sin felles ideologiske bakgrunn i Rochdale-tradisjonen. Men prinsippa (standardvedtekten) hadde - før dei for alvor nådde Ryfylke i vårt hundreår - på eit vis vorte eit internasjonalt «fellesgods».

## ØKONOMIEN, LANDBRUKSFAGET OG KULTUREN

Fleire vegar førte fram mot det moderne samvirket i Ryfylke. Det var kulturelle føresetnader i det gamle bondesamfunnet og det var landbrukskyndige personar sitt faglege arbeid gjennom generasjon etter generasjon, der bøndene vart oppmoda om å utvikla landhusholdet gjennom opplysning og fagleg arbeid. Frå dei fattige vevarane i Rochdale kom prinsippa for samvirke. Den meir ålmenne utviklinga med produksjonsauke og kommersialisering var hovudårsaka til at samvirke verkeleg fekk oppslutning. Denne idéelle tanken om å slutta seg saman for å nå felles mål vann først fram på lokalplanet, sidan i ein større samanheng (marknadsorganisasjonane). Samvirke hadde først og fremst økonomiske fordelar. Det var økonomien - overgangen frå vektlegging på sjølvbergingsjordbruk til salsjordbruk - som motiverte til medlemskap og oppbygging.

Som fast system festna samvirke seg først i mellomkrigsåra. Då var tida moden og vi fekk den moderne utforminga og organisasjonsforma innafor landbruksamvirket. Samvirkerørsla har sidan spela ei dominerande rolle innafor omsetnings- og produksjonslivet i Rogaland.

## Litteratur

Alsvik, Jan 1991

Bergsåker, Jon 1961

Strand bygdebok 1870-1940, Hafrsfjord forlag 1991  
Rogaland meieribrugs historie, b.I

- Bergsåker, Jon 1961a
- Bergsåker, Jon 1977
- Bergsåker, Jon 1990
- Eikeland, Sigurd 1969  
Forbruksforening 1943
- Furre, Berge 1971
- Furre, Berge 1972
- Haukali, R. 1959
- Hoftun, Hallvard 1981
- Hognestad, Eivind 1926
- Lofthus, Joh. L 1956
- Rennesøy 1938
- Strøm, Boye 1888
- Torkildsen, Inge-Kjell 1964 «....til Landbrugets Fremme», hovudsagsoppgåve i historie 1964, Univ. i Oslo, av Inge-Kjell Torkildsen (Marnseg)
- Veka, Johan 1966
- Vestheim, Geir 1979
- Krøterbruk og mjølkeomsetnad i Rogaland fram til slutten av 1800-åra, Stavanger 1961
- Helle meieri 50 år, Stavanger 1961
- Båten og bygda, Stavanger 1977
- Bondefiske i Ryfylke, Notatar om næringsssamspel mellom jordbruk og fiske i delar av Ryfylke, artikkel i FOLK i Ryfylke 1990
- Årdal. Frå istid til nåtid, Sandnes 1969
- Forbruksforeninger i Rogaland, Rogaland Kooperative Distriktsforening 1917-1942, Oslo 1943
- Mjølk, bønder og tingmenn, Oslo 1971
- Norsk historie 1905-1940, Oslo 1972
- Forbrukar og landbruksamyrket. Deira lag og organisasjonar i Rogaland, v/fylkesagronom R. Haukali, Stavanger 1959
- Suldal kultursoge, Gamle Suldal, 1981
- Rogalands Landbrukselskap (Stavanger Amts Landhusholdningsselskap) gjennom 150 år, 1776-1926, Stavanger 1926
- Vestlandske Mjølkesentral gjennom 25 år, 1931-1956, Bergen 1956
- Rennesøy prestegjeld, Rennesøy - Mosterøy - Kvitsøy 1837-1937, Stavanger 1938
- Norges Land og Folk, topografisk-statistiske beskrevet, Stavanger Amt, Kristiania 1888
- Suldal Handelslag gjennom 50 år 1916-1966
- Den første forbrukarkooperasjonen, artikkel i Syn og Segn 1979

Ernst Berge Drange, født 1954 i Bergen, er mag.art. i etnologi, har drive med bygdebokskriving i mange år, men vikarierer for tida som styrar ved Ryfylkemuseet.

# Meieri i Ryfylke

AV JON BERGSÅKER

---

**Dei eldste meieritiltaka i Ryfylke dukkar opp i dei første åra av 1900-talet. Sidan skulle dei fleste kommunane få sine meieri, slik dei i nyare tid har mista dei att. I denne artikkelen delar Jon Bergsåker med oss sin kunnskap om bakgrunn og utvikling av det gamle meieribruk i Ryfylke.**

---

Det var eit interessentskap av mjølkeprodusentar i Nedstrand som 14. februar 1876 sette i drift det første fellestiltaket med meieri i Rogaland, Nedstrand Meieri med Hans Øverland som første styreformann og Margrethe Øverland som første meierske. Dette Nedstrand Meieri tok første driftsåret i mot vel 78,000 potter mjølk. Rundt 71,000 potter vart kinna og til kvart kilo smør brukte ein då jamt vel 38 potter mjølk. Til ysting av nøkkelost gjekk det med 48,500 potter skumma mjølk (1 pott = 0,965 liter). Elles vart det produsert mysost og prim. Til interessentane vart mjølka betalt med 3 skilling pr. pott, likevel slik at dei som hadde lengst veg til meieriet fekk eit tillegg på 1/4 skilling. Til ikkje-interessentar var mjølkeprisen 2 3/4 skilling.

Det var vanskeleg å få det til å hanga ihop økonomisk. Mjølkeprisen til produsent måtte regulerast nedover, og meieriet kunne stå til rest med mjølkeoppgjerd. Slikt medverka også til mindre tilførsle av mjølk. I 1879 var årsmjølkemengda såleis nede i rundt 39,000 potter. I 1881 stogga drifta ved Nedstrand Meieri.

Då Nedstrand Meieri avvikla var det elles kome fleire meieri i Rogaland, såleis i Stavanger, i Haugesund, i Klepp. Det var alle meieri som dreiv med handskumming av mjølka. Som første meieriet på Vestlandet fekk Sandnes Meieri separator i 1884. Ein veit elles at Eilert Schanche på den store Utstein Kloster-garden fekk seg separator tidleg i 1880-åra og at første separatorane kom til mjølkeprodusentar på Finnøy tidleg i 1890-åra. Då hadde dei frå Finnøy først vore på «studieferd» til Gjesdal for å sjå separator i drift. Ein rekna med 15-20 prosent større smørutbytte med separator i høve til handskumming.

Med separatoren fekk ein også kring i Ryfylke bygder tiltak med salsproduksjon av smør og skumma-mjølksost (fatost) utover det som var basert på eigen gardsproduksjon av mjølk. I så måte kan frå 1890-åra nemnast at Otto Reimers i Vikedal, Johan Birkeland i Sauda, - og Ole Bjelland i Fister foredla fatost til salsproduktet «Appettittost».

Kring 1880 hadde ein elles fått eit interessant tiltak i surmjølksomsetnad frå Rennesøy-Mosterøy. Det kunne ha vore vanleg at mjølkeprodusentar på nære



Årdal hadde mange fortrinn og tradisjonar som gjorde at lanseringa av meieritanken først vart gjort her, nemleg i 1871. Det skulle likevel gå ein mannsalder før meieriet sto der, i 1903. Dette biletet syner det eldste meieriet i Årdal (Mæle) frå sør-aust i 1910. Det vart sidan utvida fleire gonger, og så erstatta av nybygg på slutten av 1950-talet, eit fullt moderne produksjonsmeieri.

by-øyar selde surmjølk i Stavanger. På Bakarbryggja var det såleis salsstad for surmjølk. Så fekk ein eit «mjølkesamlag» med omlag 60 interessentar i Rennesøy-Mosterøy med David Edland som formann og kasserar, som stod for sal til Bergen. Rutebåten «Karmsund» tok ein gong i veka om Mastrafjorden og lasta surmjølkstønner i Vikevåg og på Utstein Kloster. Det kunne sendast opp til 1500 liter surmjølk i veka til Bergen den tida ein dreiv med dette.

Dette er meint som glyttar frå tiltak i mjølkomsetnad i Ryfylkebygder i dei siste ti-åra av 1800-talet.

Det var likevel først kring 1900 og utover i det nye hundreåret at mjølkeprodusentar i desse bygdene byg-

de seg ut med meir varige fellestiltak ved meieri. Tanke om slikt kunne elles ha vore oppe tidlegare og før ein fekk det første, men stuttvarige tiltaket på Nedstrand. Såleis kan nemnast at mjølkeprodusentar i Årdal var mellom dei første i Rogaland som tok opp tanken om å få seg meieri. Det vart dryft alt i 1871 på eit to dagars møte der meierimeister Steen og amtsagronom Torkildsen var med.

#### MEIERI I ÅRDAL OG I HJELMELAND

Det drygde likevel fram til hundrearsskiftet før slikt tiltak vart sett i verk i Årdal. Det var på møte i 1899 ein vart samde om å skipa meieri. Med lensmann og bonde Ola Ur som første styreformann vart det vedteke å byggja meieriet på Mæle. Ein var først inne på at andelseigarane etter tur skulle halda hest og mann til hestevandring til å driva kinna. Men det vart til at dei valde dampkraft. Meieriet vart basert på smørproduksjon og tok i mot første mjølka 14. januar 1903. Heile anleggskostnaden var då 16,300 kroner, og meieriet tok opp drift på grunnlag av 213 ku-rettar og med Severine Vindenes til å stå for den daglege drifta. Første året tok meieriet imot vel 202,000 kg. mjølk. Mjølka skulle betalast etter middel feitt-innhald, rekna ut etter prøvar som vart sende til Statens melkekontroll i Bergen.

Frå 1912 og fram til uti 1920-åra vart meieriet pakta bort. Det kan nemnast at paktaren, som var interessert i mest mogeleg mjølk, gjorde prismessige tiltak med tanke på dette, såleis ved å gradera prisen oppover for viss mjølkemengd for kvar kurett. Medan meieriet opphavleg vart bygd ut for smørproduksjon, og smøret for det meste selt til grossist i Kristiania, vart det i paktartida lagt vekt på osteproduksjon.

I 1925 overtok andelseigarane sjølve drifta med tilsett meieristyrar. Dei fylgjande åra skifte det så med

paktar og med eiga drift til det like over i trettiåra vart slutt med paktartida. Då hadde ein også fått den nyskipnaden for mjølkeomsetnaden i landet som mjølkesentral-systemet bar i seg. Vestlandske Mjølkesentral medverka då til eit visst samarbeid mellom Årdal Meieri og Hjelmeland Meieri, ei tid med styrar i lag. I trettiåra fekk ein også skipnad med at Årdal Meieri tok i mot fløyte frå produsentar som stod utanom meieriet. Det var mjølkeprodusentar på Nessa, i øvre Årdal og i delar av Strand som skipa fløytelag og leverte fløyte til Årdal Meieri, som tok på seg den vidare produksjonen mot ei viss godtgjersle.

Det Hjelmeland Meieri som i trettiåra var i eit visst samarbeid med Årdal Meieri, kom i drift i 1905 i bygg på prestegardsjorda i Hjelmelandsvågen, med rundt 200 kyr som grunnlag og med sokneprest Aafos som første styreformann. Det var produsentar i ein nærmere krins kring Hjelmelandsvågen som leverte mjølk til meieriet. Då ein i 1909 fekk tilbod om transport av mjølk frå Fister, Randøy, Ombo og Jøsenneset, fann ein ikkje den pårekna mjølkemengda stor nok til å tolle daglege transportutgifter på 20 kroner. I 1913 vart meieriet pakta bort til ysteri. Sidan skifte det med paktar og med eiga drift.

I 1926 tok Hjelmeland Meieri imot 180,000 kg. mjølk. Ved dei tider var ein også inne på å ta opp produksjon av geitemjølk frå Fjellets krins, utan at det vart meir av. Ved storflaumen i Hjelmelandsvågen seinhaustes i 1940 vart meieribygningen øydelagd. Ved Vestlandske Mjølkesentrals medverknad vart då Hjelmelandsmjølka send til Årdal Meieri.

Sidan var Hjelmelands-leverandørane medlemmer i Årdal Meieri. Det vart også mjølkeleverandørane i Fister/Nessa krins. Med den auka mjølkemengda trongst det nytt meieranlegg i Årdal som stod ferdig i 1960 etter samla kostnad på vel 1,7 mill. kroner. I



*Interiør frå det gamle meieriet i Årdal tidleg i vårt hundreår. Lau ra Lode og Severine Vadla var dei to første som arbeidde her og som poserer her i bunad. Stillingene som meiersker var ein ny kvinnearbeidsplass som kom med meieria. Den nye kvinnegruppa hadde ofte meieriskule bak seg, dei kom gjerne utanfrå, fekk ein viktig funksjon i lokalsamfunna og enda gjerne opp som fastbuande koner i meieridistriktet.*

1970-åra gjekk ein over til skipnad med gardstankar og tankhenting av mjølka. Frå 160 leverandørar tok Årdal Meieri i mot 6,2 mill. liter mjølk, skift med 2,5 mill. liter frå Årdal krins, 2,5 mill. liter frå Hjelmeland krins og 1,2 mill. liter frå Fister/Nessa krins. Produksjonen i 1974 var 70 tonn smør og 282 tonn kvitost.

Frå 1980-åra var Årdal Meieri del av nyskipnaden Rogalandsmæieriet.

#### MEIERI PÅ RENNESØY

Då Årdal Meieri kom i drift i 1903 var det også kome meieri på Rennesøy. Som nemnt hadde elles mjølkeprodusentar på Rennesøy-Mosterøy eit «mjølkesam-



Mosterøy hadde ikkje eige meieri. I nyare tid vart mjølkesspanna samla på bryggja på Voll og skipa over fjorden til Viklevåg. Dette biletet er frå Voll kai, Mosterøy 14. september 1967. Det er siste gong mjølka vert heist ombord i «spannakorgene» og tekne med rutebåten til Viklevåg. Dagen etter starta Magnus Finnesand opp med å frakta mjølkesspanna på lastebil over til Rennesøy Meieri. (Tilh. Rennesøy kommune)


lag» for sal av surmjølk til Bergen ei tid kring 1880. Då Nedstrand Meieri avvikla i 1881, hadde ein også vore inne på å kjøpa meieriutstyret der til Rennesøy, og i 1890-åra var det vidare planar om spørsmål som galdt mjølkeomsetnad. Såleis var ein inne på tankar om eit meieri i Stavanger for mjølk frå øyane. Men

løysinga vart etter Jakob Austbø's initiativ at ein samla seg om smørmeieri i Viklevåg, som stod ferdig til drift hausten 1902. Meieriet med maskinar, ishus, kolhus og hestestall kom på kring 23,000 kroner. Mosterøy-mjølka vart samla til bryggja på Voll for transport over fjorden til Viklevåg. Med Adolf Rødland til styrar og Giske Våge til meierske tok Rennesøy Meieri i 1903 imot 650,000 kg. mjølk.

Med skiftande styrarar gjennom åra framover var det fleire gonger oppe spørsmål om ysteri. Det var likevel først i 1917 ysteri kunne takast i bruk. Det var høve til å få selt mjølk til Stavanger som mykje kunne sjåast som medverkande årsak til at ein venta med osteproduksjon i Viklevåg. Både Frue Meieri og Hetland Meieri ville såleis kjøpa både heilmjølk og skummamjølk og det kunne vera sending av opp til 1500 liter dagleg til Stavanger. Eit års tid frå 1913 var det elles sal av mjølk til ysting til ein privatmann som då bygde seg eit lite hus for ysting attmed meieriet i Viklevåg.

I 1920-åra satsa Rennesøy Meieri meir på osteproduksjon, bygde spesielt ostelager og fekk kjøleanlegg, så ein slapp arbeidet med isen. Ein hadde først skore is på Presttjørna som pliktarbeid for leverandørane, sidan tok ein isen frå Førsvollvatnet. Elles kan nemnast at Rennesøy Meieri, som i 1921 tok i mot ein million kilo mjølk, i 1924 tok utgiftene med kontrollag for alle leverandørane, visstnok som første meieriet i Rogaland, og i 1929 gjekk meieriet over til å betala mjølka etter reduktaseprøvar. Ved desse tider var det mange meieri i Rogaland som - med sideprodukt frå meieriproduksjonen - dreiv med grisehald. Rennesøy Meieri kunne såleis år om anna vera oppe i 300-400 slaktegriser.

Då i 1930-åra vart det slutt med *paktartida* i meieri-bruket. Det var andelslag av mjølkeprodusentar som



Det eldste meieriet i Finnøy - som kom i drift i 1907 - låg sentralt plassert for mjølkeprodusentane på øya, på Kvameheia. Meieriet vart øydelagd av brann i 1932. Då ein etter dette ikkje kunne verta samde om plassering av det nye meieriet, vart det etablert to meieri på Finnøy. Det var Finnøy Meieri på Judaberg og Ryfylke Meieri i Steinnesvågen. Framleis var det likevel dei som sende mjølka til Stavanger.

Kvinnene til venstre i dette biletet skal vera Marie Vegger Hesby og Ragnhild Olsen Mjølsnes, mannen til høgre Sigvald Mjølsnes. Foto Elen R. Vignes.

dreiv verksemda med tilsett meieristyrar til å stå for drifta. Fram til då var det mange meieri i Rogaland som hadde vore drivne med paktarar. Men ein noterer seg at Rennesøy Meieri heile tida hadde vorte drive utan paktar. Andelslaget sjølv stod for drifta.

Kring 1950 var årsmjølkemengda til Rennesøy Meieri kome opp i meir enn 3 mill.kg. mjølk. Då hadde det

også vorte aktuelt med nytt anlegg som stod ferdig til drift i 1954. Kostnaden med nyanlegget vart 1,1 mill. kroner. Men ein hadde mykje utstyr frå det gamle anlegget til det nye. Rennesøy Meieri hadde nemleg sytt for å halda seg på god teknisk høgd. Det må også nemnast at Rennesøy Meieri i det nye anlegget tok opp fast salsproduksjon av Ryfylke-gome. Rennesøy



Finnøy Meieri på Kvameheia var basert på osteproduksjon. Dette biletet viser ysting kring 1920, truleg med det meste av personalet samla. Guten til venstre er Leif Kvame, mora ved siden av han er Berta Kvame.

Meieri var då eit av dei heilt få meieria i heile landet som tok opp meieriproduksjon av dette gamle mjølkeproduktet med sine lokale variantar.

Frå 1970 vart Rennesøy Meieris krins tilslutta Frue Meieri. Siste året med sjølvstendig drift tok Rennesøy Meieri imot omlag 6,5 mill. kg mjølk og produserte omlag 400 tonn kvitost, 200 tonn prim og 100 tonn Ryfylke-gome, medan det vart sendt kremfløyte til Frue Meieri.

#### MEIERI PÅ FINNØY

På Finnøy tenkte dei også tidleg på å få til ordna omsetnadstilhøve for mjølk. I 1890-åra vart det meir medveten dryfting om dette. Ein var då inne på anten å få meieri i bygda eller fast mjølkeutsal i Stavanger.

Dette siste alternativet kom opp i samband med at ein fekk båtruter mellom øyane og Stavanger ved det Ørnes Dampsiksselskab som vart skipa i 1892 og sette «Øybuen» i rute. Ein tenkte då å selja mjølk frå utsal i byen og så produsera av den mjølka som dag om annan måtte vera att. Men aller helst ville ein ha meieri på Finnøy og ein kom så langt at det endå til vart arbeidt ut vedtekter. Då føresette ein m.a. at leverandørane etter tur skulle skiftast om å dra separatoren. Men det vart likevel ikkje meir av den gongen.

Då det i 1902 kom veg som batt øya i hop, kom spørsmålet om meieri opp att. Guttorm Lauvsnes, Olav Mjølsnes, Chr. Vignes og Nils M. Ladstein vurderte tilhøva og feste seg ved Kvame som stad for meieri. Der hadde ein «Kvame-oppkoma» med godt vatn, og Kvame skulle liggja sentralt og samlande for mjølkeprodusentane på øya.

Det var opphaveleg tanken å få smørmeieri på Kvame. Men så kom meieripaktaren Kristian Kolkinn inn i biletet. Han var særleg interessert i osteproduksjon, og bygget, som vart reist i mur, vart utstyrt etter det. Paktaren skulle då svara leige med 7 prosent av anleggskostnaden og ha vedlikehaldet på seg. Meieriet på Kvame kom i drift våren 1907, basert på gaudaost og mysost, sidan for det meste sveitserost, og paktaren hadde sveitseren Utz til å stå for ystinga. Frå 1916 overtok mjølkeprodusentane sjølve drifta med tilsett styrar. I 1919 var mjølkemengda til meieriet 465,000 kg, og produksjonen 37 tonn gauda-, edamer- og sveitserost, 35 tonn mysost og eit par tonn smør.

Drifta på Kvame heldt fram til meieribygningen vart øydelagd av brann i 1932. Då fekk ein mellombels ordna seg med mjølkesending til Frue Meieri, medan ein vurderte bygging av nytt meieri. Ein kom då til å vera lite tente med å ha meieriet på Kvame. Helst bur-

de ein ha det ved sjøen. Men ein kunne ikkje verta samd om staden. Det enda med at andelslaget vart oppløyst, og det førde då med seg at ein fekk to meieri på Finnøy.

Det var Finnøy Meieri på Judaberg, med Olav Mjølsnes som første styreformann, og Ryfylke Meieri i Steinnesvåg, med Eivind Steinnes som første styreformann. Dei nye meieria kom i drift i 1933. Frå 1936 vart det mjølkesending frå Nord-Fogn til Finnøy Meieri, salt fløyte frå Halsnøy og Hidle og smør frå Randøy, - som ein overgang til skipnad med mjølkesending frå desse øyane også. I Sjernarøy hadde ein tidlegare i 1900-åra hatt eit meieri på Aubø nokre år før og under første verdskrig. Etter opptak av Vestlandske Mjølkesentral kom det til sending av mjølk frå Nedstrand til Finnøy Meieri frå 1937.

Frå 1939 overtok Vestlandske Mjølkesentral pakting av både meieria, med mest smørproduksjon på Judaberg og mest ysting i Steinnesvåg. Då paktinga ved mjølkesentralen var slutt i 1942, tok dei to meieria til å driva for seg sjølv att. Frå 1946 fekk ein eit samarbeid mellom dei to meieria ved eit «mjølkelag» til å stå for drifta. Til Finnøy Meieri var det då knytt kring 250 leverandørar og til Ryfylke Meieri kring 75. I første styret for «mjølkelaget» var Geirulf Lauvsnes formann, og til å byrja med vart mjølk levert til både meieria. Men då ein frå 1949 gjekk over til å henta mjølka med bil på Finnøy, samla ein all mjølka til Judaberg, medan ein hadde ostelager i Steinnesvåg. Dei to andelslaga vart så oppløyste i 1952 og ein gjekk saman i Ryfylke Meieri. Då vart det bygd nytt meieri attmed sjøen ved Judaberg, der drift kunne takast opp i 1959. Heile anlegget kom på 2,6 mill. kroner. Omlag halvparten av all mjølka til meieri på Finnøy kom då sjøvegen. Frå 231 leverandørar tok Ryfylke Meieri i 1974 imot vel 10,5 mill. kg.



Ryfylke Meieri i Steinnesvåg var det eine av dei to nye meieria som kom i drift på Finnøy i 1933. Om det var plasseringa det framleis var usemje om skal vera usagt, men somme mjølkeprodusentar som naturleg sokna til meieriet sende heller mjølka til Stavanger enn til Steinnesvågen. Dette biletet viser aktiviteten og folklivet knytta til eit lokalmeieri i den første etterkrigstida. Her står leverandørane i kø for å få levera. Biletet er frå 1948.

mjølk og det vart produsert 277 tonn smør og 690 tonn kvitost.

#### MEIERI I FORSAND

I Forsand var det like over i 1900-åra oppe spørsmål om meieri mellom mjølkeprodusentar i Espedalen. Det vart då ikkje meir av enn tanke og laus plan. Men i 1911 gjorde ein privatmann, seinare lensmann Th. Espedal, ei 5 års avtale med 38 mjølkeprodusentar i området frå Espedalen til Rossavik om kjøp av mjølka deira. Espedal baserte på produksjon av smør, gammalost og fatost. Då avtaletida var ute, løyste mjølkeleverandørane ut Espedal og overtok formelt Helle



*Aubø meieri, Aubøsund, gamle Sjernarøy kommune, foto frå 1921. Meieriet var i drift frå 1910 og fram til 1916/17. Det er med å fortelja om eit godt utbygd desentraliserte tilbod av lokalmeieri i Ryfylke i ein periode. Men mjølkegrunnlaget vart diverre for lite, og meieriet måtte leggja ned. Sidan sende bøndene smør til Stavanger, og i nyare tid sende dei mjølka med motorbåt til Judaberg. Seinare var meieriet mellom anna nytt til bustadføremål og ei tid hadde Sjernarøy Sparebank lokale her.*

*Folka i forgrunnen er Olaf Flø, Karine Flø og borna til Ragna Nedrebø. Dei gjev hønsa mat.*

Meieri med T. Harboe Rossavik som første styreforman. Men drifta vart pakta bort i 1922, då leverandørane sjølv overtok med tilsett styrar og meierske. Då var årsmjølkemengda i underkant av 200,000 kg. Ein heldt fram med produksjon av smør, gammalost og fatost.

Som det var for så mange meieri i 1920-åra, var det også merkande vanskar for drifta av Helle Meieri. Men ein ville ikkje gje opp og la seg etter varsam drift og attåtinntekter. Såleis vart drifta lagt noko om, slik

at ein satsa meir på grisehald og reduserte ystinga av gammalost.

I 1945 var talet på leverandørar omlag 50. I 1946 tok mjølkeprodusentar i Frafjord til å levera mjølk til Helle. I 1947 kom det også med nokre leverandørar frå Forsand-krinsen.

Med den auka tilslutnaden og den aukande mjølkemengda såg ein det naudsynt med nytt anlegg som kunne takast i bruk i slutten av 1940-åra. Då vart også resten av leverandørane i Forsand-krinsen, som frå tidleg i 1920-åra hadde sendt mjølk til Stavanger Omegns Meieri og sidan til Frue Meieri, knytte til Helle Meieri, som dermed hadde fått 108 mjølkeleverandørar.

Etter omlegging av samferdslesystemet i Høgsfjord vart mjølkeprodusentane i Frafjord frå 1965 løyste frå medlemskapen sin i Helle Meieri. Dei hadde då siste året levert 343,000 kg mjølk til Helle.

Frå 1970 vart Helle Meieris krins tilslutta Høyland Meieri. Årsmjølkemengda til Helle låg då på rundt 1,5 mill. kg. Då vart det også slutt på gammalost-produksjonen ved meieri i Rogaland, ein produksjon det då hadde vore på Helle i omlag 60 år.

I dáverande Forsand kommune fekk ein i 1925 eit meieri til, nemleg Byrkjedal Ysteri. Dette ysteriet, med Anders Veen som første styreformann og med Sem Håland som styrar, skulle basera på ysting av ekte og blanda geitost. Det var 25 produsentar i Dirdals- og Østabødalen og på gardar i grannelaget i Bjerkreim som då skulle levera mjølk frå 136 kyr og 526 geiter. I 1930-åra låg geitemjølk på 30-40 prosent av samla mjølketilførsle. Med auka mjølkemengdi i 1940-1950-åra, då også frå utvida leverandørkrins i Dirdalsdalen og med merkande auke i mengda av kumjølk, kunne nytt og større anlegg takast i bruk i 1962. I 1973 tok Byrkjedal Ysteri frå 27 leverandørar av kumjølk og 11

leverandørar av geitemjølk i mot vel 1,2 mill. kg. kumjølk og 273,000 kg. geitemjølk og produksjonen var 152 tonn brunost og 16 tonn smør.

Då var spørsmålet om samarbeid med andre meieri kome opp. Gjennom medverknad frå Norske Meieriers Salgssentral vart det samanslåing med Bjerkreim Meieri ut frå ynskje om å få samla all meieriproduksjon av geitemjølk i Rogaland ved eitt anlegg. Frå 1974 gjekk så mjølka frå Byrkjedalskrinsen til Bjerkreim Meieri og det vart slutt med ysteridrifta i Byrkjedal.

### MEIERI PÅ SAND

I Sand var det 21 mjølkeprodusentar i Sandsbygda som i 1909 gjekk saman om å skipa Sand Andelsmeieri med Torger Hauge som første styreformann. Eigedommen til M. Eide vart kjøpt for 16,000 kroner. Meierist Sire, som stod for dagleg drift, skulle ha godt-gjersle på 6 kroner dagen - og dagleg ein liter mjølk. Dei som kjørde mjølka til meieriet skulle elles hjelpe til der til dei fekk att spanna.

På strandstaden Sand hadde det då alt lenge vore marknad for konsummjølk. Mjølkeprodusentar i bygda hadde då også levert mjølk til forretningar på strandstaden. Rundt hundreårs-skiftet kan nemnast slik levering av mjølk til Lars Eide og Nils Endresen. Mjølkeprodusentar i bygda heldt også fram med sal på strandstaden etter at meieriet kom i gang i 1909. Ein finn då korleis medlemmer i meieriet ikkje kunne vera med i felles kjørelag med mjølkeprodusentar som ikkje var med i meieriet. Ein veit også korleis tilfellelege kundar, som hadde eigne leverandørar av mjølk, ikkje skulle få kjøpa noko slag meieriprodukt. Meieriet må elles ha stade sterkt på denne lokale mjølke-marknaden. I 1917 truga såleis årsmøtet i meieriet med å stengja for alt mjølkesal frå meieriet, dersom provianteringsrådet freista å setja ned mjølkeprisen.



Sand meieri byrja ta imot mjølk frå Jelsa i 1946, sidan òg frå Erfjord. Dei siste åra, fram til Ryfylkevegen vart opna i 1965, var det skøyta «Klover» som gjekk ruta frå Erfjord om Foreneset, Jelsa, Høyvik og til Sand. Eigar og førar var Magnus Fuglestein. Skøyta, som her ligg til kai på Erøy i Erfjord, var eit kjent innslag på fjorden.

Det var elles ikkje berre mjølka desse mjølkebåtane kringom i Ryfylke frakta med seg. Det kunne vera både anna gods og reisande.

Første driftsåret tok Sand Meieri imot rundt 77,000 liter mjølk. I 1920-åra var det også ei viss sending av mjølk frå Sand Meieri til mjøleutsal i Sauda, der det då trondst tilførsler utanfrå. Midt i 1930-åra fekk ein skipnad med mottak av salta fløyte frå produsentar som budde slik til at dei kunne senda fløyten til meieriet to gonger i veka. Det galdt såleis produsentar i Suldal og Hylsfjorden. I 1930-åra låg dei årlege mjølketilførslene til Sand på vel 300,000 liter.

Uti 1940-åra var Suldal og Hylsfjorden komne med i mjølkelevering, i tillegg til den opphavlege meieri-



Forutan mjølkehentinga til vanns og - for dei nærmeste leverandørane levering med hest og kjerre - vart det etter kvart bygd ut eit rutennett av mjølkebilar som tok med seg mjølka til dei respektive lokalmeieria. Her er det sjåfør Nils Reilstad som hentar mjølkespanna på Vignes, Finnøy (1950), med lastebil med tilhengar. Dei andre personane på biletet skal vera Rasmus Vignes, Marta med Dagny og Daniel Vignes og endå nokre småborn.

krinsen. Frå 1946 tok Sand Meieri i mot mjølk frå Jelsa også, og siden frå Erfjord og med felles mjølkerute til Sand for Jelsa-Erfjord.

Med den utvida meierikrinsen og den aukande mjølkemengda såg ein trangen for nytt anlegg. Det vart reist på Klungtveit-almenningen og stod ferdig til drift frå 1950, og sidan utvida.

Frå 180 leverandørar tok Sand Meieri i 1974 imot rundt 5,8 mill.kg. mjølk og produserte 103 tonn smør og 404 tonn nøkkelost.

Ved den nye meieristrukturen frå 1970-1980-åra vart Sand Meieri del av Vestlandsmeieriet.

## Meierisamarbeid: Rogaland Meierilag – Vestlandske Mjølkesentral

Stavanger Amts Meierforening - sidan Rogaland Meierilag - vart skipa i 1901 som ei fagleg fellesforeining for mjølkeprodusentar og meieribruk i Rogaland, med ei viktig oppgåve å fremja saker som kunne føra til størst mogeleg økonomisk vinning for meieria. Såleis vart spørsmålet om sal av mjølkeprodukt teke opp tidleg og i 1906 vart Stavanger Amts Smøreksporforening skipa av dei 9 største meieria i fylket. Etter rekonstruksjon i 1921 vart namnet Rogaland Eksportlag (for smør og ost). Dette laget gjekk inn i Norske Meieriers Eksportlag frå 1928, sidan Norske Meieriers Salgssentral. Mjølkesentral for dei 3 vestlandsfylka vart skipa i 1931 (Vestlandske Mjølkesentral). Føremålet var å centralisera omsetninga av mjølk og mjølkeprodukt og gjera ho enklare og billegare, utjamna og festna mjølkeprisen og elles ta vare på interessene til medlemmene på alle måtar, som kunne fremja økonomien til mjølkeprodusentane. Mjølkesentralane kom i ei tid då problema i jordbruket var på sitt største. Problema med produksjons- og avsetningstilhøve for alle typer jordbruksvarer hadde kome så langt «at det ikkje lenger var eit spesielt jordbruksoppskrift», men eit problem som vedkom i like høg grad heile samfundet» (etter «Vestlandske Mjølkesentral 1931-1956», v/J. Lofthus). I staden for at dei lokale meieria skulle tevla med kvarandre om marknaden, fekk ein no jamna ut og samkjørt prisene. Sentralane bidrog til å løfta jordbruket ut av den djupe bølgjedalen kring 1930. I 1954 leverte 5 Ryfylkemeieri mjølk til Vestlandske Mjølkesentral, nemleg Rennesøy, Ryfylke, Sand, Sauda og Årdal Meieri.

Jamvel om lokalmeieria sto tilslutta Vestlandske Mjølkesentral, var dei sjølvstendige lag, der lokalmedlemmene sto som eigarar av anlegg og bygningar. Meieria i Rogaland samarbeidde elles som nemnt gjennom Rogaland Meierilag. Meierilaget hadde sitt siste driftsår i 1983 i samband med omorganisering av meieribruket til distriktsmeierier. Med verknad frå 1/1-1984 vart A/L Rogalandsmeieriet skipa som ei samanslutning mellom 6 meieriselskap.

## MEIERI I SAUDA

Det første meir organiserte tiltaket med mjølkeomsetnad i Sauda kom i samband med anleggsarbeidet som tok til i 1915. Bønder i Saudasjøen, og sidan frå annan kant av bygda, gjorde tiltak med felles mjølkeutsal, og med separator og kinne for den mjølka som måtte vera att etter dagssalet. Då drifta ved E.F.P. Co. tok til i 1920-åra vart det også mjølkemot tak og mjølkesal frå smelteverket sin butikk på Åbø. Til kvart vart det fleire som dreiv med mjølkesal i Sauda, då også med mjølk som vart tilført utanfrå. I 1931 gjorde omlag tretti produsentar i ytre bygda avtale om levering til det utsalet som Håland Meieri (Sola) skipa seg til med i Sauda. Det vart gunnlag for eit Sauda Mjøkelag som eit vidare steg til organisert mjølkeomsetnad ved Sauda Meieri frå 1932, med Knut Fløgstad som første styreformann og med Ingeborg Munthe til å stå for drifta. I 1935 tok Sauda Meieri imot vel 500,000 liter mjølk.

I 1936 vart Imsland Mjøkelag tilslutta Sauda Meieri. Dette mjøkelaget hadde tidlegare overteke Frue Meieris utsal på Åbø og var i 1933 kome opp i mjølkelevering på vel 76.000 liter til Sauda. Med den auka mjølkemengda til Sauda Meieri melde byggespørsmål seg aktuelt. Drift i nytt bygg, som kom på rundt 160,000 kroner, kunne takast i bruk i 1937.

I 1939 var mjølkemengda til Sauda Meieri kome opp i 730,000 liter, og med den mengda greidde ein å stetta konsummarknaden og attåt kinna vel 10,000 kg. smør. Sidan uti 1940-åra sende Sauda Meieri kinnefløyte til Vikedal Meieri i tida med overskot i Sauda, og fekk tilførsle av mjølk frå Vikedal i den tida av året då Sauda's og Imsland's eigen mjølkeproduksjon ikkje var stor nok til å dekka marknaden. Sauda Meieri var då eit reint konsummjølk-meieri som korkje kinna eller ysta.

Frå 1970 vart så Sauda Meieri slege saman med Vikedal Meieri og all meieridrifta samla i Vikedal. Siste året med sjølvstendig drift i Sauda tok Sauda Meieri frå eigen krins imot vel 1,8 mill. liter mjølk og frå Vikedal vel 25,000 liter heilmjølk og vel 3000 liter kremfløyte.

## DEN NYE TIDA I MEIERIBRUKET, SENTRALISERING OG STORDRIFT

Slike spreidde drag frå opphav til og utvikling av meieribruk i Ryfylke skulle kunne gje inntrykk av korleis det «gamle» meieribruket var i høve til slik ein kjenner dagsens meieribruk.

Ved mjølkesentral-skipnaden frå åra kring 1930 kom ein inn i ein ny epoke for meieribruket. Medan ein tidlegare hadde hatt samyrke for mjølkeprodusentane i kvart sitt meieri, fekk ein no samyrke mellom meieria også. Dette samyrket i samyrket fekk avgjande å seie for utviklinga i åra som fylgte. Med utvikla samferdsle og samband kom ein då til kvart inn i det som også vart dei store einingars tid i meieribruket. I 1990-åra er det i Ryfylke, med dagens regiongrenser, berre att mjølkemottak og produksjon ved to anlegg, nemleg på Finnøy og på Sand, og dei også som del av ein større heilskap innan den nye meieristrukturen.

Jon Bergsåker, som døydde no i haust, 75 år gammal, var fødd i Høle i Forsand kommune. Han var fylkeskonservator i Rogaland 1974-1987, etter å ha teke magistergraden i etnologi i 1972, 55 år gammal. Tidlegare var han redaktør i Dagbladet Rogaland frå 1957, der han hadde arbeidd som journalist sidan 1942. Både som journalist og som fylkeskonservator hadde Jon Bergsåker opparbeidd seg ein stor kunnskap om fylket han virka i og han har skrive ei rekke med bøker og artiklar, både i fagblad og i aviser, såleis òg i «FOLK i Ryfylke».

# Eit bygdemeieri blir lagt ned

AV NJÅL TJELTVEIT

---

**Mørk er januarkvelden slik januarkveldar skal vera. Året er 1980. Ein flokk bønder i Hjelmeland sig mot bedehuset etter dei har gjort unna kveldsmjølkinga og krope or arbeidskleda. Det er ikkje Gud som kallar på dei i kveld, men mammon. Bøndene veit om alvoret som fyller kveldsstunda. Det handlar ikkje om boka over alle bøker, men om lommeboka. I kveld skal lagnaden til det 77 år gamle meieriet i Årdal avgjerast på Hjelmeland bedehus.**

---

Mange små meieri er blitt borte dei siste åra. Det løner seg å leggja ned bygdemeieri og frakta mjølka med tankbil til moderne stormeieri i sentrale strok. No er turen kommen til meieriet i Årdal. Dei fleste hjel-melandsbøndene har nok gjort seg opp ei mening før utelampa på bedehuset skaffar dei lysveg mot inn-gangsdøra.

## FORHANDLINGAR

Styret for Årdal Meieri har vore i forhandlingar med Rogalandsmeieriet. Det veit leverandørane. Sommar-en 1979 låg det føre eit resultat av desse drøftingane. Her sa Rogalandsmeieriet seg interessert i å ta over meieriet i Årdal. Meieriet skulle då leggjast ned og mjølka fraktast til det nye anlegget til Frue Meieri på Grannes i Sola, tett ved grensa til Stavanger. Rogalandsmeieriet stilte eit viktig vilkår: Rogalandsmeieriet måtte få tilskot frå statlege jordbruksmidlar som dekka kostnadene på 600 000 kroner med å frakta mjølk frå Hjelmeland til Sola.

for finansiering av investeringar. Mange bygder mangla det formidlingsinstrumentet sparebankane kunne vere mellom den ledige kapital som fanst og det eksisterande kapitalbehovet. I fleire sparebankhistorier vert dette framheva som eit viktig moment bak opprettinga av bank i bygda. Frå Finnøy er det t.d. fortalt: «Det var ikkje så før i tida som nå, at når ein mann trong pengar, kunde han gå i ein bank og låna dei. Nei, ingen bank var det i bygdene, og ingen hypotekbank heller. Skulde ein låna pengar, laut ein venda seg til privatfolk. Men det var ikkje mange av desse heller som hadde noko nemnande å låna ut, og så vart folk heilt faste når det var noko som trongst meir pengar til enn dei hadde sjølv.»<sup>6</sup>

Andre halvdel av 1800-åra var dei private aksjebankane si tid. Sju av dei tolv bankane som vart etablerte i Ryfylke før 1900 var privatbankar. Desse bankane vart etter kvart avvikla. Privatbanken i Sjernarøy innstilte etter ikkje så mange års drift<sup>7</sup>, Sand Sparekasse avvikla på 1880-talet og begge privatbankane i Årdal rundt århundreskiftet. Då var det berre Rennesøy, Hjelmeland og Jelsa att. Jelsabanken vart overtaken av kommunen og omdanna til regulær sparebank frå 1/1-1917. Privatbankane på Hjelmeland og i Rennesøy innstilte ikkje formelt før mot slutten av 1920-talet.<sup>8</sup> I Kvitsøy vart det starta privatbank i 1908. Frå 1/1-1927 vart banken overtaken av kommunen og omdanna til sparebank.<sup>9</sup>

I åra før første verdskrigen vart det også oppretta sparebankar i delar av Ryfylke som før hadde vore avhengige av andre bygdebankar eller bankar i Stavanger. Bak opprettinga av bank kunne det ligge fleire motiv. Ønskjet om eit banklokale i bygda var viktig, der ein kunne få utføre enkle bankærrend. Eit anna ønskje var at inntektene av bankdrifta skulle tilfalle bygda sin eigen bank og ikkje ein bank i nabobygda

eller i byen. Vi finn også ei meir eller mindre klart uttalt forventning om at opprettinga av ein sparebank skulle verke til å stimulere næringslivet i bygda. På denne bakgrunn kan vi forstå etableringsbølgja i åra før 1914, som førte til at praktisk tala kvar kommune fekk sin sparebank.

Sjølv om bankdekninga var mangelfull, vart bankane likevel ikkje etablerte i eit finansielt tomrom. Trongen for å ta opp lån har vore der så lenge vi har hatt eit pengestell. I det temmeleg reine bondesamfunnet Ryfylke lenge var, oppstod det viktigaste finansieringsbehovet i samband med gardkjøp ved overgang til sjølveige på gardane. Sidan var der eit kapitalbehov ved kvart brukarskifte. Utskiftingar av gamalt bruksfellesskap med flytting av hus, særleg etter utskiftingslova av 1857, vart ofte dyre for bøndene. Difor måtte mange låne pengar til det.

Kva finansieringskjelder fanst det så før bygdebankane kom? Det kunne vere lån frå den tidlegare eigar av garden ved brukarskifte, i form av ein panteobligasjon. Det kunne vere private lån frå velståande bønder i bygda eller i nabobygder. Flesteparten av dei gardar og bruk som hadde vore åtte av kyrkjelege institusjonar vart selde til brukarane i første halvdel av 1800-talet. Dei som kjøpte kunne få lån av Opplysningsvesenets Fond. Vidare dreiv overformynderia, i vårt distrikt Ryfylke overformynderi, utlån av dei betydelege midlar dei hadde i forvaring<sup>10</sup>. Privat gjeldsstifting elles utan pantetryggleik er eit uutforska område. Denne måten å skaffe pengar på i eit knipetak varte ved også etter at bankane kom inn på arenaen, og den eksisterer jo framleis.

Det er viktig å vere klar over den store skilnaden mellom bankdrift på bygdene før i tida og no. Dagens bygdebankar held til i staselege bygg, har ope heile dagen og er styrt av folk med utdanning frå Bank-

akademiet. Slik har det ikkje vore så lang tid. Lenge var det vanleg med eit par timars opningstid for veka, t.d. kvar laurdag ettermiddag. Ofte leigde banken lokale i vanlege privathus, gjerne hos kasseraren. Direktørane i banken, som trass i den fine tittelen var vanlege styremedlemmer og bygdafolk utan noko form for bankutdanning, fatta dei nødvendige avgjelder om bankdrifta og var også med bak skranken og førte bøkene i lag med kasseraren. Mange småbankar fekk ikkje tilsett kasserar på deltid før etter mange års drift, og banksjef er noko ganske nytt i slike bankar. Opplæring i bankdrift fekk nye styremedlemmer gjerne ved å vere med i banken ein dag før dei sjølve skulle sitte bak skranken.

Som det kommunale sjølvstyret var bankdrift lenge eit fritidsarbeid for folk som var valde til det, og som berre fekk symbolsk løn for innsatsen. Vi bør ha dette i mente når vi vurderer bygdebankane i fortida.

#### VANSKAR ETTER 1. VERDENSKRIG

1. verdenskrig baud på ei kraftig oppheting av økonomien, særleg innanfor dei maritime næringane. Innan sildeeksport og skipsfart var det ei tid eventyrlege fortenester med påfølgjande kraftig spekulasjon. Inflasjonen var stor og pengemengda auka kraftig. Bankane fekk mykje innskotskapital, som det galdt om å låne ut att. Den tradisjonelle forsiktige utlånbspolitikken og dei strenge krava til tryggleik vart ofte gløymt under inntrykket av stigande prisar og verdiar. Då konjunkturane snudde hausten 1920, var det difor ikkje til å unngå at mange bankar fekk tap på utlån. Forretningsbankane fekk dei største problema. Dei to aksjebankane i Stavanger, Stavanger Privatbank og Stavanger Handels- og Industribank, vart sette under offentleg administrasjon i 1923 og heilt avvikla eit tiår seinare.

Forretningsbankar i Haugesund, Egersund og på Jæren gjekk også under<sup>11</sup>.

Bygdesparebankane i Ryfylke og på Jæren unngjekk å bli rivne med av spekulasjonsbølgja under verdenskrigen og kom gjennom etterkrigskrisa utan alvorlege vanskars. Dei fleste låg i kommunar som



*Det var fire bankar i Suldal kommune som i 1975 gjekk inn i banksamarbeidet SR-bank Rogaland. Det var bankane på Jelsa, i Erfjord, i Suldal og på Sand, der banken på Sand var den største. I dag heiter det SR-bank Suldal, med hovudkontor i gata på Sand, som dette biletet viser, og filialar i Suldalsosen, Erfjord, Jelsa, Vatlandsvågen og Nesflaten. Dei fire sistnemnde stadene er det berre opningstider ein dag i veka. Store avgjerder i bankens liv vert elles tekne i Stavanger. Biletet kan òg illustrera den moderne bankarkitekturen i bygdene våre.*

hadde ført ein forsiktig budsjettpolitikk, og som hadde eit næringsgrunnlag der dei maritime næringane spelte ei underordna rolle. Desse bankane sine reservar var store nok til å tolle dei tapa som unngåeleg melde seg når låntakarane fekk vanskars med å greia forpliktingane sine. Likevel kan vi finne døme på at sjøl små sparebankar langt borte frå sildespekulasjonane fekk merke ringverkningane av bankkrisa.

Ein slik bank var Jelsa Sparebank, ein av dei aller minste bankane i fylket. I 1920 var bankens stilling solid. Forvaltningskapitalen var på knapt 1,4 mill. kroner, eigenkapitalen på kring 80.000 kroner. Problema knytte seg til eit stort lån på 100.000 kroner til Stangeland kommune i 1920 og 150.000 kroner til Avaldsnes kommune i 1922-1923. Alle vurderte kommunelån som svært sikre engasjement, men dette skulle snart syne seg ikkje å halde stikk. Dei to Karmøy-kommunane hadde ein vaklande økonomi på grunn av vanskane i sildefisket og sildehandelen, og alt i 1924 slutta dei å betale renter og avdrag på låna. Kommunelåna vart til blylodd som sakte trekte banken under, og det såg ut til at Jelsa Sparebank var dømt til ein langsom undergang. Tap på innskot i dei to forretningsbankane i Stavanger og i Ogna Privatbank forverra stillinga.

Men banken heldt det gåande til 1933, då dei måtte be om akkord. Den vart innvilga med 86 prosent dekning til dei uprioriterte kreditorane. Eit lån på 50.000 kroner frå Garantikassen for sparebanker sette banken i stand til å berge seg og gradvis styrke si stilling<sup>12</sup>.

#### OPPRETTINGA AV SR-BANK

I etterkrigstida arbeidde dei små bygdebanksane i Ryfylke om lag som før. Dei hadde ope berre nokre

timar for veka, førte sine bøker med penn og blekk og mangla stort sett utdanna bankfolk. Dei gamle kommunane eksisterte enno, og kvar kommune hadde sin sparebank.

Frå kring 1960 arbeidde både styresmaktene og mange bankfolk for at talet på sparebankar måtte reduserast. Då kunne det vere fleire vegar å gå. Småbankar kunne slutte seg saman, eller dei kunne gå inn i større bankar. Regjeringa oppnemnde ein bankkomite i 1960, som kom med si innstilling året etter. Våren 1962 la Finansdepartementet fram ei stortingsmelding om bankstellet, der dei oppfordra bankane til å få i stand frivillige samanslutningar. Ballen vart spela over til dei enkelte bankane.

Korleis reagerar leiarar i små bankar når dei rent konkret skal ta stilling til spørsmålet om å slå seg saman med ein annan bank? Det er naturleg at dei tenkte tankar som: Vil vi tape sjølvråderett? Vil viktige spørsmål for bygda og kommunen bli avgjort heilt andre stader? Kva vil ein fusjon bety for mi vidare personlege karriere?

Rogaland Sparebanklag vart skipa i 1963, og det skulle bli eit instrument for samanslutning av bankar i fylket. Men enno skulle det gå meir enn eit tiår før den store samanslutninga vart ein realitet. I mellomtida kom det visse mindre fusjonar, der mindre bankar slo seg saman med større.

I nordfylket slo Sandeid Sparebank seg saman med Haugesund Sparebank i 1964, og året etter gjekk sparebankane på Nedstrand og i Tysvær inn i Torvestad og Skåre Sparebank i Haugesund. Bankane i Skjold og Vats og på Karmøy fekk også tilbodet, men takka førebels nei. Rennesøy Sparebank og Kvitsøy Sparebank vart fusjonerte med Hetland Sparebank i 1965, og Sjernarøy Sparebank følgde på året etter.

I februar 1965 heldt fylkesmannen og Rogaland

Sparebanklag eit møte der dei drøfta samanslutning av sparebankar. Der vart det hevd at sparebankane på Hjelmeland, i Fister og Årdal var i drøftingar om samanslåing. Forsand burde slåast saman med Strand Sparebank, og fylkesmannen ville ta initiativ til samanslutning mellom dei fire bankane i Suldal kommune - Sand, Suldal, Erfjord og Jelsa. Men ingen av desse påtenkte samanslutningane vart sette ut i livet. Det var betydeleg lokal motstand mot dei, og fylkesmannen måtte innsjå, i ein rapport han skreiv på slutten av 1965, at sakene kravde ytterlegare modning.

I dei følgjande åra stod planane om vidare samanslåingar av sparebankar stort sett i stampe. Men i Suldal kommune arbeidde dei vidare med saka i åra 1965-1969. Her syntet det seg at det ikkje var så lett for nabosparebankar å gå saman i samarbeid. Fusjon med ein større, fjerntliggende bank stod for somme som eit betre alternativ enn å bli juniorpartnar i ei samanslåing med nabobanken.

Det var fire sparebankar i Suldal kommune. Særleg Erfjord og Jelsa, men òg Suldal Sparebank var småbankar, Sand Sparebank var den desidert største, med ein forvaltningskapital meir enn dobbelt så stor som dei tre andre til saman. Sandsbanken tok mål av seg til å bli den einaste sparebanken i storkommunen. Dette møtte sterkt motstand i dei andre bankane, særleg i Suldal. Der innleidde dei i staden forhandlingar med Stavanger Sparekasse, og kom fram til ein avtale om samanslåing som forstandarskapet tilrådde i februar 1967. Men både i banken sine organ og i kommunestyret møtte planen så sterkt motstand frå eit betydeleg mindretal at dei to bankane fann det best å utsetje fusjonen til tida var meir mogen for det.

I byrjinga av 1970-åra kom det ny fart i arbeidet for å slå saman sparebankar, i regi av Rogaland Sparebanklag. Der vart Rolf Berg tilsett som distrikts-



Dette biletet viser styret for Finnøy Sparebank ved 100-årsjubileet i 1952. Det er, framme frå venstre: Olav Mjølsnes, Geirulf Lauvnes og Olav Reilstad. Bak frå venstre: Jon Østhush, Torstein Flesjå og Gunnar Alsvik.

konsulent i 1971, og året etter vart det nedsett ein breitt samansett strukturkomite. Deira innstilling lanserte ein ny idé: I staden for at den største banken skulle vere hovudkontor for samanslutninga, gjekk utvalet inn for å etablere ein ny fellesadminstrasjon, medan dei enkelte sparebankane skulle behalde ein stor grad av sjølstyre. Dette hadde lettare for å vinne tilslutning, og det var denne modellen som til slutt vart lagt til grunn for Sparebanken Rogaland. Men før ein kom så langt, måtte det mange rundar med sonderingar og drøftingar til, i fleire ulike fora. For å gjere ei lang historie kort: 18. september 1975 møtest formennene i representantskapen i 22 sparebankar for å skriva under avtalen om opprettinga av Sparebanken Rogaland. Banken kom i drift 1. oktober 1976.

## KVIFOR VERE STOR NÅR EIN ER LYKKELEG SOM LITEN?

Dei fleste sparebankane i Ryfylke valde å gå inn i Sparebanken Rogaland. Det galdt Forsand, Strand, Årdal, Fister, Erfjord, Jelsa, Sand, Suldal og Finnøy og det galdt Skjold, Vats og Imsland i nord. Strand hadde først fusjonert med Stavanger Sparekasse i 1974, dei fire bankane i Suldal kommune gjorde det same året etter. Dei som gjekk inn i SR-Bank, vona på å få del i ein storbank sin styrke samtidig som dei heldt fast ved den mindre, lokale banken sine føremunar, ikkje minst når det galdt lokalkjennskap til låne-kundar.

To sparebankar i Ryfylke valde å stå utanfor den nye samanslutninga. Det var Hjelmeland og Sauda. I dei andre regionane i fylket var det også somme bankar som heldt seg utanfor. Det galdt Haugesund, Avaldsnes og Bokn i nord, Hetland og Sandnes i Stavanger/Sandnes-området, Klepp, Time og Sokndal i sør.

Kvifor såg desse seg best tente med å halda fram som sjølstendige bankar? Vi skal sjå litt nærmare på det for Ryfylke-bankane sitt vedkomande.

Ein faktor var storleiken på banken. Dei to bankane som valde å stå utanfor i 1975, Hjelmeland og Sauda, var dei største av dei gjenverande sjølstendige bankane i Ryfylke. Strand Sparebank og Sand Sparebank var begge større, men dei hadde alt slege seg saman med Stavanger Sparekasse, som vi har hørt. Sauda Sparebank hadde ein forvaltningskapital på 30,7 mill. kroner i 1973, Hjelmeland Sparebank hadde 15,4 mill. Alle dei andre bygdabankane i Ryfylke låg under 10 mill. kroner. Skjold hadde 9,8 mill., Finnøy 9,5, Årdal 8,8, Vats 8,5, Forsand 6,9, Fister 3,7 og Imsland 3,2 mill. kroner i forvaltningskapital. Ryfylkebankane vart småsøsken i SR-Bank. I 1986 hadde dei ein for-

valtningskapital på 886 mill. kroner til saman, og det utgjorde berre 10 prosent av den samla forvaltningskapitalen i SR-Bank på knapt 9 milliardar kroner. Stavanger Sparekasse stod åleine for vel 3 milliardar<sup>13</sup>. Det var nok slik at dei mindre bankane følte at dei var små i 1970-åra og at dei kunne trenge å gå inn i ei større samanslutning for å kunne møte framtida. Kreditbehovet i jordbruket og anna lokalt næringsliv var stadig stigande, og dei små bankane fekk problem med å stetta fleire lånekundar. Dei noko større bankane derimot hadde ikkje det same problemet.

Det kjem klart fram for Hjelmeland Sparebank sitt vedkomande. Der var det heilt frå starten av uvilje mot å gå inn i forhandlingar om samanslutning med andre bankar. I 1973 gjorde forstandarskapet vedtak om ikkje å gå inn i Sparebanken Rogaland etter den skissa som strukturkomiteen av 1972 hadde lagt fram<sup>14</sup>. Leiande personar i styre og forstandarskap hadde ikkje tru på stordriftsføremunane som det vart argumentert med frå Rogaland Sparebanklag og andre som ivra for fusjonar. Banken stod seg godt, og dei hadde tru på at det skulle han kunne gjera for framtida òg, på eigne bein. Det var nok slik at bak det standpunktet låg det ikkje nødvendigvis så grundige bankmessige vurderingar. Kjensler spela ei stor rolle; vi må hugse at dette var berre to-tre år etter EF-avstemminga, der trua på eigne krefter lokalt og nasjonalt vart kraftig styrka.

Hjelmeland Sparebank hadde også gjennom fleire år hatt eit temmeleg nært samarbeid med Bøndernes Bank i Stavanger. Det samarbeidet gjorde det muleg for banken å utføra eit breiare register av bankforretningar enn det som var vanleg for ein bygdabank. I Finnøy og Rennesøy samarbeidde sparebankane med Bøndernes Bank om større utlån<sup>15</sup>. Slik var det ikkje så mykje av i Hjelmeland. Banken her hadde heile

tida eit betydeleg netto innskot i Bøndernes Bank.

Dei to andre bankane i Hjelmeland kommune, Fister Sparebank og Årdal Sparebank, valde å gå inn i Sparebanken Rogaland. På styremøte i Fister Sparebank 17. november 1973 vedtok styret å tilrå overfor forstandarskapet å ta opp forhandlingar med tanke på oppretting av det som då vart kalla Rogaland Sparebank. Styret peika på at det hadde vorte stadig vanskelagare å kunne stetta kreditbehovet i bygda. Dei såg det slik at «med den utvikling ein har i bygda, vil det truleg verta heller vanskeleg for banken å stetta alle rimelege krav til service og kredit som kundene har krav på i ein framtdsretta bank.» Skulle banken ha ei framtid som gagna bygda, burde ein gå i forhandlingar med tanke på samanslåing med andre<sup>16</sup>.

Saka vart handsama på forstandarskapsmøte i Fister Sparebank i romjula 1973, og der vart det fatta vedtak om å gå til forhandlingar. Formennene i styret, i forstandarskapet og i kontrollnemnda vart valde til forhandlingsutval<sup>17</sup>. Vedtaket seier ikkje noko om kor stort fleirtal det var som gjekk inn for dette, men vi veit at det var ein viss uvilje frå nokre i forstandarskapet til tanken om fusjon.

I Årdal Sparebank gjorde dei styrande organa tilsvarande vedtak på same tid. Styret gjekk inn for strukturkomiteen si innstilling på sitt møte ei veke før jul i 1973, og i forstandarskapsmøtet i romjula vart det òg fatta vedtak om å ta opp forhandlingar med tanke på oppretting av Sparebanken Rogaland<sup>18</sup>. Halvtanna år seinare, då forhandlingane var sluttførte, vart endeleg vedtak fatta i eit ekstraordinært forstandarskapsmøte i Årdal Sparebank 27. juni 1975. 8 røysta då for samanslutning, ein røysta mot og ei røyst var blank.

Våren 1975 handsama Hjelmeland kommunestyre saka om oppretting av Sparebanken Rogaland, etter oppmoding frå forstandarskapa i Fister og Årdal spa-



*Eksteriør frå Sjernarøy Sparebank, Aubøsund, slik lokalet såg ut då banken vart overtaken av Hetland Sparebank i 1966 og vart avdelingskontor under denne banken. Biletet er frå 1982. Dette året oppretta kommune og bank eit nært samarbeid om bibliotekfilial. Då banken flytta inn i nye moderne lokale i 1990, fekk også biblioteket sin rommelege plass der. Dette er uttrykk for ein type engasjement i lokalsamfunnet som vi gjerne vil forbinda med sparebankane våre. (Tilh. SR-bank, Stavanger)*

rebankar. Dei hadde ikkje noko å merka til at Fister og Årdal sparebankar gjekk inn i fylkesbanken, men understreka at dei lokale bankane måtte haldast oppe som eigne lokale einingar. I ein protokolltilførsel frå Georg Vika, formann i forstandarskapet for Hjelmeland Sparebank, vart det framheva at kommunestyret måtte støtta opp om Hjelmeland Sparebank sitt ønske om å halde fram som eigen bank<sup>19</sup>.

I Sauda sparebank sa dei nei til samanslutning i forstandarskapsmøte den 13. november 1973. Dei sa det på ein fin måte: «Forstandarskapet i Sauda Sparebank vil førebels ikkje gå inn for samanslåing av alle sparebankane i Rogaland til ein bank. Saka vert tatt opp til ny handsaming når bankstrukturen i fylket er meir avklara.»<sup>20</sup>

Ettertida har synt at dei styrande i sparebankane på Hjelmeland og i Sauda vurderte rett då dei trudde at banken ville greia seg godt på eigne bein. Dei mindre sjølvstendige bankane har greitt seg godt heile tida, medan samanslutninga SR-Bank har slite med tap og underskot dei siste åra som resultat av utlånggaloppen på 1980-talet.

Dei sparebankane som valde å stå utanfor SR-Bank, har seinare oppretta eit samarbeid gjennom forumet Rogaland Samarbeidende Sparebanker, forkorta RSS. Det har vore nokre endringar gjennom åra, ved at nokre sparebankar etter kvart har gått inn i SR-Bank. I dag er det åtte bankar som er med i RSS. Forutan Hjelmeland og Sauda sparebankar i Ryfylke, er det Etne, Haugesund og Skudenesh & Aakra i nord, og Sandnes, Klepp og Time i sør. Det er sjølvstendige bankar som er med i RSS. Samanslutninga har eit Fellessenter med sete i Haugesund, der ein tilsett i Haugesund Sparebank arbeider med RSS på deltid. Noko forretningsmessig samarbeid er det ikkje mellom bankane. RSS driv for det meste med møte, konferansar, fagdagar, kurs og skulering for tilsette og for tillitsvalde i bankane. På den måten haustar bankane stordriftsfordelar på skulerings- og opplæringssida. Dei deltagande bankane ser på dette som viktig. Dei sparar også pengar på kurskontoen. I staden for at kvar bank skal sende folk til større kurs i Oslo eller andre sentrale strok i regi av Sparebankforeningen, får gjerne RSS dei same föredragshaldarane til Rogaland til lokale kurs her<sup>21</sup>. RSS vert også brukt som eit forum for å utveksle erfaringar om bankdrift mellom bankane.

Banksituasjonen i Ryfylke i dag er slik at Sparebanken Rogaland har 12 avdelingskontor og filialar frå Forsand i sør til Nesflaten i nordaust og Finnøy i vest. Dessutan finst det ein sjølvstendig sparebank i Sauda og ein på Hjelmeland. Opprettinga av storeininga Spa-

rebanken Rogaland har ikkje ført til nedlegging av lokalkontor, slik fusjonar ofte gjer. Derimot har styringa etter kvart blitt flytta frå lokalkontora til hovudadministrasjonen i Stavanger. Lenge hadde kvart lokalkontor eige styre og eige forstandarskap. For nokre år sidan vart dei avvikla, og i dag er det berre eitt hovudstyre for banken og eitt forstandarskap. Mindre lånesøknader vert avgjorde av den lokale banksjefen, større engasjement vert handsama av hovudstyret. Den folkeleg-demokratiske påvirkninga på utlåンspolitikken som ein hadde før gjennom dei lokale bankstyrta, har blitt borte. Om det har gitt seg utslag i ein endra utlåンspolitikk utover bygdene, skal vere usagt.

Frå å vere lokale institusjonar prega av amatørar og frivillige har sparebankane vakse fram til å bli lokale og regionale kreditinstitusjonar drivne av profesjonelle bankfolk. Mange vil meine at noko er tapt i denne prosessen. Men samtidig har sparebankane si evne til å omstille seg i takt med samfunnsutviklinga sikra deira eksistens og bevart deira historiske rolle som sentrale institusjonar i det økonomiske livet i bygdene.

#### **Notar:**

1. Njål Tjeltveit: Hjelmelandsvågen. Ein strandstad i Ryfylke. Stavanger 1986 s. 107 ff.
2. Rennesøy prestegjeld 1837 - 1937, Stavanger 1937 s. 151-155.
3. Indikasjonen på at Sand Sparekasse starta i 1855 er at låneprotokollen for banken tek til det året. Låneprotokoll SR-Bank Sand 3202/1.
4. Opplysningar om bankane i Sjernarøy frå Ragnvald Hidle, Nærø, som arbeider med bygdebok for Sjernarøy.
5. Jelsa Sparebank er eit direkte framhald av den private aksjebanken på Jelsa. Den heitte òg opprinneleg Jelsa Sparebank, men vart omdanna til A/S Jelsa Privatbank i 1897. Frå 1/1 1917 vart privatbanken overdragen til kommunen og vart omdanna til sparebank.

6. Olav Mjølsnes: Finnøy Sparebank gjennom 100 år 1852–1952 s. 22.
7. Opplyst av Ragnvald Hidle.
8. Etter at Hjelmeland Kommunebank kom i drift i 1907, var nok privatbanken ein passiv bank. Sjå Jan Ommundsen: «125 år i lokalsamfunnet si teneste». *Bygdaposten* nr. 4 og 6 1977.
9. Rennesøy prestegjeld 1837 - 1937 s. 155 f.
10. Dette oversynet over finansieringsinstitusjonar er basert på ei rask gjennomblading av panteregisteret for Hjelmeland for første halvdel av 1800-talet. Det er altså berre lån mot pant i fast eigendom vi her har omtalt.
11. Helge W. Nordvik - Gunnar Nerheim - Trygve Brandal: Penger spart penger tjent. Sparebanker og økonomisk utvikling på Sør-Vestlandet fra 1839 til 1989. Stavanger 1989, s. 130 ff.
12. Etter Bankinspeksjonens arkiv i Riksarkivet, mappa for Jelsa Sparebank og styre- og forstandarskapsprotokollar for banken. Sjå òg Nordvik-Nerheim-Brandal op. cit. s. 139-141.
13. Årsmelding SR-bank 1986.
14. Vedtak i forstandarskapet i Hjelmeland Sparebank i sak 19/73 Det følgjande bygger òg på samtalar med Ottar Rosså, banksjef i Hjelmeland Sparebank frå 1973, og Georg Vika, formann i forstandarskapet 1972 - 1979.
15. Nerheim-Nordvik-Brandal op.cit. s. 255f.
16. Fister Sparebank, styreprotokoll, møte 17.11.1973, sak 44/73.
17. Fister Sparebank, forstandarskapsprotokoll, møte 28.12. 1973, sak 7.
18. Årdals Sparebank, styremøte 17.12.1973 og forstandarskapsmøte 28.12. s.å.
19. Hjelmeland kommune, kommunestyremøte 02.05.1975, sak 79/75.
20. Sitert etter Lars Viland: Sparsemd og varsemd. Soga om Sauda Sparebank 1892 - 1992. Sauda 1992 s. 151.
21. Opplyst av Ottar Rosså, Banksjef i Hjelmeland Sparebank.

Trygve Brandal, født 1953 på Sunnmøre, er cand. philol med hovudfag i historie. Han er bygdebokskrivar i Hjelmeland, men har i tillegg skrive artiklar om lokalhistoriske emne og vore medforfattar til større lokalhistoriske publikasjonar både frå regionen og fylket.

# Innkjøpslag i Ryfylke

AV ERNST BERGE DRANGE

---

**Bøndene hadde sine «samvirkelag» før handelslaga kring 1910 byrja dukka opp kringom i Ryfylke-bygdene. Det var dei såkalla landmannslaga, som forutan å ha ei fagleg side knytta til Landhusholdningsskapet, fungerte som innkjøpslag kringom i dei små bygdelaga.**

---

Innafor systemet av landbruks-samvirke var det innkjøp av driftsmiddel som først fekk nedslag i Ryfylke. Det kom frametter 1800-talet som resultat av produksjonsauke, introduksjon av nye reiskaper og kommersialisering i jordbruket.

Landhusholdningsskapet spelte tidleg ei rolle med fagleg påverknad og - på eit vis - økonomiske subsidiering. Dette er omtala i den første artikkelen i denne boka (s.13ff). Dei såkalla sokneselskapa (1830-40-talet), sidan landboforeiningane (1860-talet), slo seg saman om innkjøp av større vareparti gjennom Landhusholdningsskapet.

Ei ny rørsle med organisering av lokal-lag under Landhusholdningsskapet kom i gang på 1890-talet og det vert ikkje lagt skjul på at det var utsiktene til gunstige felleskjøp som var den viktigaste motiveringa.

Etter nokre år med ei samanslutning på sida av Landhusholdningsskapet (sjå s.16), overtok selskapet felleskjøpet i 1899, under det lange namnet «Stav-

anger amts Landhusholdningsselskaps fællesindkjøp». Dette året reknar Rogalands Felleskjøp som sitt stiftingsår, om det først var i 1919 det fekk eige styre.

Ved årsskiftet 1970 gjekk Rogalands Felleskjøp og Agder Kjøpelag saman i organisasjonen Rogaland og Agder Felleskjøp. I sluttan av tiåret skulle slakterisamvirke i dei to Sørlandsfylka og Rogaland gå tilsvarende saman, «ein stor og ein liten», til Agro Felles-slakteri.

Medan Felleskjøpet gjennom sin lange historie berre har hatt «samvirkelag» (handelslag, innkjøpslag) som medlemslag, har det frå 1990 formalisert omsetninga også til private forhandlarar. Det var i samband med at Felleskjøpet overtok T. Skretting A/S sin landbruksdivisjon.

Denne artikkelen vil fokusera systemet med lokale kjøpelag i Ryfylke. Dei oppstod både noko tidlegare og parallelt med handelslaga, men med ei større spreiing og ei tettare lokal forankring i små bygdesamfunn enn det handelslaga hadde. Artikkelen er ein

# LOVER

for

## Rogalands Felleskjøp

Vedtatt på generalforsamling 28. oktober 1919.

(Med forandringer av 1/4 1921 og 27/3 1923).

### § 1.

Rogalands Felleskjøp — som er opprettet av Rogalands landbrukselskap — har til formål å forsyne sine underavdelingers medlemmer med gode, kontrollerte varer til billigst mulige priser, spesielt kraftfør, kunstgjødsel og såvarer, men også andre forbruksartikler som styret til enhver tid måtte bestemme, likesom styret med representantskapets tilslutning kan la opta andre virksomheter til landbrukets fremme

### § 2.

Felleskjøpet er et selskap med begrenset ansvar og uten bestemt kapital. Dets forretningskontor og verneting skal være i Stavanger.

### § 3.

Felleskjøpets styre skal bestå av 5 medlemmer, hvorav 1 velges av Rogalands Landbrukselskap og 4 på årsmøtet av representantene for de tilsluttede foreninger. Styremedlemmene forretter i 2 år (første gang utgår 2 ved loddtrekning etter 1 års tjenestetid). Der velges hvert år 5 suppleanter — 1 av landbrukselskapet og 4 av årsmøtet. Styret velger etter hvert nytt valg formann og nestformann innen sin midte. Disponenten fungerer som styrets sekretær og har til alle tider å forelegge de saker som skal behandles av styret.

Faksimile av første sida av ein faldar med lovene for Rogalands Felleskjøp av 1919. Tidlegare var felleskjøpet ein integrert del av Stavanger amts Landhusholdningsselskap.

freistnad på å setja namn på og kan hende kveikja interessa for ei vidare undersøking av dette systemet og den rolla det spelte. Noko uttømmande analyse er det såleis ikkje snakk om.

Rogalands Felleskjøp «har til formål å forsyne sine underavdelingers medlemmer med gode, kontrollerte varer til billigst mulige priser, spesielt kraftfør, kunstgjødsel og såvarer, men også andre forbruksartikler som styret til enhver tid måtte bestemme», heitte det i § 1 i dei gamle lovene for Felleskjøpet (1919).

Gjennom nettet av kjøpelag kunne bøndene gjera innkjøp gjennom ein av sine eigne, den som tok på seg, tok seg tid til og framfor alt hadde kunnskapar om rekneskapsføring og forretningsdrift. Varene kom gjerne sendande i større kvanta med rutebåt til det lokale kjøpelaget. Dei vart registrerte, fordele på tingarane og tekne med heim. Leveringsordningane skulle elles endra seg i takt med utviklinga i transport- og samferdslesystemet frametter 1900-talet. I dag leverer Felleskjøpet mjøl og kraftfør i «bulkbilar» på kvar manns tun.

## INNKJØPSLAG FØR 1930

Jone Vadla, tidlegare administrerande direktør i Felleskjøpet Rogaland Agder, arbeidar med historia til Felleskjøpet. Han har velviljig sendt ein del opplysningar om medlemslag av Felleskjøpet i Ryfylke.

Frå første verdskrig og fram til 1930 kom det til særsla mange medlemslag frå Ryfylke. Det går fram av samlinga av fullmakter i Felleskjøpet sitt arkiv, datert og gjevne til dåverande forretningsførarar. Ut frå samlinga av fullmakter har Jone Vadla lista opp desse laga:

Nåv. herad	Laget sitt namn	Årstal	Forretningsførar
Sauda	Hellandsbygdens landbrugsforening	1913	Torstein Aarthun
	Saude landboforening	1914	Kristine Herheim
Suldal	Suldal landbrugsforening	1913	E. Amundsen
	Bygdens landbrugsforening, Jelsa	1913	Johs. Bjørklund
	Jelsa landboforening	1914	Svend A. Nordnes
	Fjeldbygdens landbrugsforening, Erfjord	1915	H.M. Helgeland
	Erfjordbygdens landbrugsforening	1915	Andreas Erfjord (1)
	Vasshus landbrugslag	1916	Albert Vashus
	Sandsbygdens landboforening	1916	Hadle Eide
	Fuglestens landbrugsforening	1916	J.G. Wigestrond
	Vanviks landbrugslag	1916	Martin Andersen
	Vormestrands indkjøpslag	1917	Lars T. Vormestrand
	Kvildals landbrugslag	1917	Odd Øystad
	Tveita indkjøpslag	1920	Johs. Tveita
	Suldalseid bondelag	1920	Rasmus Vidvei
	Foldøens landbrugslag	1920	Kristoffer Foldøen
Hjelmeland	Tangens landbrugslag	1924	Andreas J. Fatnæs
	Tengesdal indkjøpslag	1926	Palmer Tengesdal
	Fister landbrugsforening	1912	Th. Øvrehus (2)
	Jøsneset landbrugsforening	1913	Olav Skiftun (3)
	Randa landbrugsforening	1914	Lars O. Randa
Strand	Randøens Landbrugsforening	1914	Ole M. Sandanger
	Aardals landbrugsforening	1914	M. Austaraa
	Hjelmelands landbrugslag	1916	J. Haavog?
	Ombo landbrugsforening	1916	Ola Aukland
	Jøsenfjorden landbrugsforening	1916	Johne J. Valde
	Øie landbrugsforening	1917	Peder N. Øie
	Nessa jordbrukslag	1919	D. Kleppa
	Vormedalens bondelag	1920	Markus Driftland
	Tjeltvedt innkjøpslag	1921	Andreas Tuftene
	Nesvik landbrukslag	1922	Ommund Nesvik
	Strands landbrugsforening	1913	J. T. Bjordal
	Nordbygdens landbrugsforening	1915	Tomas Himle
	Idsø landboforening	1916	Rasmus L. Idsø

Forsand	Fossand landbrugsforening Nedrebø landboforening Lyselbotn landbrugsforening Espedalens landbrugsforening Øvre innkjøbslag, Helle	1911 1912 1913 1913 1924	Th. Schavland Per Nedrebø Gudmund Lyse Laurits Mæle Oskar Espedal
Finnøy	Helgøysund indkjøbslag Hidle indkjøbslag Halsnøy landmandslag Fogns landbrugslag Finnø landbrugsforening Talgø landmandslag Reilstad landmandslag Bjergøens indkjøbslag Jørstad landbrugsforening Sørvaag landbruksforening Kirkøen indkjøbslag Byre og Bokn landbrukslag Runestad innkjøpslag, Sørvåg	? 1913 1913 1913 1914 1914 1915 1915 1915 1916 1917 1920 1923	H.G.? Helgø N.A.M. Hidle Syvert O. Eike Søren Norland Chr. Vignes Rasmus J.Meling (4) Sverre N. Kindingstad Torsten Aartun Rasmus E. Hille H. A. Sørvaag Erling Joa Samson Byre Johs. Selvaag
Rennesøy	Sørbø landbrugsforening Bru landbrugsforening Indeklevs landbrugsforening Mosterø indkjøbslag Hanesands Indkjøbsforening Mosterø landbrugsforening Utstein Kloster indkjøbslag	1913 1914 1916 1916 1917 1919 1919	Håkon Galta Truls N. Bru Jan J. Østhus Andreas Risa Mikal Hanesand Andreas Galta (5) T. Finnesand
Kvitsøy	Ingen		

(1) Frå 1925 Erfjord landbrukslag med same forretningsførar.

(2) Frå 1925 Fister landbrukslag med Ivar Fister som forretningsførar.

(3) I 1925 fekk den same Olav Skiftun fullmakt frå styret i Jøsneset Handelslag på innkjøp i Felleskjøpet. Av lovene går det fram at dette var eit verkeleg handelsslag. Men det gjekk inn etter berre få år. Frå 1928 dreiv Olav Skiftun privat handel på Jøsneset fram til han døydde nokre år seinare (etter Trygve Brandal).

(4) Frå 1922 Talgø landbrukslag med Nils Meling som forretningsførar.

(5) Truleg eit framhald av Mosterø indkjøbslag av 1916.

Lista gjev likevel ikkje eit fullstendig bilet av kva tid laga vart starta opp. Fleire er nok eldre enn dei eldste kjende fullmaktene. Somme må gå attende til bølgja av lokal-lag av Landhusholdningsselskapet som kom på 1890-talet. Det vil i alle høve gjelda dei som har namn av landbolag eller landmandslag. Somme lag kan ha slumra ein periode og så registrert på nytt att med forretningsførar.



Til «stoppesnader» som dette har det gjennom tidene kome sendande ikkje lite driftsmiddel og landbruksreiskaper frå Felleskjøpet til bondene som låg i kaien sitt oppland. Helgøysund var med i rutenettet frå midt på 1880-talet, men lenge var der ikkje kai. Varene til dei lokale kjøpelaga kom sendande i større kvanta med rutebåtane. På kaien vart dei registrerte av forretningsføraren, fordelt på tingarane og tekne med heim. Helgøysund indkjøbslag går attende til tidleg i vårt hundreår og er framleis mellom Felleskjøpet Rogaland Agder sine medlemslag. Det kom privat landhandel i Helgøysund i 1928. I dag er også den private landhandelen med i Felleskjøpet sitt forhandlarnett. Her er det Ola Nygård-Talge, landhandlaren, som tek i mot last frå mjølkebåten. Sigurd Tandrevoll står ombord i båten. Bilete frå 1960-talet.

#### NEMNINGSBRUKEN

Det kunne rāda forvirring om nemningsbruken. Nordbygdens landbrugsforening i Strand vart oppløyst kring 1920. 11 gardbrukarar på Fiskå, som hadde sokna til denne foreininga, gjorde i staden opptaket til ei ny foreining året etter, «Holtas handelslag», med mottak av varer på Fiskå. Frå felleskjøpet kom det då ei innvending og ein førespurnad «om det er saa at forstaa at den nye foreining er et «handelslag», og i forbindelse hermed oprette utsalgssted». Dersom det var snakk om eit handelslag, med fast utsalsstad, måtte

Felleskjøpet få tilsendt lover som viste dette. Det heiter vidare i brevet, som ligg i Felleskjøpet sitt arkiv: «Hvis det derimot kun er en sammenslutning av gaardbrukere, vil vi henstille til Dem at den nye forening kaldes gaardbrukslag eller lignende, da man i saa tilfælde ikke kommer ind under de samme betingelser» (som handelslag). Det var nok det dei 11 oppsitterane på Fiskå hadde tenkt, og ikkje handelslag med fast utsalsstad.

Foreiningane som gjekk under namn av landbruksforeiningar eller landbrukslag hadde oftast ei fagleg

hovudmålsetjing, med medlemskap i Rogalands Landbrukselskap, som det t.d. heiter i lovene for Vanviks landbrukslag (Sand) av 1924 (§1): «Lagets formål er at fremme interesser som knyter sig til jordbruk, husdyrstel, havebruk m.v. gjennem fagoplysning, samarbeide og samvirke i de forskjellige landbrukets grene».

I § 2 heitte det at om laget skulle驱ra innkjøpsverksemid gjennom Rogalands Felleskjøp, måtte det stå som underavdeling av Felleskjøpet «og gå med på de betingelser som Fellesindkjøpet stiller med hensyn til vareleverance, betaling m.v., og må underskrive det av Felleskjøpet forlangte garantidokument».

Lovene til Vanvik landbrukslag av 1924 var elles langt på veg identisk med normal-lovene Landbrukselskapet sende ut for vedtak i lokal-laga nett på denne tida.

Laga som gjekk under namn av innkjøpslag har vore meir reine kjøpelag, utan det faglege innhaldet formulert. I praksis var nok innkjøppssida det viktigaste for begge typer lag og det som motiverte til aktivitet, trass i formuleringar om faglege målsetjingar.

#### FORRETNINGSFØRARANE - ØKONOMIEN

Både kasserarane i landbrukslaga og styrarane på handelsga måtte ha fullmakter frå medlemmene for å kunne gjera innkjøp i Felleskjøpet. I standard formulering, som dei lokale styremedlemmene skreiv under på, heitte det:

«Vi stiller os personlig og solidarisk ansvarlige som selvskyldnerkautionister for den gjeld, som vor forening til enhver tid staar i til Landhusholdningsselkapets fellesindkjøb, og for de forpligtelser, som ovennævnte fuldmægtig eller hans eftermand har stiftet der».

Dette tydde i praksis at alle medlemmer av laget var ansvarlege for tap som på ein eller annan måte kunne oppstå.

#### Representantar frå Ryfylke til årsmøtet for Felleskjøpet Rogaland Agder 1992

Representantar	Vararepresentantar
12. Trygve Høivik, Høyvik, 4190 Jelsa	Odd Inge Fuglestein, Foreneset, 4190 Jelsa
13. Sigmund Helland, Helland, 4230 Sand	Eirik Hoftun, 4240 Suldalsosen
14. Steinar Klingsheim 4130 Hjelmeland	Ola Mæle, 4137 Årdal i Ryfylke
15. Njål Inge Meltveit, 4120 Tau	Svein Torbjørn Alsvik, Tjøstheim, 4120 Tau
16. Odd Bleie, Reilstad, 4160 Judaberg	Jostein Roda, 4160 Judaberg
17. Håkon H. Austbø 4160 Judaberg	Peder Østhus, 4164 Fogn
18. Kjetil Edland 4156 Mosterøy	Årstein Aske, Askje, 4156 Mosterøy
19. Per Galta, Sørø, 4150 Rennesøy	Anders Nordbø, Vikevåg, 4150 Rennesøy

Dei frå Ryfylke utgjer 8 av 67 utsendingar frå 4 av 26 krinsar. I tillegg møter dei tilsette med 17 representantar. Ryfylke har også ein representant for styret i Felleskjøpet (Kåre Alsvik, med varamedlem Kåre Finnesand) og to i valkomitéen for årsmøtet 1992. (Kjelde: Årsmelding og rekneskap 1991. Felleskjøpet Rogaland Agder).

Det hende at Felleskjøpet henta inn lensmannsattester for å fastslå styremedlemmer i lokal-laga sin økonomiske soliditet.

Sidan vart ordninga med solidarisk ansvar avvikla (kring 1970), og dei siste tiåra har kvar kunde måtte gjera opp si gjeld overfor Felleskjøpet.

Kor stor omsetninga av driftsmiddel til jordbruket var gjennom kjøpelaga har ikkje vore undersøkt, men ser ein på mengda av lag og fordelinga av dei, må denne typen omsetning ha hatt mykje å seia i regionen. Til

årsmøtet for Felleskjøpet i 1966 vart talet på utsendingar avgrensa etter årskjøp for 1965. Innkjøp under kr. 50 000 gav ikkje rett til å senda representant til årsmøtet. Innkjøp mellom kr. 50 000 og 1 million gav 1 utsending. Etter dette var det 21 av 38 lokallag som kunne senda ein person. Innkjøp over 1 mill. kroner gav rett til to utsendingar. Det var det berre Årdal, Finnøy, Steinnesvåg Handelslag og Rennesøy Forbruksforening som nådde i. Felleskjøpet sitt arkiv, saman med arkiva til lokale kjøpelag, kan nok fortelja meir om dette.

#### TILBAKEGANG FOR SYSTEMET MED KJØPELAG

Avviklinga av dei lokale innkjøpslaga kom først og fremst etter krigen. Samferdsletilhøva vart mykje forbетra og det vart lettera å gjera innkjøp gjennom handelslaga, jamvel om dei kunne liggja eit stykke unna for mange kundar. Avfolkinga av bygdene hadde nok òg sitt å seia. Viktig i avviklingsprosessen har det dessutan vore at det kvilte mykje arbeid på kasseren i dei einskilde laga. Det var kveldsarbeid og det var - lenge - gratisarbeid. Medan dei eldre gjerne såg oppdraget som eit tillitsverv, har dei unge kvidd seg for å ta over på slike vilkår, jamvel om rekneskapsførarane i dag skal ha ein liten prosentdel av omsetninga som godtgjersle (1/2 prosent). Elles kunne därleg organisering av verksemda liggja bak låg aktivitet og avviklinga mange stader.

I 1965 hadde Felleskjøpet 56 medlemslag i Ryfylke. Av desse var 18 handelslag eller forbruksforeiningar. Av dei øvrige 38 laga hadde framleis 16 namn av innkjøpslag eller kjøpelag, 12 var landbrukslag (-foreiningar), 6 var jordbrukslag medan 3 hadde den gamle nemninga landmandslag (nemleg Halsnøy, Kyrkøy og Reilstad, alle i dagens Finnøy kommune). Til sist var det Strand Beitelag. Nye lag hadde

kome til og gamle vorte kveikte liv i att, også etter 1930. Mange lag hadde forresten berre kortare levetid.

Medan det i 1965 altså fanst oppunder 40 lokal-lag av Felleskjøpet i Ryfylke som ikkje var handelslag, er det i dag (1992) aktivitet i berre 12.

Felleskjøpet Rogaland Agder sin årsmelding for 1991 har med desse laga:

Suldal	Kvildal landbrukslag
	Vasshus landbrukslag
Finnøy	Mo landbrukslag (Sand)
	Fogn innkjøpslag
Rennesøy	Helgøysund innkjøpslag
	Talgje jordbrukslag
Strand	Sokn innkjøpslag
	Mosterøy landbruksforening
Forsand	Utstein Kloster jordbrukslag
	Heia innkjøpslag
	Sør-Hidle innkjøpslag
	Frafjord innkjøpslag

Halsnøy landmandslag er med på lista over medlemslag så seint som 1989.

Samanliknar ein denne lista med lista ovanfor, går det fram at fleire av dei 12 laga har ei særslig historie.

Det kan seiast at innkjøpslaga har halde stillinga mange plassar. Somme stader fungerar dei jamvel særslig godt. Det er likevel knapt nokon ekspansjon i talet på denne typen medlemslag for Felleskjøpet i Ryfylke, og der forma framleis er oppegåande, har det nok føresetnad i spesielle forhold som gjer at det løner seg. Framleis kan «geografien» spela ei rolle. Eller det kan vera kjøpelag som av lokale grunner er inne i gode spor med stor oppslutning og ein dyktig rekneskapsførar.

Så kan det - på den andre sida - vera det lokale handelslaget som ikkje tilfredsstiller kundane sine behov. Driftskostnadane vil dessutan òg lett verta mindre med eit kjøpelag som fungerar godt enn med eit handelslag, med lågare prisar som resultat. Kjøpelaga vil av slike grunnar naturleg nok fungera i konkurransen med handelslaga, særleg på store innkjøp/varer. Med omsyn til stifting av nye innkjøpslag, må det vera fleire personar som går saman om dette i dag enn tidlegare, noko som gjer det til eit større apparat å oppretta nye.

Nytt dei siste åra er at Felleskjøpet leverer varer gjennom private bedrifter. Mellom 36 medlemslag og forhandlarar av Felleskjøpet i Ryfylke i dag er det 10 private forretningar. Det hender òg at ein leverer direkte til kunden.

## EI UENDRA ROLLE GJENNOM HUNDREÅRET?

Felleskjøpet vart oppretta på 1890-talet som eit samvirke-tiltak. Landbruksinteresserte folk i Landhusholdningsselskapet sto bak i samarbeid med bøndene kringom i fylket. Føremålet var å få til mest mogeleg gunstige prisar og leveringsvilkår for driftsmiddel til landbruket. Det må kunne seiast at det verkar slik framleis. Diskusjonane om kor vidt «landbrukssamvirke» tener bøndene sine interesser eller byråkratiet som er bygd opp omkring dei, råkar ikkje utan vidare systemet med felleskjøp. Felleskjøpa har - i motsetting til meierisamvirke - konkurranse med private forhandlarar av maskinar, kraftfør etc., og må helst ha eit betre forhold til kundane enn det dei private har. Dette er ein prosess der felleskjøpa sentralt heile tida må koma bøndene - lokalsamfunna - sine behov i møte. «Som eit av bøndene sine samvirketiltak kan vi ikkje koma lenger enn tilslutnaden og samarbeidet



*Felleskjøpet Rogaland Agder sin logo, grønn firkant med bokstavar og kornaks i grønt på gul botn.*

med bøndene til ei kvar tid gir vilkår for», heitte det i ein artikkel i Bondevennen i 1970, i samband med samanslåinga av Rogaland Felleskjøp og Agder Kjøpelag. Dette vil for ein stor del gjelda også i dag. Samstundes er Felleskjøpet altså på veg inn på den «private» varemarknaden.

## Kjelder og litteratur

Felleskjøpet sitt arkiv, (gjennom Jone Vadla).  
Årsmeldinger/rekneskap for Felleskjøpet 1989 og 1991  
Bondevennen nr.1/2 1970

# Bygdehandelslaga var bøndene sine butikkar

## Privatkjøpmenn dominerte i mindre bygder

AV NJÅL TJELTVEIT

---

**Talmessig dominerer dei private butikkane i Ryfylke. Små og store landhandlar-verksemder har halde til på kaiar og andre sentrale plassar, medan handelslaga helst blei plasserte i kommunesentra. Mest tydeleg er dette om vi vurderer ut frå den kommunestrukturen som fanst fram til 1965. Private landhandlarar på bygdene kom for alvor frå sist på 1800-talet, og mange prøvde seg. Nokre gav opp etter kort tid, andre la grunnlaget for ei blømande verksemd der ein generasjon tok over etter den førre. Då handelslaga kom, blei det konkurranse mellom kundeeigde tiltak og private kjøpmenn.**

---

I denne artikkelen skal vi konsentrera oss om to problemstillingar:

1. Spenninga mellom handelslag og privateigde butikkar der desse konkurrerte.
2. Korleis private kjøpmenn gav eit betre desentralisert butikktilbod enn samvirkelaga.

### HANDELSLAGA TAR OPP KONKURRANSEN

I åra frå 1910 og framover kom det ei rad handelslag i Ryfylke. Samvirkeidéen fengde, og i mange bygder var det bøndene som stod sentralt i skipinga av handelslag. Det skjedde m.a. på Rennesøy i 1911, på Judaberg og Steinnesvåg i 1912, i Årdal i 1914 og i Vatlandsvåg same året. Sidan kom fleire til. I bygder som fekk medlemseigde butikkar, fanst det private handelsmenn frå før. Dermed blei det ikkje berre konkurranse mellom to eller fleire butikkar, men òg mellom to grunnidéar bak å driva butikkverksemd.

Når bøndene ofte viste att i skipinga av handelslag på bygdene i Ryfylke, må vi òg hugsa på at dette var den dominerande yrkesgruppa.

### BØNDENE VAR HANDELSLAGSFOLK

Det var altså bøndene som dei fleste stader i Ryfylke gjekk i brodden for å skipa handelslag. Handelslaga var medlemseigde som andre samvirketiltak, og bøndene såg på handelslaga som «sine» butikkar. Derfor handla bøndene der, og mange var svært bevisste handelslagsfolk. Handelslaga stod for sal av kraftfør og andre driftsmidlar gjennom Felleskjøpet, som også var eit samvirketiltak. Somme stader tok handelslaga mot egg for Rogaland Eggslag, eit anna andelslag som bøndene åtte.

Det gjekk mange år før ein god del av bygdehandelslaga melde seg inn i Norges Kooperative Landsforbund. Handelslaga stod derfor fritt til å kjøpa inn varer frå både kooperasjonen og private grossistar.



På Suldalsosen låg handelslaget og ein privat landhandel, Tor Straabø, side om side. Då den eine flytta frå vatnet og opp til gjennomfartsvegen, gjorde den andre det same. Dette er det nye forretningsbygget til Suldal Handelslag, sett opp i 1962. Det kan stå som eit døme på den moderne «samvirkelags-arkitekturen» i bygdene våre. Biletet er frå kring 1970. (Festskrift, Rogaland handelsstyrarlag)

I bygder med to butikkar der handelslaget og ein privat kjøpmann heldt til side ved side, fortel eldre bygdefolk at mange hadde klare sympatiar for handelslaget. Dette galdt særleg blant bønder. Å gjera vareinnkjøp hadde med ideologiske val å gjera. Andre støtta privatkjøpmennene utan at det gjekk føre seg nokon beisk konkurranse som fekk sterke kjenslemessige markeringar.

Frå dei fleste bygder i Ryfylke uttrykkjer eldre informantar at bøndene var dei ivrigaste handelslagsfolka. Dette er eit regionsdominerande fenomen. Bøndene slutta mest mannjamt opp om handelslaget, og bøndene dominerte i handelslagsstyra og på årsmøta.

Unntaka var Sauda og Jørpeland der kooperasjonen hadde tilslutning frå arbeidarrørsla. På Sand var både bønder og folk med annan yrkesbakgrunn med og skipa handelslag.

Fleire stader der handelsga kom som konkurrent til etablerte private butikkar, laut desse gi opp. På Nesflaten i Suldal var det to private handelsmenn då handelslaget starta i 1916. Begge blei borte. På Steinnesvåg i Finnøy slutta den eine av dei to private handelsmennene då handelslaget blei organisert i 1912. Han valde å selja butikken sin til handelslaget og etablerte seg i staden på Halsnøy i nabokommunen Fister.

På Østhusvik var det lenge to butikkar, men berre handelslaget overlevde og blei størst. Det same skjedde i bondebygda Årdal der handelslaget hadde eit solid overtak og var den dominerande butikken gjennom mange år. Kring 1960 gav den vesle private butikken opp. Det same skjedde på Judaberg.

Eit fellestrekk er at handelslaget med sterkt oppslutting frå bøndene som den dominerande yrkesgruppa i bygda, fekk overtaket. Fleire stader blei handelslaget einerådande, nokre plassar var privatkjøpmannen «minstebror», og berre få plassar greidde den private kjøpmannen å tevla på likefot eller få overtaket på samvirkebutikken. Bygdesentra som Judaberg og Vikevåg fekk store og dominerande handelslag, medan Suldalsosen og Hjelmeland var stader der handelslaget ikkje greidde å komma i ein dominerande posisjon.

#### KONKURRANSE I SØMELEGE FORMER

I bygder der handelslaget og ein privat kjøpmann konkurrerte attmed kvarandre, rådde det ei viss spenning der bygdefolket gjerne hadde klare standpunkt om kor dei ville handla. Vi har undersøkt konkurransesituasjonen mellom handelslag og privatkjøpmenn i fleire Ryfylke-bygder og konsentrert oss mest om situasjonen på Hjelmeland, i Suldalsosen og på Tau. Her låg det handelslag og ein privat butikk side ved side gjennom mange år.

Få stader har vi kunna registrera eit beiskt konkurranseforhold som splitta bygda i to flokkar. Likevel visste folk om kven som handla kor. Somme bønder slutta så målmedvite opp om handelslaget, at dei sette ikkje sin fot nokon annan stad.

Også i Hjelmeland brukte flest bønder handelslaget. Folk i Hjelmelandsvågen handla gjerne begge plassar. Nokre strandsitjarar undersøkte prisane i begge butik-

kane, og hos den private kjøpmannen Sigv. Tomstad var det gjerne litt lågare prisar på enkelte vareslag. Blant dei som ikkje var bønder fanst det mindre markert handlemønster. Nokre handla begge plassar, medan somme heldt seg mest på handelslaget og andre hos den private kjøpmannen.

Noko forenkla kan vi seia at bøndene brukte handelslaget, medan «småkårsfolk» i sentrum gjerne valde den private kjøpmannen. På Hjelmeland kunne det finnast bønder som aldri sette sin fot i den private butikken, men dette galdt ikkje mange. Også ivrige handelslagsfolk såg innom den private butikken der som handelslaget var lens for varer dei skulle ha, eller dei ønskte å prøva brøda eller kaffien hos den private kjøpmannen.

På Tau låg «forbruken» og ein privat handel ved sida av kvarandre. Ein jentunge frå ein gard der foreldra var handelslagsfolk, gjekk ein gong til privatkjøpmannen då ho blei send på kaien i handleærend. Handelsmannen kommenterte at ho bad om eit varenamn frå kooperasjonen. Jenta kjende seg undren og framand.

Forbruksforeininga hadde overtaket på Tau-kaien. Her fekk bøndene driftsmidlar, og den private kjøpmannen handla berre med vanlege daglegvarer. Det hende at kundar som blei misnøgde med eitkvart på handelslaget, gjekk over til konkurrenten. Men for både bønder, mølletilsette og andre var handelslaget den mest brukte butikken. Dei to butikkane konkurrerte med kvarandre, men prismessig var det liten skilnad.

Ein informant i Suldal peikar på at då ordninga med bonuslappar kom, gjorde dette det endå meir naturleg enn før å handla på ein stad. Handelslaget og den private kjøpmannen på Suldalsosen konkurrerte side ved side og gjer det enno. Då den eine butikken flyttet frå kaien nede ved Suldalsvatnet, flytte den andre snart

etter og reiste ny butikk. I seinare år har den private kjøpmannen styrkt sin posisjon i forhold til samvirke-laget.

Slekskap og vennskap talde for folk som handla hos den private kjøpmannen på Suldalsosen, men bøndene brukte handelslaget mest. Det var heller ikkje tale om nokon stor prisvariasjon mellom butikkane. Ikkje økonomi, men kjensler avgjorde kor ein handla. Konkuransen skjerpa dei to butikkane, men nokon knivskarp og kjensleladd konkurranse som splitta bygdefolket var det ikkje. Denne oppfatninga av forholdet mellom handelslag og private butikkar blir elles understreka av informantar frå mange bygder i Ryfylke.

#### I VATLANDSVÅG, MEN IKKJE PÅ JELSA

Jelsa strandstad har lange handelstradisjonar, men handelslag fekk bygda aldri. Men i Jelsa herad fekk Vatlandsvåg sitt handelslag som eitt av dei minste i Rogaland med veikt kundegrunnlag i ei etter måten isolert bygd. Her kom det i gang handelslag i 1914.

Kvifor fekk den vesle bygda Vatlandsvåg med Refsbygda i ryggen handelslag når det også her fanst ein privat handelsmann frå før? Forklareringa er nok at det i denne bygda budde fleire bønder som brann for samvirkelagstanken. Nokre initiativrike bønder med pågangsmot og leiareigenskapar bretta opp armane og gjekk i gang. Dermed blei det konkurranse mellom den private landhandlaren og den nye Nordefjordens Forbruksforening.

Folk slutta opp om den nye butikken, og den blei etter ei tid den einaste i bygda. Namnet blei sidan endra til Vatlandsvåg Handelslag. Styraren på handelslaget tok over som postopnar, og sidan flytta telefonen til handelslagshuset. I 1906-07 blei det skipa



På Jelsa - ein strandstad med lange handelstradisjonar i Ryfylke - kom det aldri handelslag. Eit av dei mindre bygdesamfunna i gamle Jelsa fekk derimot handelslag så tidleg som i 1914, Nore-fjordens Forbruksforening i Vatlandsvågen. Kundegrunnlaget var veikt i ei bygd der det alt fanst ein privat handelsmann, men folk brann for samvirketanken og den nye butikken vart etter kvart den einaste i bygda. (Fotograf John Kjølvik).

telefonselskap i bygda. Handelslaget i Vatlandsvåg driv framleis som sjølvstendig bygdehandelslag.

På Finnøy fekk Judaberg og Steinnesvåg handelslag same året (1912). Judaberg hadde mest preg av tett-stadsamfunn kring båtstoppestaden, men vestsida var eit like stort samfunn der dei fleste dreiv jordbruk. Som vi har hørt, slutta folk her så godt opp om handelslaget at denne butikken blei einerådande.

Andre bygder der ikkje kommunesenteret var til-haldsstad for handelslagsdrift var Nesflaten i Suldal, Saudasjøen, Østhusvik og Sørbø på Rennesøy og Dir-dal i Forsand. Tau var gammalt sentrum i Strand, men her voks Jørpeland fort og blei største bygda då stål-verket hadde fått trygt fotfeste.

## DER HANDELSLAGET IKKJE FEKK PLASS

Det var først og fremst sentrumsbygdene som fekk handelslag. Tar vi utgangspunkt i den kommuneordninga som fanst for Ryfylke før 1965, ser vi at i dei fleste kommunar fanst det handelslag i kommunenesenteret, medan det berre i nokre få bygder elles var handelslag. I nokre av dei mindre kommunane med spreidd busetnad og veik sentrumsdanning kom det aldri handelslag. Det galdt Sjernarøy, Fister, Erfjord og Mosterøy.

Her var kundegrunnlaget veikare enn i mange andre sentrumsbygder, og bygdefolket såg seg tente med det butikktilbodet som fanst. Folk budde spreidd med kvar sin kai som viktigaste samlingsstaden i kvar grend. Privatbutikkar hadde lang tradisjon, og det kosta å ta kampen opp. Kan henda var det ikkje sterkt nok samvirkemedvit heller. For skulle det startast handelslag, trongst det at nokon tok initiativet og greidde få god nok tilslutning til å kunna etablera ein ny butikk. I mindre bygder med kommunenesenterstatus er to grunnar dominerande når bygda ikkje fekk handelslag: det vanta igangsetjarar, og kundegrunnlaget var heller veikt når det fanst ein innarbeidd privatkjøpmann.

Vi har sett at det finst nokre døme på at ikkje berre sentrumsbygda i ein kommune fekk handelslag. Likevel er hovudmönsteret klart: Det var dei private kjøpmennene som sytte for eit desentralisert butikktilbod i Ryfylke. Utan privat initiativ frå lokale handelsmenn ville det gjennom åra ikkje vore handel ved mange av dei mellomstore og mindre båtstoppestadene i Ryfylke. Dei private kjøpmennene var òg først ute, og hadde eit historisk forsprang.

Gode døme på at det var privatkjøpmennene som gav bygdefolk eit desentralisert handletilbod, finn vi i Strand og Hjelmeland. I Strand kom det samvirkebutikkar på Tau og Jørpeland i tillegg til private han-

delsmenn. I Hjelmelandsvågen konkurrerte handelslaget og private kjøpmenn der ein privat handel dominerde attåt handelslaget. Men i mange andre bygder fanst det private landhandlarar, og det var heller mange av dei:

<i>Strand:</i>	<i>Hjelmeland:</i>
Fiskå	Vadla
Voster	Tøtlandsvik
Kjølevik	Skiftun
Alsvik	Ølesund
Bjørheimsbygd	Hundsnes
Heia	Skår
Solbakk	
Idse	
Kvalvåg	

Oversynet byggjer på den kommuneinndelinga i Ryfylke som fanst før 1965. Ikkje alle desse plassane har handel i dag.

Der grunnlaget for handel var veikast, måtte folk gle seg over private handelsmenn som ofte kombinerte handel med post og båtekspedering. Somme stader var telefonsentralen òg knytt til handelsverksemda, og nokre dreiv gardsbruk i tillegg.

Når vi ser historisk på butikkutviklinga i Ryfylke, er det viktig å vera klar over at for mange mindre butikkeigarar i etter måten mindre bygder var butikken åleine ikkje nok til å livnæra seg på.

Mange av butikkane i mindre bygder er borte. Småbutikkane har bukka under først. Men framleis finst det fleire mindre private bygdebutikkar som er med og held oppe eit desentralisert butikktilbod i mange Ryfylke-kommunar. Fleire av bygdehandelslaga har gitt opp å fungera som sjølvstendige einingar. Presset på små og mellomstore butikkar er stort i dag.

Då samvirketanken inspirerte til skiping av handelslag i Ryfylke, var det dei største bygdene med best grunnlag for å driva handel som fekk sine handelslag. Dei fleste andre stader hadde gjennom åra ein privat kjøpmann. Det var landhandlarar med ofte enkle krambuer

som sytte for at folk i mange mindre Ryfylke-bygder hadde tilbod om handel i sitt eige nærmiljø. Dei største og sterkeste bygdene makta å reisa eigne handelslag. Eit verkeleg desentralisert butikktilbod i det sundkløyvde Ryfylke stod dei private kjøpmennene for.

# Sauda: Kooperasjon og klassekamp – sider av same saka?

AV TONE ÅRTUN

---

Denne artikkelen omhandlar eit tidsspenn på 10 år, åra frå 1917 til 1927/28, grunnleggjande år i Sauda si historie, då så mykje skulle koma på plass.

Eit kooperativt handelsføretak vert skipa i 1917, men går konkurs årsskiftet 1919/20. Ei av årsakene kan vera opninga av «Sauda Varelager» i 1919, fabrikken sin private butikk, fabrikken med Union Carbide og amerikansk storkapital i ryggen...

---

Øyra, butiksenteret i Sauda, skil seg ikkje særleg frå sentrumsstroka i andre bygder. Den blå fasadefargen til Rema 1000 har sett sitt preg på ei halv gate, kjeda Bravo har nyleg slått seg ned, og «S-marked» ikledd nasjonale fargar lyser frå ein betongvegg. Administrativt er dette ei avdeling av Haugesund og Omland Samvirkelag.

*Forbruken*, som samvirkelaget ofte blir kalla i Sauda, skal vera ein av hovudaktørane i denne artikkelen.

Den andre hovudaktøren finn me i Åbødalsvegen, litt utanom sjølve sentrum. Namnet er *Grand Kolonial*. Butikken er i privat eige.

Men det er ikkje *dagens* Samvirkelag eller Grand Kolonial dette skal handla om. Me skal tilbake til tida rett før 1920 og følgja desse to butikkane om lag eit tiår framover. Det var i denne perioden grunnlaget for desse verksemndene vart lagt.

La det med ein gong vera sagt at det fanst butikkar som selde både kler og matvarer i Sauda før denne tid. Dei var drivne av private kjøpmenn, og dei heldt i stor grad fram med verksemda si også etter at desse to nye butikkane var komne til.

Når denne artikkelen likevel berre skal handla om historia bak Grand Kolonial og Samvirkelaget, heng det saman med at desse to, den eine direkte, den andre meir indirekte, var knytte til opprettinga av industrien i Sauda.

I ettertid har det vore hevdat konkurransen mellom desse to har vore spesielt kvass, og at konkurransen ikkje berre var av reint forretningsmessig karakter, men hadde klare politiske og ideologiske overtonar.

Føremålet med denne artikkelen har vore å undersøka dette forholdet nærmare.



Sauda Varelager er den eine av dei to aktørane i denne artikkelen. Dette var fabrikken i Sauda sin eigen butikk, truleg oppretta i konkurransen med Sauda Kooperative Handelsforretning av 1917. Dette interiørbiletet viser varelageret ein gong på 1920-talet. Butikken vart i 1928 kjøpt av Bjarne Dybdal-Holthe og Johannes Rasmussen. Dei skifta namn til Grand Kolonial.

#### A/S SAUDA VARELAGER/GRAND KOLONIAL

Grand Kolonial har alltid halde til i det same huset. Butikken er, som sagt, i privat eige. Det har han vore sidan 1928. Før den tid var han eigd av det kanadisk-amerikanske EFP Co Ltd og hadde namnet *A/S Sauda Varelager*. Det er som Sauda Varelager butikken er interessant her.

#### SAUDA KOOPERATIVE HANDELSFORRETNING/ SAUDA FORBRUKSLAG/SAUDA S-LAG/HAUGESUND OG OMLAND S-LAG, AVDELING 90, 92 OG 93 SAUDA

Namnet har endra seg, og den formelle tilknytinga til sentrale kooperative lag har variert, men butikken har heile tida vore eit samvirkeføretak.

Reint fysisk har Forbrukslaget hatt lokale over store delar av sentrum. Det begynte i eit hus som låg der Puben held til i dag. Etter to år flytte det til lokal som Nørgaard og Lundtveit tidlegare hadde brukt, sannsynlegvis i det huset me i dag kjenner som Presanghuset. I alle fall er det sikkert at Forbrukslaget hadde butikkutsal i denne bygningen på 20-talet og fram til 1932. Då gjekk ferda diagonalt over krysset til dagens Selvighus. Samstundes med at hovudutsalet var her, tente Det gamle folkets hus som kjøttutsal for laget. I 1937 flytte så Forbrukslaget inn i eige nybygg på andre sida av gata. Det er på dette bygget den store S'en lyser i dag.

På denne turen rundt i sentrum brukte laget 20 år. Det heile tok til i 1917.

**SAUDA KOOPERATIVE HANDELSFORRETNING**  
I 1917 har Sauda blitt ein anleggsstad. EFP Co Ltd har fått konsesjon, og fabrikken er under bygging. Det utanlandske selskapet har alt om lag 70 tilsette. I tillegg har A/S Saudefaldene nokre år drive med kraftutbygging i fjella. Folketalet går opp, det er liv og røre, og alt skulle ligga vel til rette for eit oppsving i varehandelen.

Denne nye tida er òg ei grotid for samvirketanken, og Sauda Kooperative Handelsforretning blir danna. Det finst ingen protokoll frå stiftinga av laget, men det skal ha vore ein politikonstabel Holm som tok initiativet. Eit par år seinare kan ein i lokalbladet lesa referat frå ei generalforsamling i det kooperative laget, og svært få av dei namna som er nemnde der, er opphavlege saudanamn. Det kan altså sjå ut som om det var innflyttarane som var drivkraftene bak samvirket i byrjinga.

Ved årsskiftet 1919/1920 er Sauda Kooperative Handelsforretning konkurs.

## ÅRSAKA TIL KONKURSEN

I eit skriv som Sauda Forbrukslag gir ut til 25-års jubileet i 1945, blir denne konkursen forklart slik:

«Det var en lite gunstig tid å starte forretning i - midt i den daværende verdenskrig, med rasjoneringsvansker og lite stabile kunder - da stedet var anleggs plass og hadde få fastboende kunder.»

Dette kan godt vera ein del av forklaringa, men eitt viktig moment er utelate her, nemleg at Sauda Varelager opnar hausten 1919. Denne hendinga gjer styret i det kooperative laget nervøse. Det kan tydeleg lesast av annonsane i lokalavisen. Tidlegare har dei reklamert for varene sine ved å lista opp kva som finst i butikken. Til og med lyriske innslag vart bruk i marknadsføringa;

*Jeg var paa butikken her om dagen,  
og jeg maa si, -jeg er kræsen på smaken.  
Men - «du verden» saa meget fint  
baade av dette og hint.  
Det lyste i mit øie og letted i mit sind,  
jeg tænkte på hegg, paa birk og paa lind,  
de pynter sig til sommeren - uten rationering.  
Jeg vil gjøre likesaa  
kjøpe der; hvor det er at faa,  
nemlig paa; -*

*Sauda Kooperative Handelsforretning.*

Sommaren 1919 endrar annonsane seg, dei blir agiterande. Nå blir folk oppfordra til å støtta det kooperative prinsippet. Vareutvalet blir ikkje lengre nemnt. I følge referatet frå generalforsamlinga som blir halden

denne hausten, får styret i oppdrag «at danne en agitasjonskomite til at virke for kooperasjonens utbredelse».

Agitasjonen fører ikkje fram. Nokre månader etter at Sauda Varelager har opna, er konkursen i Sauda Kooperative Handelsforretning eit faktum. Konkuransen frå Varelageret må ha gjort stoda ekstra vanskeleg for kooperativen.

### SAUDA FORBRUKSLAG

Alt våren 1920 vert det stifta eit nytt samvirkelag i bygda. Dette laget kallar seg Sauda Forbrukslag og kjøper opp konkursbuet til den tidlegare kooperativen. Butikken vert driven i det same lokalet som før, men altså med nytt namn - det er frå nå av *Forbruken* innarbeider seg hos saudabuane - og med nye eigalarar.

I det første styret for Sauda Forbrukslag sit Østen Ø. Birkeland, Bjarne Birkeland, Mons Handeland, N. Lofthus og Gunnar G. Søndenå, alle desse med røter i det gamle bondesamfunnet.

Framover på 20-talet slit Forbruken med vanskeleg økonomi. Krisa ser ut til å vera over i 1927. Frå då av går det berre ein veg - framover. 10 år seinare flytter Sauda Forbrukslag inn i eige nybygg, stort og moderne med kolonial, manufaktur, kjøttutsal og eige bakeri.

### A/S SAUDA VARELAGER

Den 12. juli 1919 vert det, i den største annonsen som nokon gong har vore prenta i «Ryfylkeposten», kunnjort at A/S Sauda Varelager er opna. Eigaren er ingen ringare enn Electric Furnace Products Company Limited, det utanlandske selskapet som bygger fabrikk i bygda.

Medan kooperativen held fram med å oppfordra alle til å støtta det kooperative prinsippet, kan Varelageret freista med amerikansk oksekjøt, skinke og bacon.

Sauda Varelager opnar i eit nytt bygg i Åbøbyen,



Sauda Forbrukslag er i dag ei avdeling av Haugesund og Omland S-lag.

Biletet viser S-Marked i Sauda hausten 1992, med 12 timars opningstid og mange tilbod. Lokalet vart bygd 1937/38 men vart bygd om i 1966 og har gått gjennom endringar både i interiør og ytre effektar etter som tida har kravd det.

eller Amerikabyen som området også vert kalla. Det er her EFP bygger bustader for dei tilsette. Dei første av desse husa står ferdige om lag samtidig med at Varelageret opnar.

I ettertid har det versert ein del rykte omkring opprettิงa av Varelageret. Nokre vil ha det til at denne butikken berre var for folk som jobba for EFP. Andre meiner at Varelageret i byrjinga berre var open for

funksjonærane ved EFP, at butikken altså var for sosi-  
eteten, og at korkje arbeidsfolk eller bønder var vel-  
komne dit.

Nokon skriftleg dokumentasjon av desse påstanda-  
ne har det ikkje vore mogeleg å finna. Kanskje er dei  
heller ikkje sanne. Frå og med den offisielle opninga  
av Sauda Varelager i juli 1919, blir det kvar laurdag  
annonser i lokalbladet. Der står det ingenting om at  
butikken berre er for visse utvalde. Sannsynlegvis er  
annonsane mynta på alle. Sjølv plasseringa av butik-  
ken i Åbøbyen, førté nok likevel til at kundekrinsen  
for det meste vart dei tilsette ved EFP og familiane  
deira.

#### KVIFOR OPNAR EFP EIGEN BUTIKK

I 1919 finst det alt fleire privatdrivne butikkar i Sauda,  
og, som me veit, har Sauda Kooperative Handelsfor-  
retning eksistert i to år. Kooperativen strevar med å  
halda seg flytande. Sannsynlegvis utgjer dei tilflytte  
anleggsarbeidarane ein viktig del av kundekrinsen.

Altså er det vanskeleg å tenka seg at det var *behov*  
for nokon ny butikk i Sauda i 1919. I tillegg er det  
klart at Sauda Varelager først og fremst satsar på dei  
tilsette ved EFP, dei same kundane som den koopera-  
tive forretninga i stor grad er avhengig av.

I konsesjonsvilkåra for EFP er eitt av krava at sel-  
skapet er «...forpliktet til å skaffe...arbeiderne...grunn  
til lokale for kooperativ eller annen handelsvirksom-  
het eller lignende.»

Varelageret er så visst ingen kooperativ, men det fell  
sikkert inn under den romslege definisjonen «annen  
handelsvirksomhet eller lignende». Dermed har altså  
selskapet oppfylt dette konsesjonskravet. Om ein då  
ikkje skulle vera pirkete og påstå at det var *grunn*, altså  
*tomt* til handelsverksemd arbeidarane hadde krav på, og  
at dei skulle驱ra dette føretaket sjølv.

Selskapet kan ha hatt andre grunnar for å opna  
eigen butikk enn berre å oppfylla eit konsesjonskrav.  
Eit par brev som blir skrivne på vegner av EFP avslø-  
rer noko av strategien til selskapet.

24. mai 1927 skriv EFP ved Rolf Munch brev til  
Konsul Thv. Halvorsen i Bergen:

«Electric Furnace Products Company driver  
bl.a. også en kolonialforretning i Sauda  
under navnet A/S Sauda Varelager. Hensigten  
med opprettelsen av denne forretning var at  
virke regulerende på varepriserne, idet der  
som regel på anlaegssteder som Sauda er en  
tendens til at leveomkostningane hæves  
mere end rimelig. Selskapet ønsker ganske  
naturlig, at Sauda Varelager skal baere sig.  
Imidlertid har det på grund av sin beliggend-  
het i «Amerikabyen» en begrenset kunde-  
krets og bestyreren har derfor, etter amerika-  
nernes ønske, ved skibshandel forsøkt at øke  
omsaetningen. Dette har også lykkes for  
ham til en vis grad, men Deres skibe har ald-  
rig villet handle hos ham.....»

Målet med brevet er å få konsulen til å be kapteinane  
sine om å handla på Sauda Varelager neste gong skip-  
pet deira vitjar Sauda. Og Konsul Halvorsen sender eit  
venleg svar tilbake, der han forsikrar om at dette  
sjølvsagt vil bli gjort. Grunnen til at skipa hans har  
proviantert på andre butikkar i Sauda, er at dei ikkje  
har visst om Varelageret.

For oss er brevet forfatta av Rolf Munch interessant  
av andre grunnar. For det første gjer det klart at EFP  
ønsker større omsetnad. At selskapet med vilje av-  
grensar kundekrinsen til berre å gjelda dei tilsette, kan  
altså vanskeleg vera sant.

I tillegg får me her eit innblikk i strategien bak opprettinga av Varelageret. Butikken skal vera med på å halda prisnivået nede.

Nå kunne ein vera freista til å innvenda at den kooperative forretninga har det same målet, og at det derfor er rart at selskapet konkurrerer med denne om dei same kundane. Konsesjonsvilkåret ville vel òg vore oppfylt om EFP, i staden for å opna eigen butikk, hadde støtta den alt eksisterande kooperative forretninga økonomisk.

Men dette kan ikkje EFP gjera. Sauda Varelager er nemleg sett til å ivareta andre interesser òg. Desse blir gjort greie for i eit brev som 3. mai 1926 blir sendt over Atlanteren til William H. Sneath på hovudkontoret til Union Carbide i New York. Brevet er ført i pennen av høgsterettsadvokat Herman Christiansen i Oslo. Han er formann i styret for EFP.

Her forklarer høgsterettsadvokaten kvifor ein butikk som har 20.000 kroner uteståande - så å seia alle debitorane er arbeidatar - likevel er verd å satsa på.

Den prisstabiliseringa faktoren blir nemnt. Men nå blir tanken utdjeta, og det viser seg at det eigentleg er lønnsnivået som må haldast nede. All erfaring har nemleg vist at dyrtid fører til krav om høgare lønn. Dette vil EFP unngå ved å ha ein visst kontroll over prisnivået.

«....The losses which might be suffered on Sauda Varelager, therefore must be comprehended as an expenditure to the factory written to the object of keeping price level down and thereby doing away with a factor which, from experience, is a principal moment of disturbance and plays a principal part of the working wages at the place.»

Dessutan, selskapet må vera budd på alle eventualitetar. For eksempel på streik.

«.....it will just during a strike be of consequence to the company's functionaries that they under all circumstances will have the opportunity to buy what they need from a business which stands entirely outside the control of the strikers, - and where the possible wish of the strikers to prevent the functionaries from buying food may under no circumstances be carried through.»

I siste instans kan det sjå ut som om dei som hevdar at Sauda Varelager var for funksjonærane, til ein viss grad har rett likevel. Sjølv om alle er velkomne som kundar, er omsynet til funksjonærane ein viktig grunn for at Varelageret finst. Under ein streik skal denne butikken sikra kontoristane mat. Arbeidarane må derfor aldri få kontroll over Varelageret.

#### SAUDA FABRIKKARBEIDERFORENING

Sauda Fabrikkarbeiderforening ser dagens lys i 1924. På eit av dei første møta blir det vedtatt å betala ein ekstrakontingent til kooperasjonen. Vedtaket står ved lag i vel eitt år, men blir så oppheva på grunn av dyrtid. Desse pengane gjekk nok til eit kooperativt lag sentralt, for Forbrukslaget i Sauda var ikkje mottakar. Likevel har Fabrikkarbeiderforeningen gitt eit klart signal om kven dei solidariserer seg med, og Sauda Forbrukslag inviterer til samarbeid. Fabrikkarbeiderforeningen protokollfører at tanken er interessant, men at dei førebels ikkje vil inngå noko formelt samarbeid. Skepsisen botnar i den svake økonomien til Forbruken og til nokre av lovane i laget. Kva lovar det gjeld, vert dessverre ikkje presisert.



Dette biletet viser smilande butikkdamer på Grand Kolonial, det tidlegare Varelageret, på 1950-talet. Det er Ester Harr og Amelia Søndenå. Interiøret, med kassa-apparet, er tids typisk både for private butikkar (som denne) og samvirkebutikkar.

Sauda Fabrikkarbeiderforening vender seg på 20-talet fleire gonger til EFP med spørsmål om å få ta over Varelageret eller å få tomt til kooperativ butikk. Dei får blankt avslag. Å visa til konsesjonskravet har ingen effekt.

I Bergensavisa «Arbeidet» 28/11 1929 står innlegget «Selskapet og kooperasjonen» som handlar om kampen arbeidarane i Sauda har ført for å få sin eigen kooperativ på EFPs grunn. Artikkelen er usignert.

«...fabrikkens arbeidere bor på Åbø og en ikke uvesentlig del av disse er medlemmer av Sauda Forbrukslag. Det vilde derfor være rimelig og naturlig at kooperativen hadde utsalg på Åbø.»

«....Tilbake står da bare det enkle faktum at avslaget må søke sin begrunnelse i prinsipiell motstand mot kooperasjonen.»

I 1927 oppfordrar styret i Sauda Fabrikkarbeiderforening medlemmene om «at plasere sin handel i Sauda Forbrukslag.»

Året etter sel EFP Varelageret til private.

#### OPPSUMMERING

Mange arbeidsfolk i Sauda har vore samvirkefolk, men ikkje alle. Me veit av brevet høgsteretsadvokat Christiansen skriv i 1926 at det er arbeidarar som skuldar nesten heile summen på 20 000 kroner som Varelageret har uteståande. Me veit òg at Sauda Kooperative Handelsforretning går konkurs kort tid etter at Varelageret har opna. Det kan tyda at ein del av kundane sviktar og går over til den nye butikken.

Likevel står det fast at fagforeningsorganisasjonen til fabrikkarbeidarane klart støttar det kooperative prinsippet. Etter kvart fører det til at dei reint konkret går ut med støtteerklæring til Sauda Forbrukslag.

I 1920-åra kan det dessutan sjå ut som om det er eit stort innslag av bønder i Sauda Forbrukslag, og at det er eit samspele mellom desse og fabrikkarbeidarane som gjer at forretninga til slutt ber seg økonomisk.

På den andre sida står EFP. Dei har fleire grunnar for å driva eigen butikk. For det første vil dei gjerne halda matvareprisane nede, for dermed å halda lønningane nede i neste instans. I tillegg er det av interesse for selskapet å ha fullstendig kontroll over ein butikk dersom det skulle koma til konflikt med arbeidarane.

## KONKLUSJON

Det må kunna hevdast at Sauda Varelager kom i stand av andre grunnar enn dei reint forretningsmessige. Til ein viss grad kan kanskje det same seiast om Sauda Kooperative Handelsforretning/Sauda Forbrukslag.

I Sauda har klassekamp og kooperasjon i stor grad vore to sider av same sak. Sauda Fabrikkarbeiderforening viste tidleg solidaritet med Forbrukslaget. EFP var arbeidsgivar. Derfor kan fagforeininga ha vore svært nøyne på at selskapet ikkje skulle kontrollera fleire sider av tilværet enn høgst nødvendig. Dei kan ha vurdert Varelageret som eit forsøk frå EFP si side på å gjera arbeidsstokken heilt avhengig av selskapet. Den kooperative verksemda gav derimot arbeidarane høve til å vera medeigarar. Altså kan det i første rekke ha vore *ideologi* som fekk fleire fabrikkarbeidarfamiliar til å gå forbi nærbutikken, Sauda Varelager, og like ned til Øyra for å gjera innkjøp på Forbrukslaget.

Den anonyme artikkelforfattaren i «Arbeiderbladet» hadde sannsynlegvis rett når han påstod at EFP viste prinsipiell motstand mot kooperasjonen. Av den grunn kan det godt tenkast at EFP gjerne såg at det gjekk därleg med samvirkelaget. Leiinga i selskapet må i 1919 ha visst at dei ved å opna Varelageret vanskeleggjorde eksistensen til den kooperative forretninga. EFP hadde ingenting å tapa på at kooperasjonen gjekk konkurs - snarare tvert i mot. Ikkje berre kunne dei vinna kundar på det, men jo därlegare orga-

niserete arbeidarane var, jo svakare dei stod som gruppe, jo større spelerom ville EFP få.

I 1927 byrja det å gå godt med Sauda Forbrukslag. Dermed representerte ikkje Varelageret lenger noko trugsmål mot eksistensen til samvirket. *Kanskje* kan *noko* av grunnen til at EFP kvittar seg med Varelageret i 1928 ligga her, men ei fullstendig forklaring på kvifor dette skjer, kan ikkje denne artikkelen gi.

## Kjelder og litteratur:

Historisk arkiv ved Sauda Smelteverk/Saudefaldene:

- Sauda Smelteverk A/S. Saksarkiv B.b. (Hovudsaksarkivet) 1913-1989
- Sauda Fabrikkarbeiderforening. Møteprotokoll A.b.1. 1924-1925
- Sauda Smelteverk A/S. Klippearkivet U.
  - Mappe 1915-1933
  - Scrap book no.1. 1924-1933
- Lokalavis «Ryfylkeposten» 1919, 1920
- Lokalavis «Ryfylke»

Sauda Forbrukslag: Beretning 1920-1945

Kjartan Fløgstad: Arbeidets lys (Det norske samlaget, 1990)

Tone Årtun, født 1952, er cand. philol. med hovudfag i norsk. Ho er lektor i Sauda og driv småbruk i Hellandsbygd.

# Når agentene kom været vi en liten sensasjon!

HARRY RADLGRUBER I SAMTALE MED HALVDAN MAGNUS HANSEN

---

**Forbruken, ja i det hele tatt butikkene, hadde en sosial funksjon i tidligere år, og var vel kanskje den viktigste møteplassen i bygda. Nå kjører folk bil helt til butikkdøra og åpningstidene er så lange at folk nærmest kan handle hele døgnet. Og alle butikkene er med i en eller annen kjede som kun fører de mest lettsolgte varene. Før kunne vi få alt vi ville ha på ett sted. Vi blir pepet ørene fulle på fjernsynet om hvor viktig det sosiale samværet er. Men det er drept - i dag må alt organiseres!**

---

Det er Harry Radlgruber som på denne måten gir uttrykk for hva han mener om endringene i Jørpelandssamfunnet de seinere årene. Men denne samtalen skal også dreie seg om oppstarten av Forbrukerforeninga på Jørpeland og om folk og miljø i første halvpart av dette århundret.

Radlgruber er født i 1918 på Jørpeland. Foreldrene var østerrikske og kom til stedet i forbindelse med oppstarten av stålverket. Han har hatt sin arbeidsplass ved stålverket i 51 år, først som modellsnekker, liksom sin far, seinere som arbeidsforbereder ved støperiet. Hans samfunnsengasjement har vært, og er, stort og vidtfavnende og han kan se tilbake på mange års innsats innen fagbevegelsen, forbrukerforeninga, i kommunale nemnder og innen kulturelt arbeide. Men ikke minst er han en god forteller og formidler av «den gamle» kulturen på Jørpeland.

– Det var egentlig litt merkelig med Forbruken her på Jørpeland, om vi sammenligner med landet ellers, mener Radlgruber.

– Først kom stålverket med alle sine arbeidere, så kom Forbrukerforeningen, men likevel var det først og fremst bønder som sto bak dannelsen av foreningen i 1915/16.

– Har du noen mening om hvorfor?

– Jeg har tenkt mye på det og har vel kommet til at det hadde med pengepungen å gjøre. Arbeiderne kunne hente lønningsposen på fabrikken, mens bøndene solgte arbeidskraften sin på en annen måte. De trengte jo gjødsel og forskjellige andre ting for å kunne drive gården og ville selvlagt ha varene billigst mulig og ikke bli skaltet og valtet med av kjøpmennene.

– Var det slik at arbeiderne ikke handlet hos Forbruken?

– Nei, slett ikke, det var mange svært bevisste arbeidere og selvlagt handlet de på Forbruken, men vi skal huske på at det først og fremst var lønnskampen som var viktig for arbeiderne. Dette med kulturelle aktiviteter kom i annen rekke.

En av de aktive i oppstarten var skomaker Lyder

Alvær, altså en håndverker, forøvrig søskenbarn av forfatteren Amalie Skram. At det var bøndene som var de aktive fikk vi også se noen år etter oppstarten, da Forbruken holdt på å gå konkurs og man gikk fra hus til hus for å få folk til å støtte opp om forretningen, da også var det bøndene som utmerket seg med sin støtte.

## VÅGABAKKEN

I Vågabakken, som var senteret på Jørpeland, kjøpte Forbruken lokaler av Marcelius Pedersen, som selv var kjøpmann og som ved dette salget skaffet seg en konkurrent. Det ble inngått en avtale hvor Forbruken fikk lov til å ha sitt eget bakeri, men at de ellers ikke skulle drive i direkte konkurranse med hverandre. Forbruken skulle ikke selge noe særlig av kjøtt, for det skulle ligge til Pedersen, og Pedersen skulle ikke ha så stort utvalg av visse kolonialvarer, her skulle Forbruken ha fortrinnsrett. Men etter noen år ble det til at Forbruken solgte kjøtt likevel, men ikke noe særlig med ferskt kjøtt. Det var helst salt kjøtt som sto i tønner på butikkgolvet.

Pedersen og Forbruken sto på god fot med hverandre. Det var plass til dem begge, og de sendte ofte kunder til hverandre om de selv ikke hadde varen. Pedersen var ellers et sted hvor mange hadde ærend, all den tid han hadde både posten, telefon og ekspedering av rutebåten.

Det var også en annen kjøpmann i Vågen, Lea, hvor funksjonærerne helst handlet, men han var en meget folkelig person og likt av alle. Han bakte også brød, som gikk for å være spesielt gode.

– Jeg må også få nevne baker Gundersen som sto for bakingen for Forbruken de første årene i Vågen. Han hadde vært i England og jobbet i noen år og blitt



Rutebåten ved kai i Jørpelandsvågen i 1935, klar for avgang. I bakgrunnen ser vi Forbruken til høgre og bakeriet i midten. (Tilh. Strand kulturkontor)

helt fotballfrelst. Han var med og startet Stavanger Idrettsforening, og var kanskje en av dem som fikk fotballsporten hit til Rogaland. Det var mye slit forbundet med bakingen. Ovnene var delvis elektrisk fyrt og delvis kullfyrt, og bakerne måtte tidlig opp for å fyre i ovnen. Det hendte at vi hjalp til når vi hadde fri og da vanket det gjerne en pose med wienerbrødsnipper.



Styre og betjening i Jørpelands Forbruksforening, Vågen, i 1926. «I bakeriet arbeidar ein meistersvenn og ein konditor, og i butikken er der 2 jentor og ein gut», heiter det i samvirkelagrørsla i Rogaland sitt eige presentasjonsskrift i 1932. Dette er altså 6 år før.

Betjeningen står bak i biletet. Mennene skal frå venstre vera M. Andersen, Tore Hovda og Birger Larsen. Ei av jentene heiter Ane. Karane framme er styret for foreininga og gjerne styraren med, frå venstre, Peder Tungland og Lyder Alvær, og vidare er kjent tre av fire namn: G. Nilsen, ? Barkved og ? Hjertnes. (Tilh. Strand kulturkontor)

Dette var endene på wienerbrødet, og bedre belønning kunne vi ikke få. Lite i dag kommer opp mot det en slik lekkerbisken betydde dengang.

#### BUENE

– Vågen var et eldorado for oss unger, forteller Radlgruber.

– Her var liv og røre fra morgen til kveld. Hit kom rutebåten, hit kom frakteskutene med varer, her lå alle varebuene og her kunne vi unge få oss småjobber.

– Mange varer kom med båt til Jørpeland, og endel ble hentet i Stavanger med småbåter. Jeg var selv med på mange slike turer sammen med Gunnar Thorsen i båten «Snøgg», da gjerne til Kooperativen i Verksgata i Stavanger, hvor vi kunne legge inntil med båt. Her hentet vi blant annet margarin. Så kunne det være å dra til Kvalaberg etter gjødsel og annet.

– Etter noen år bygde Forbruken et nytt bakeri, det er den gule lagerbygningen som står forfallen i Vågabakken idag. I første etasje var det bakeri, i andre etasje lager for mel og øverst oppe lager for vindusglass

og annet. Som en ennå kan se var det utvendig heis på huset, og fra heisen gikk det en skinnegang ned til brygga, og så brukte man tralle til å frakte varene opp. Det kunne hende at det var oss unger som dro tralla opp til huset og da vanket det en liten påskjønnelse. Forbruken hadde to buer og i den ene var det lager av kull, og når skipa kom med kull så fikk en se litt av oppfinnsomheten dengang. Da ble det bygd opp en bane til å kjøre opp kullet på, som hadde en slakk sving slik at en kom opp i høyde og så gikk den bort til taket på bua, som for anledningen var delvis fjerna og så var det bare å tippe rett ned i lageret. Banen ble så tatt ned igjen og lagra fram til neste anløp med kull.

Radlgruber blir ivrig nå han kommer inn på gamle arbeidsteknikker, som er en av hans store interesser, og viser ved hjelp av en tegning hvordan lossekarene selv fant fram til teknikker for å korte ned heisetida for krana når det ble heist opp lette varer.

– Ellers så var det jo et utrolig lager av varer i disse buene, og ikke minst var det lager av parafin og ved. Helt fram til 1937 var det bare den helt sentrale delen av Jørpeland som hadde elektrisitet, så behovet for disse varene var stort. Men der var selvsagt varer for landbruket, både gjødsel, seletøy og hestesko for å nevne noen vareslag. Hadde man ikke varen inne, så kunne det skaffes til veie seinere.

## SENSASJON

– Noe av det gjeveste for oss unger var besøket av agentene, minnes Radlgruber.

– Vi været liksom en liten sensasjon hver gang de åpnet koffertene og fallbød vare sine.

– Så alle varene kom ikke gjennom samvirket?

– Nei, slett ikke. Som sagt kom det agenter og det ble også kjøpt inn fra lokale produsenter. Jeg minnes



Dette biletet viser miljø foran ein av dei private butikkane i Jørpelandsvågen. Det er Tore Barka si forretning, ei av dei siste av den gamle generasjonen butikkar, nedlagt på 1970-talet. Folk på Jørpeland snakkar elles framleis om den særskilte atmosfæren og tonen i butikken til Barka. Her hang isenkramvarer oppunder taket og i glasdiskane låg ting til utstilling. «Det var som å dra på oppdagerferd.....»  
(Tilh. Strand kulturkontor)

for eksempel Ludvig Brattelid fra Lysefjorden som kom med sine to, tre sekker med tresko og han fikk alltid omsatt varene sine hos bestyrer Stokka. Men det var selvsagt ikke nok til å dekke etterspørsmålet så det ble også kjøpt tresko fra Fiskå. De var dreid, mens Brattelid sine var håndlaget. Det var plass til dem begge to.

## UTVIKLINGEN GÅR SIN GANG

I 1939/40 ble Forbruken sine lokaler i Vågen modernisert og det kom opp et nytt bygg i tillegg, det som idag huser Vertshuset Miralmar.

– Det ble vanskelig å komme i gang. Krigen gjorde byggearbeidet problematisk og det tok en del år før

vareutvalget ble noenlunde godt igjen. Forbruken fikk filialer. En i Åveien, en på Fjelde og en i bygningen hvor Bjørbo Mote i dag holder til.

Radlgruber kom selv med i styret i Forbruken rett etter krigen, og av mennesker han samarbeidet med dengang vil han spesielt nevne bestyrer Stokka.

– Stokka var et heldig valg som bestyrer. Han kom opprinnelig fra Finnøy, men kona var fra Tau. Hele sin tid på Jørpeland levde og åndet han for Forbuken, og var vel så langt vekk fra å være en jappe-type som man kunne komme. Etter han var det ofte skifte av bestyrere, gjerne unge mennesker som ville se større på tingene. De ble da heller aldri lenge her. I de seinere åra har også konkurransen blitt mye større. Vi som satt i styrelsen følte at mye gikk tapt av det gamle. Litt skyld hadde vi vel selv, for vi satt rolig og håpet at det

hele var en bølge som ville gå over etterhvert, men der tok vi feil. I dag er alle butikkene på Jørpeland med i en eller annen butikkjede, og det er kun mulig å få kjøpt de mest etterspurte varene. Det er ikke lenger snakk om å ha varer liggende på lager. Mye er gått tapt, mener Radlgruber, ikke minst har butikken som møtested så godt som mistet sin plass. - Og det mens fjernsynet hver eneste dag piper oss huden full av hvor sårt vi trenger slike naturlige sosiale treffsteder!

Halvdan Magnus Hansen, f.1953 i Larvik, har vore kultursjef i Forsand kommune sidan 1986. Han har teke humanistiske fag på Distrikthøgskulen i Volda og studert ved kulturarbeidarlinna ved Distrikthøgskulen i Bø. Tidlegare har han arbeidd som journalist og lærar og har skrive fleire artiklar for tidsskrift og aviser om kulturhistoriske emne.

# Jenteliv på krambunga

AV SIGRID BØ GRØNSTØL


Når eg tenkjer etter, skjønar eg at det var på krambunga me lærte det meste, skriv Sigrid Bø Grønstøl og tek oss med både foran og bakom krambusdisen, inn i verda til barnet, til kvinnene og jamvel til mennene på handelslaget.

Dette er ei miljøskildring frå Sørbø handelslag på Rennesøy. Tida er 1950- og 60-talet.

Krambunga låg ikkje meir enn nokre hundre kvikke jenteskrift unna. I mai, på nye kvite gummisko, gjekk det fortast. Men det tok ikkje så lang tid med dei svarte gummistøvlane heller. Og dei var oftast i bruk.

Krambunga i femtalsbarnet sitt liv? Søt lyst og surt samvit. Mitt minne treffer alltid godteskåpet først. Så la oss ta det. Ved enden av disken, i eit kvadratisk meterhøgd glasstårn med to hyller og dør berre til inn-sida låg salighetene. Lohengrin, mandelstang, Hasla og Rigel, brune og svarte karameller, syrlege drops og kamfer. Ifa og Toy. Det hende me hadde lov. Men det var ikkje alltid. Så kom heimvegen med snippeposen. Ei søt vandring i kjødets salige lyst men med skrekken for den sure svien like bak. For om mamma ikkje la merke til at det mangla ein 50-øring, sat Gud oppi himmelen og såg kvart einaste bringebærbombom du kjøpte utan lov.

«Der er kokosneter på krambunga no», heiter det i dagboka til twillingbror til artikkelforfattaren under den 16. november 1956. I eit helt år skreiv han ned store og små hendingar i sitt tolvårige liv.





«Eg kjem ikkje unna den første iskremen heller. Vaniljeis på trepinne med tynt, tynt lag av sjokolade utanpå, i ein liten grå pose av matpapir. Diplomis. På kristihimmelfartsstevne på Finnøy såg eg i eit lite gledessjokk at isen også kunne vera firkanta og lyseraud. Då heitte han jordbæris og kom frå Jaarvik».

Kristihimmelfartsstevne var eit årleg tilbakevendande misjonsstemne i Ryfylke. Det var ein viktig møteplass for folk, der dei stemna - både unge og gamle - mot kjende og ukjende plassar, frå fjern og nær. Det var ikkje berre ordet som drog og mange kan nok fortelja om viktige hendingar i eins liv knytta til slike stevner. Dette biletet viser folk på veg til Hjelmeland på kristihimmelfartsstevne i 1950.

Eg kjem ikkje unna den første iskremen heller. Vaniljeis på trepinne med tynt, tynt lag av sjokolade utanpå, i ein liten grå pose av matpapir. Diplomis. På kristihimmelfartsstevne på Finnøy såg eg i eit lite gledessjokk at isen også kunne vera firkanta og lyseraud. Då heitte han jordbæris og kom frå Jaarvik.

– Der er kokosneter på krumbua no, står det i tvillingbror min si dagbok 16. november 1956. I eitt heilt år skreiv han ned store og små hendingar i sitt tolvåri-

ge liv. Og kokosneter på krumbua var ei stor hending. Som appelsiner og bananene. Så kom det visst druer. Pakka ned i ei tønne med kork? Med desse eksotiske smakane fekk me inn geografiske kunnskaper på andre måtar enn på skulen. Kroppsleg og fantasieggande. Med den rare smaken på bananene kom tankane på vide hav og varmare land og palmetre og negrar og apekattar. I appelsinene var det söt sydlansk saft og på appelsinpapira svarte spanjolar med svingbart.

Krambua i våre jenteliv? Der sprang me med lappen og penge-taska og henta heim det kjøkkenet og kvinnene trong. Og fekk varekunnskap og kvinnekunnskap med på kjøpet. Det må ha vore litt annleis for gutane?

Som kyrkja og bedehuset hadde også krambua ei kvinneside og ei mannsside. Diskane sto i hesteskoform. Langdisken i midten hadde kassa-apparatet midt på, og hyller med matvarer bak. Kvinnedisken var til høgre, mansdisken låg i vinkel ut til venstre. Med opning mot lageret med gjødning og kraftfør og spiker og maling og andre mannsting.

Det var tryggast på kvinnesida. Med kvinnetinga. Bak disken låg garnhesplane i kvadratiske hyller. Her var det lakenstaut, saftstrire og rosete forkletøy, bendumeband, molinegarn og blonderullar. Og sløyfeband. I benken låg det jenteundertøy og dameundertøy. Og kammar og fliseklemmer og Vaselin og Niveakrem.

Her kunne me stå og sjå over til mannssida. Der snakka dei med grove stemmer, lo høgt, dytta rennesøyhuene litt bakover og rann ned gule små Sisu-flasker i ein einaste slurk. Dei tøffaste og tørstaste kunne til og med ta vørterølet slik. Slik sto ein og lært at barske menn kunne drikka utan å svelja. Der låg det rullar med fiskesen, krokar, knivar og lommelykter.

Der oste det sveitte, snus, skrå og eventyrblanding. Men der låg også - litt malplassert? - pakkane med Blue Master og South State. Kva var det med skinet av den blå hesten? Og dei kvite og heilt runde sigaretane? Pirra dei i utferdstrongen? Låg dei der og antyda at det fanst andre maskuline scenar i verda enn mannfolkssida på krambua på Rennesøy?

For korleis skulle ein elles vita det? I posten kom berre Aftenblad og Rogaland og Bondevennen og Utsyn. Og når også ukeblada helst var syndig fjas, var verda nokså rein for *reklame*. Og for den informasjonen om stil og rett livsførsel som reklamen kan gi.



«Seinare blei eg sjølv krambudame. Den mystiske verda blei mi. Eg kom på innsida av alt. Disken, flørten og vitsane.»  
Jenteliv i butikken. Dette er ikkje Sørbø handelslag, men Grand Colonial i Sauda, der Anne Brit Kaldheim og Anne Olaug Lalid er avbildat i pauserommet på 1970-talet. Butikkarbeid på den lokale krambua har vore mange unge jenter sitt første møte med arbeidslivet.

Men trong me i grunnen reklame til å fortelja oss korleis me skulle bli vaksne og vakre på dei rette måtane? Når me hadde krambudamene, meiner eg. Me kunne jo berre sjå på dei. Ei ny krambudame var som eit lite tidsskilje i bygda. Dei kom frå Bokn, Halsnøy, Fister eller Bømlo. Eller frå ein annan stad. Og spør du meg i dag, vil eg seia at det i den tida var meir romantikk på krambua enn det var i høyløene og bak hesjene.

Flørten kunne vera så forskjellig. Dei mest pågåande av friarane kunne bøya seg fram over disken og vitsa grovt - dei friskaste damene, dei frå havgapet, visste å ta igjen. Så lo dei ein fått full av dristig mystikk. Dei

litt mindre tøffe av ungkarane i bygda fekk berre krambu-ærend litt oftare enn før. Og flørtå usikkert og blygt. Med kvikke blikk og rauda flekkar på kinna. Det gjekk visst ikkje därlegare for dei. For eg kan berre hugsa eit par av krambusdamene som ikkje var gifte i bygda etter ei stund.

Når eg tenkjer etter, skjørnar eg at det var på krambu me lærte det meste. Der fanst også dei *tinga* som kunne gjere ei jente til ei dame. To slag parafyme. 4711 og Soir de Paris i bittesmå mørkeblå flasker. Til Yaxaen kom. Men då var det kanskje blitt sekstital? Og så halvgløymt bak disken dei grå pakkane. *Ordet* som blei oppfatta nesten *for kvikt* av krambusdama. Som veksande og livslystent jentebarn fekk du med deg alt. To par kvinneauge som møttest i ein slags bluferdig solidaritet. Og den grå pakken som litt for raskt gleid mellom hendene over disken og ned i handletaska.

Seinare blei eg sjølv krambusdame. Den mystiske verda blei mi. Eg kom på innsida av alt. Disken, flørtan og vitsane. Eg fekk ta i og sjå på og lukta og kjenta.

na. Eg lærte å vega sukker og mjøl i kiloposar, å henta spekesilda opp or laken, å mala kokkekaffien passeleg og å skjera opp fårepølsa og servelat. Å dela garnhespane i fed og å klippa metrar av tøyullane. Eg fekk lukta i brødkassane om fredagen, bera heile øskjer med firkløver og melkesjokolade inn i godteskåpet og lesa ukeblada før dei kom i handelen.

Også mannsverda blei mi. Og eg visste kva for kraftfôrsekker som var til høns, til gris eller til kyr, kunne selja galvanisert spiker etter tommemål og tappa bensin med rett oljeprosent.

Og no? No går eg rundt i store greie kjøpesentra i ei tvekjønna verd og fyller handlevogna mi med vakuum og plast. Og gret litt innvendig. For er det ikkje litt som om krambusa aldri har funnest?

Sigrid Bø Grønstøl, født 1944, er cand. philol. med norsk litteratur som hovedfag. Ho er amanuensis i journalistikk ved Høgskolesenteret i Rogaland, Stavanger. Ho er busett på Sørbø på Rennesøy.

# Nedpå krambua

AV ASGJERD TAKSDAL

---

Møteplassene låg alltid nedanom oss: Nedmed Sjøen, nedpå kyrkjegarden, nedpå bedehuset, nedpå skulen, nedpå krambua. Oppover frå oss gjekk det berre kronglestiar gjennom utmarka til grender endå lenger borte frå «postvegen», livsnerva gjennom det vesle stabile førkrigssamfunnet Voster i Midt-Ryfylke.

Postvegen fungerte langt på veg som eit fjernsyn. Der for dokterbilen og den svarte presten sin forbi i svimlande fart mellom stabbesteinane - ærenda deira visste me snart. Oppkava jordmorskyss i fjørkjere. Langkjerra med plankelass. Kortkjerra med lammeliv til dampen og slakthuset i byen. Mannen med den skvete kviga i tamp til premieoksen. Kjerringa med golfjakke og eggekorg på armen på veg til krambua.

Alle stovevindaugo snudde mot postvegen, krambua og vatnet. Det var der det forvitne skjedde.

---

Huset var lite med to vindauge mot vegen og enkel dør på sida. Ikkje utstillingsvindauge nett, men grei oppbevaringsplass for flitsprøyter og kjetting og hesteskosaum og andre tilfeldige og nyttegåande påminningar om småtinga ein trond.

Rommet var delt tvers over av massiv disk med klaff til å vippa opp i benkeplata, slik at den trinne handelsmannen og den vekslande straumen av meir eller mindre romfræge krambjenter kom seg innanfor.

## FØR OSS BERRE INN I FREISTING

Der inne, i det forlokkande mangfaldet av varer du trond og varer du berre lysta etter, der regjerte Magnus, og jentene etter fullmakt når han var borte. Mellom oss på utsida og dei på innsida stod det avskala

pengeskrinet, og i skuffa under låg den stygge langsmale boka du borga i når du ikkje kunne betala. Det hende dei ikkje ville senda pengar med oss ungane når me vart styrte avgarde i fæla fart etter ein pose salt til middagskokinga. Me kunne missa dei, slepphendte og håttalause som me var. - Bestemor tykte ho var så påhitten ein dag ho trond i eit spenn sirup og sende meg nedover bøen med eit blankt kronestykke på botnen av topottespannet. Men han Magnus likte å drøsa med ungar, han, og eg kom ikkje på krona før spannet var fullt og skulle gjerast opp for.

Av alle tildelte gjeremål var det knapt noko me tok mot med større lyst enn å gå på krambua for dei vaksne. Det tok tid, særleg når det kom vaksne kundar. Det gjorde ingenting å venta. Ein slapp verre plikter så

lenge. Så stod me der og nyttta tida og følgde med, både i kva dei kosta på seg og kva dei snakka om. På den måten fekk me ta del i meir handel enn den enkle fiskebolletransaksjonen me var tiltrudde.

Berre å stå der og la augo fråtsa over hyllene: Kakao-boksane, tepakkane, krydderoppsatsen, den raudmåla kaffikverna som anga påtrengjande rått utanlandsk, kaffikoppe-para med blomster og gullkant, brettet med hårklemmer, øskjene med lyserauda underkjolar, rullane med bomullsblonder til basardukane, blinkande lommelykter, nafta og kamferflasker og globoid i hylla for pine og plager, skapet med glasdører framfor osten og margarinen og det heimelaga smøret - det han tok fram og grov knivspissen ned i og let kundane smaka på før dei bestemte seg: Ei mark av Ellen sitt. Det var godt salta.

Der plasserte han også pakken med bestilt hakkakjøt til helga, ei halv mark til han som var åleine, mindre fekk du ikkje. To mark til oss som var mange.

- Fjøslyktene. Vispar og holsleiv. Rullar med forkletøy - meir avansert ekvipering måtte folk til Sjøen eller til og med byen etter. Men det nødvendigaste elles: varme underklesplagg og sixpence. Sokkeband. Bukseselar. Strikk med knaphol til snørelivet.

Har eg gløymt sjokoladeøskjene og spanna med blanda drops? Forbode til kvardags. Men det hende dei òg var til smaks.

Oppå veggen ved det inste vindauge hang den firdelte posthylla. Der vart den tynne budda med brev og kort stukne inn når kjøraren kom opp frå sjøen med dei om kvelden. Du gjekk og spurde dersom du venta noko - og fekk greie på kven andre som hadde fått postanvisning eller kravbrev.

Avisene slengde han berre på disken, alle visste kven som heldt Aftenbladet og Stavangeren og Rogaland og tok med til dei som ikkje møtte opp sjølv og las høgt i lag.

Det var mest mannfolka det, forresten. I seks-sjutida om kvelden hadde kvinnfolka gjerne meir påtrengjande plikter enn å lesa aviser og drøfta tilstanden i den store verda, langt bortanfor fjøsstell og kveldsgraut.

Krambua med alle luktene, tørrfiskstablane og dei nybredde treskopara under sitjebenkene. Brødkassane på golvet med rykande fersk stamp frå Fiskå Bakeri - det var lov for dei med klein mage å stikka peikefineren i varene for å forsikra seg om at dei var som dei skulle. Neste dag fekk dei mindre påpasselege nøya seg med stana fintbrød med ikkje heilt fargelause fingermerke i. Alt det søte, det stramme, det framande, blanda med heimslege lukter til eit døvande konsertrat av Det eine nødvendige - det timelege, det lekamlege og det åndelege - alt på ein gong.

#### DOKTERDAG I NORDBYGDA

Luksusen, alt det me ikkje kjøpte men berre såg på, veit eg ikkje reiktig kvar eg vil plassera, i det timelege eller ovanom.

Men at krambua var ein stad der du kunne koma med dine lekamlege plager og få lindring, det stemmer:

Dokter Hagemann hadde kontordag i nordbygda kvar onsdag, i 11-tida heldt han første stopp i krambua vår. Han sette seg på den eine kortbenken innmed disken med dokterveska si, og så gjekk han over pasientane som sat nyvaska og venta på han: Trekte vonde tener, tok blodprøve, målte blodtrykk, vaska sår, fetla og smurde, fiksa urinprøvar og kika i såre halsar. Delte ut medisin og reseptar og drøste godsleg og trøystande - og styrkte seg på fleirfoldige Lohengrin-sjokoladar, etter mitt minne.

Bror min og eg var der ofte, ikkje fordi me var veikhelsa og skrale, men fordi bestemor Berta laga smør etter dokteren sin smak. Me to kreka troppa opp med den fulle ambaren søskenkjærleg mellom oss.

# Samvirke og bank i Ryfylke, ein bibliografi.

## Generelt

Samvirkebevegelsen i Rogaland, utgitt av L. A. Landsnes, Stavanger 1932 (med presentasjon av dei einskilde lokale forbruksforeiningane) Forbrukar- og landbruksamyrket. Deira lag og organisasjoner i Rogaland, ved fylkesagronom R. Haukali, Stavanger 1959 Landbruksfylket Rogaland, v/Samarbeidsrådet for Landbruksorganisasjonane i Rogaland, (hefte, 1990)

## Meieri

Rogaland Meieribrugs historie b.I.: «Krøterbruk og mjølkeomsetnad i Rogaland fram til slutten av 1800-åra», Jon Bergsåker, Stavanger 1961 Rogaland Meieribrugs historie b.II.: «Rogalandsmeieria gjennom hundre år», Jon Bergsåker, Stavanger 1975.

Rogaland Meierilag, årsmelding og rekneskap, 1983 «med attersyn i samband med at dette truleg er Meierilaget si siste årsmelding».

Vestlandske Mjølkesentral gjennom 25 år, 1931-1956, Joh. H. Loftus, Bergen 1956

Vestlandske Mjølkesentral, Forslag til en videre utvikling av meieribraket i Sør-Rogaland og aktuelle områder i Ryfylke. Fra et utvalg oppnevnt av Vestlandske Mjølkesentral, Bergen 1970

Byrkjedal ysteri, 1925-1955, Stavanger 1955

Helle meieri 50 år, 1911-1961, Stavanger 1961

Rennesøy Meieri 50 år, 1903-1955, v/Kr. Hausken, Stavanger 1955

Ryfylke meieri, årsmøte, 1978

Sand Meieri 75 år, 1909-1984, Johan Veka

Sauda Meieri, 1932-1957, Krøterbruk og mjølkeomsetnad i Sauda. Ei attersyn ved Sauda meieris 25 års jubileum, v/Jon Bergsåker, Stavanger 1956.

Øvre Suldal Smørlag, oppgåve i halvårseining i samfunnsfag med vekt på historie, Sissel Mossing, Nesflaten 1988

Øvre Suldal Smørlag, artikkel i FOLK i Ryfylke 1989, s.41-51, Sissel Mossing.

Årdal meieri 50 år, 1903-1953, v/Torleiv Kirkhus, Stavanger 1952

Årdal Meieri, årsmelding og rekneskap 1960.

## Felleskjøp

Rogaland Felleskjøp og jordbruket i Rogaland 1899-1949, Stavanger 1949

## Fellesalg

Rogaland Fellessalg gjennom 25 år, Stavanger 1946

Husdry og handel, Rogaland Fellessalg 50 år, 1921-1971, v/Jon Bergsåker, Stavanger 1971

Agro Fellesslakteri, årsmelding, rekneskap 1988, med 10-årsmelding Jærens hønseavlsforening, Rogaland egglag i 50 år, utarbeidd av statskonsulent Lars Hansen Kvadsheim m.fl., Stavanger 1947 Rogaland Skogsamlag 25 år, 1965

## Handelslag/forbruksforeiningar

Forbruksforeninger i Rogaland, Rogalands kooperative distriktsforening 1917-1943, Oslo 1943

Rogaland handelsstyrralag fyller femti år, festskrift, (Stavanger) 1970

Suldal Handelslag gjennom 50 år, 1916-1966, Johan Veka, Sauda 1966 Beretning 1920-1945, Sauda Forbrukslag (8 s.).

## Bank

Finnøy Sparebank 1852-1952, jubileumsskrift ved Olav Mjølsnes Hetland Sparebank 1901-1991, Fredrik Moss Iversen (red.), Stavanger 1991 (Kvitøy, Rennesøy og Sjernarøy Sparebanker fusjonerte med Hetland Sparebank på 1960-talet)

Hetland Sparebank - en aktiv 75-åring, ein større informasjonsbrosjyre i høve jubileet 1976

Hjelmeland Sparebank 70 år (1922), Utklippssarkiv, Universitetsbiblioteket, Oslo, 100/92-94

Hjelmeland sparebank gjennom 50 år, 1907-1957, Stavanger 1957 «Banken og bygda» v/Jon Bergsåker, Sand Sparebank, 1971

Sauda Sparebank gjennom 40 år, 1892-1932, J. K. Hølland, Sauda (1933)

Sauda Sparebank 50 år, 1892-1942, Bygda og Banken, O. Risdal. «Sparsemd og varsemd», Soga om Sauda Sparebank 1892-1992, v/Lars Viland.

Sauda Kreditbank A/S, 25 år, 1929-1954, v/F. L. Christiansen, Sauda (1954)

Strand Sparebank gjennom 60 år, 1892-1952 Stavanger 1952

Suldal Sparebank 50 år, 1912-1962, (Suldalsosen 1962)

Penger spart, penger tjent, Sparebanker og økonomisk utvikling på Sør-Vestlandet fra 1839 til 1989, av Helge W. Nordvik, Gunnar Nerheim og Trygve Brandal, Stavanger 1989

## Anna

Trykte årsmeldingar og rekneskap finst det nok publisert mange av gjennom åra, utan at dette er fanga opp av «biblioteksystemet».

Kanskje me hadde greidd han åleine - men kvifor skulle ein no det, når Hagemann spanderte Lohengrin på oss begge to?

#### SIKTA VARE, MANNA OG MAT

Meir særskilt og knytt til denne spesielle handelsmannen var det nok at han aldri forsømde å dela ut litt gratis sjælesorg når høvet baud seg - og det gjorde det oftast. Han surra inn hakkekjøtet til helga i grått papir og knytte solid hyssing rundt før han retta det over disken og såg undersøkjande på deg over dei små rundene brillene på skeive over nasen:

- Ja, så spørst det berre om du no har det du treng for di udøyeyelege sjel?

Sjølv kom eg slitande ein dag med motvind på mange måtar - kanskje det var godt at *haglet* piska meg i andletet så tårene rann då eg endeleg stod framfor disken. Dei augene over brillene att - og så: Ja du veit han må bruka hard lut på somme.

I vår tid snakkar me om konkurranse og handelslekkasje. Kvar skulle vi leka av, om vi no ein dag rett og slett kunne tenkja oss å kjøpa to grove og eit fint og sleppa å stå til rette for vårt syndige liv?

Elles tenkte han romsleg på mange vis - og nokon sunnhetskontroll visste ingen av oss om. Ho som fekk voge opp ein kilo kveitemjøl or den store vippeskuffa under disken og kom heim og fann sju prosent muselort i vara, ho var pyse. Ho gjekk tilbake med posen og fekk svar som fortent: Du kan då vel sikta?

Han var nøyare med det han tiltenkte sjelene i distriktet sitt. Nidkjært påpasseleg sørgde han for at alle som handla på krambua hans gav sin skjerv til bedehusprosjektet, stor eller - no ja, helst ikkje altfor liten. Bestefar min var ein solid kunde, men han hadde den leie skavanken at han var meir høgkyrkjeleg av seg og

ville ikkje gi pengar til noko bedehus. Bygg kapell, så skal eg gi dualeg, sa han.

Fredagane vandra bestefar med tilmålte steg nedover til krambua med den svære eggkorga over armen og skulle levera.

Korga vart vegen, eggja varleg plasserte mellom store eggkartongar i kassar som skulle til England. Så vart tomkorga vegen att og trekt frå, og resten betalt for. Det vil seja ikkje kontant. Summen vart krota forsvareg ned i «Ægbog for K.Woster» og brukta til å handla for etterkvart som det trontig.

Denne fredagen oppdaga bestefar at det var ført ut ein ikkje så heilt smålåten sum «an Gave Bedehuset». Trinne og kortvaksne og med den karakteristiske velfødde raudfargen i nakken stod dei der på kvar si side av disken som to oppgaldra kamphanar ferdig til å hakka. Ordbruken elles har eg lagt bak meg, men eg hugsar handelsmannen sitt avgjerande argument: Når folk ikkje sjølv har vit til å syta for det eine nødvendige, så får eg gjera det for dei.

Det gjekk summar både inn og ut av Ægbog for K. Woster etter den dagen òg, til timelege formål. Og bedehuset kom opp, det, stort og fint. Men K. Woster flytte aldri dei blankpussa helgestøvlane sine innanfor døra der.

#### «HVOR HUSMOR FATTES»

Somme av dei som vanka på krambua hadde særlege behov å skjøtta: Dei kvinnfolklause gardbrukarane som skaffa seg tiltrengd kvinnfolk hjelp gjennom annonsar i bladet, etter «husholderske hvor husmor fattes». Jentene hjå handelsmannen var ofte snertne, i sin beste alder og frie på marknaden. Det var ikkje få av husa der «husmor fattes» som vart den timelege endestasjonen for krambujentene.

Og i alle fall var det no forvite å samlast nedpå

krambua om kveldane og ta den nye i augesyn der ho svinsa bak disken, inn og ut av rampelyset under skomakarlampa og dei velfylte flugepapira.

Du trong ikkje plent vera kjerringlaus ungkar for å ha glede av det heller. Konene brukte såmenn augo dei òg, og dei var skarpe til å vera vibrasjonane mellom henne bak disken og flokken på utsida.

## I ALL SØMD

Om sommaren kom det nye trekkplaster på krambua. Byfolka som kom slengjande til alle ufolkelege tider og kjøpte hermetikk og vas, snakka så du kunne le deg i hel om livet på landet og drog med seg heile kassar med brus til den lettsindige lediggangen sin. Mens me andre låg og grov i nepeåkrane og baska med turrhøyet.

Ungane deira gjekk endå meir halvnakne enn me fekk lov til, på krambua. Og til og med dei gifte kjerringane trippa rundt i shorts og solliv og glinsa av Nivea.

Men det gjekk ei grense ved krambusdøra. Han sjølv klaska begge nevane i disken ein dag det kom ei særdeles lettkledd ei og ba henne gå heim og kle på seg før ho kom og handla hjå han. Ho lydde òg. Det var som sagt ein konkurransefri marknad i dei dagar.

For alle var krambua ein sosialt trygg møtestad: Alle hadde naturlege grunnar til å koma der, alle hadde eit ærend. Og om du gav deg til å sitja der med karvarullen og pipa både seint og tidleg, så var det ein offentleg stad som du hadde like stor rett til å bruka som andre. Det var ikkje som å trø dørstokkane ned heime hjå folk.

Om du så berre var i drøselaget og trong å sjå folk ein halvtide, så var krambua tilgjengeleg for ein rimeleg inngangsbillett - du trong ikkje meir til ærend enn å spørja etter posten.

Og fekk du eit anfall av uhelbredeleg luksustrong og kjøpegir, så var det lov å fingra med den lakseraude silkeunderkjolen til fysna gav seg og du kunne vandra roleg heimover att med ei svart snelle nr. 36 og to buntar grælete rag gegarn. Like heil og utan fall.

## MED KVOTE I KVARDAGSKRIGEN

Med krigen og rasjoneringa av viktige varer fekk krambua eit endå sterkare preg av forsyn og høgare vilje: Tidlegare hadde handelsmakta og pengemakta vore på parti. No hjelpte det ikkje med pengar ein gong. No var det rasjoneringskortet med offentlege stempel på som skaffa dei sinnsforvirra tobakkssjuke den lindringa dei trong, for ei stakkars stund, til kvoten var oppbrukt og handelsmannen fekk ny sending - om ein månad. Er det rart at han vart opphøgd til bortimot medisimmann-status av dei naudtrengde?

Men det var ikkje alltid han fekk det dei hadde bestilt. Ein av dei tradisjonsbundne skråbrukarane vart tildelt ein neve snusøskjer i staden. Halvgalen av tobakkshunger som han var, og uvand med dette nedsausa møet, dytta han den første øskja inn i alle holrom innanfor lippene. Kjende på verknaden. «Jaja,» fekk han fram, «det lindra nå litt.»

Sukker og sjokolade og kvitt kveitemjøl og kaffi - alt det som var godt og syndig og helgeprega rådde han over. Og folk kom med kvalifikasjonane sine: Eit rimeleg magesår var meir enn gull verdt.

Samstundes vart krambua endå meir ein nyhetssentral, og ein stad der folk diskuterte utviklinga, godt og vondt - kanskje styrkte kvarandre til å halda ut kampan på alle plan: Kampen for å overleva i ei vareknapp tid. Denne kvardagskampen, som kvinnene streid og vann for sine, den hadde også rette linjer til krambua med byttehandel og formidling på tvers av offentlege direktiv og forordningar.

På denne tida miste likevel handelsmannen noko av den allmektige avgjersretten som tidlegare hadde plassert han omtrent jamsides lagnaden sjølv. Det var ikkje opp til han lenger å nekta folk mat fordi dei alt hadde fått for mykje på borg. I boka hans. No hadde folk pengar. Dessutan hadde det byrja å gå bussar ut or bygda. Dei gjekk ikkje fort, med knott i motbakkane, men det vart meir snakk om å ta bussen, kanskje reisa heilt til byen og oppsökja dei sòte freustingane der med vare- og kapitalbyttet sitt.

#### OG SÅ KOM ANDRE TIDER

Krambua miste noko av magien. – Endå ho vart ombygd og modernisert.

Frå å vera eit kult-hus med direkte linjer både ut i den syndige verda og opp til det hinsidige, med hjelp for både lekamlege og åndelege manglar, formidla av ypperstpresten med pengeskriinet og kassaprotokol-

len bak disken og dokter Hagemann på onsdagsbesøk, vart den vesle krambua etterkvart berre som ei kvardagsleg naudverje der du fekk så du vart hjelpt til du fann noko likare.

No står huset tomt. Posten kjem med landpostbod. Folk reiser på snarkkjøp i eigen bil, og på legesenteret med blodtrykket sitt. Nyhetene er det mannen på fjernsynet som diskuterer. Ingen veit kva naboen har til søndagsmiddag. Eller om nokon drøser meir.

Men bedehuset står no der, solid fundert som det er på større og mindre vekslepengar frå kjøpmannskapen i den vesle krambua - og eit einsleg bidrag frå K. Woster si Ægbog.

Asgjerd Taksdal, fødd 1930 i Strand, er utdanna lærar og har arbeidd som museumspedagog ved Stavanger Museum. No er ho kulturvernleiar og dagleg leiar av pedagogisk senter i Time kommune.

# Laurdagen på Handelslaget

AV ERIK FOSSÅSKARET

---

**Laurdag etter non. Karane kledde seg til helg. Dressjakke og slengbukse. Kvit skjorte og slips. Dei gjekk på kaien til båten. På ein særleg måte kom helga frå byen. Byfolka, avisene og anna programtilbod i radioen gav sitt spesielle innhald til laurdagskvelden og sundagen.**

---

Slik kunne det vera til lengst ute i 1960-åra. Så hende eitkvar. Bauspring og surr frå vinsjen vart borte. Bysse-lukt av steikt flesk i kvit saus dreiv vekk. Ropa frå styrmannen på bruvingen stilna av. Fjordabåtane og kai-karane fall ifrå i same tida. Ferjebilar og hurtigbåtar gjorde kaien meir til ein dørstokk ein snarast tepa nedpå i hastige reiser mellom by og land.

## KVARDAGS-HELG

Men inn i ei ny tid - med fredagshelg og nylon-klede - henta vi likevel med oss somme trådar frå tradisjonen. Like fram til midt i 1980-åra hadde vi handelslag i Ryfylke der dei tilsette kledde seg i heig. Fredag middag bytte dei til kvite forkle.

Helga gjør mindre av seg enn ho gjorde tidlegare. Helge-kledde karar og laurdagsbåten er borte. Slengbukser og forhausting gir svakare meldingar om helg og kvar dag. Somme stader torer motorplen-klipparen seg fram midt under preika. Bakom huset tykkjест det ikkje gjelda ei særleg tid for kyrkjeklokken.

Inn i den jamne flyten gir butikken svake slag av rytme. Laurdagen mellom hyllene bur vi oss til ein annleis

kveld og ein annleis dag. Framleis kler butikken seg om til helg og høgtid. Fleire sortar salat i delikatessen og familiehandling markerer fredagskveld og laurdagsfri. Juleglitter og «deilig er jorden» stemmer oss til helgesinn.

På butikken går vi inn i ein felles veke- og års-puls. Vert henta med i ein global og lokal rytme. OL-tevlingar i Albertville og Barcelona, frukost-TV og bygdedagar legg laurdagsbutikken audi. Bretta med kremfløyte-begeir i kjøledisken minner oss om konfirmasjonssundagen.

Rutetidene for båten styrer ikkje lenger tida for når folk handlar. Men Dagbladet og VG har slik kraft. Så lenge Oslo-avisene kom innover Ryfylke i 12-13 - tida klumpa laurdags-handelen seg like før stengje-tid. Med trykking i Stavanger og tidlegare leveringstid, makta VG å flytte laurdags-rytmen i heimane og på handelslaget. No kan mange fleire gjere helge-handelen straks etter frukost-TV.

## MØTESTAD

Framleis kjenner kvar einskild i bygdene rytmen til mange av dei andre. Laurdagen møtest dei på butikken. Dei vi ventar å møta, og på ein slump somme andre. Der



*Handelslaget er ikkje berre ein møteplass laurdagen. Det er òg ein plass der ein får informasjon resten av veka. Dette er oppslagstavla som er hengt opp i inngangspartiet til Finnøy Handelslag. Og dette er oppslaga som hang oppe ein tilfeldig dag i slutten av august 1992. Tavla annonserer at Unge røyster tek til att med øvingane etter sommaren, at ein liten kar vil selja styrthjelmen sin, om gudstenester i Finnøy kyrkje, show av ein tilreisande trylukunstnar, filmar på bygdekinoen m.m.*

er karane på troppa. 6-8 i laget. Somme er faste heile føremiddagen. Andre meir til og frå. Nordavinden og kjølen, eller sydnavinden og regnet kan驱va dei i hus. Inn i bislaget, eller like inn mellom brød-disk og bruskassar. «Et sted å være». Vi er saman om handelslaget. Aller mest gamlekarane. Kan gå i hus der.

Pratetema ligg i fortida. Men gjerne den heilt nære. Globalt og lokalt. Han som har sterke meiningsane, teiknar gjerne verda med dei klaraste fargane. Asylsökjarar og Bosnia, presidentialval og «Par-i-Bol». Meir tollegt om formannskap og lækjarkontor. Dette er ein mannsforeining utan traktement. Med fast møtedag og stad. Summarer siste veka. Vurderer og plasserer henne i høve til normene til denne manngenerasjonen. Som eit sosialt revisorkontor. Gir retningsliner for korleis oppgåvane i verda og i kommunen bør løysast. Frå dei som nyss har gejev frå seg styringa med garden og bygda.

Konene òg vekslar ord. Meir i farten. Dei skal i forening på tysdag. Men om eitkvart særleg står på, kan dei stoppe opp for nokre setningar mellom reolane. To og to. Sjukdom, eit nyt barnebarn, førebuing av runde dagar.

Dei unge set seg nedpå. På gesimsen under vindauge, på ein benk eller over sykkelen. 12- til 17-åringane. Ser framover. Veka attom får vera slik ho vart. Det meste er lovleg. No gjeld det å rá med kvelden i dag. Hjå kven er det gamlinglaust denne helga? Dei unge har drege seg frå basar- og bedehus-trappa til handelslaget. Inn i mot helga var og er begge stader utgangspunktet for seine kveldar og nye røynsler.

## TVANGSMØTE

Som båten og bedehuset var det, er forbruken lim i bygda. I små helsingar minner vi oss om kvarandre. Er sambygdingar. Byter erfaringar om korleis det viktige i tida er, og prøver ut idear om korleis det burde vera.

Alle samfunn må ha krefter som bind dei saman. Møtestader der vi skifter informasjon som vi treng om vi skal passa på kvarandre. Somme kjenner det slik at denne sosiale limen er klissete og klebrig. Dei vert for mykje påpassa. Særleg i fasar av livet når eitkvart går på tverke. Så pass at dei andre spør og informerer. Vi fryktar dette snakket. Etter foreldremøte og på butikken. Sit

mest gjerne heime, eller er snaue med naudsynte ærend. Lærer kor tid i veka og på dagen det er minst folk mellom hyllene. Held oss der til det er ledig ved kassen. Laurdagen på handelslaget er som eit stemne. Slike bygdesamlingar er mest gjeve for dei sterke og stolte. Dei med sorg og skam må smyga seg.

Meir midt i stemningsleiet finn vi dei jamt einsame. For desse er butikk-damene trygge prate-partnarar. Eit informert spørsmål om «kor det går», og små skjemtande merknader er viktige sosiale knaggar i livet.

Laurdagen på handelslaget møter bygda ei vidare verd. For hybelbuarane i byen er det gjævt å møta gamle kameratar. Og vaksne ein no som helgevitjande utflytt meir er på alder med. Dei som har med ny kjæraste fyreste gongene, undrar seg kor mykje folk skjønar og spør? Hyttefolket har fleire laurdags-kjenningar på handelslaget enn dei har kvardags-kjenningar på Obs og Rema. I ferietida kan vi slumpa til der mellom fiskereiskapane og målingsboksane å møta regionale kjendisar - endå ein og annan av dei nasjonale. Vi veit aldri om vi med eit lite nikk skal lata dei skjøna at vi veit kven dei er. Helsa på den tre-dimensjonale utgåva av biletet vi jamleg hentar inn i stova gjennom aviser og fjernsyn. Så let vi dei heller skjøna at her hjå oss er alle framande like ukjende.

## KRONER OG KOMMERS

Det er lite med gatemusikantar i Ryfylke-bygdene. Men mange loddseljarar. Laurdagen lokkar dei med fløytekaker på bok. Til støtte for «Solglytt» og pensjonisttur, 17. mai-musikk og volleyball-turneringar. Foreiningar og lag som vil alle berre godt. Vi vert henta bortom med vekslepengane våre. Til ein krok i tettaste straumen. Mellom handlekorgene og kassen. Akkurat så passeleg pågåande at dei som finhadlar til helga etter stramt budsjett, kan styra seg gjennom andre kassen og sleppa framom i fred.

Laurdag er ein spirande torg-dag. Handelslaget er det stabilt samlande. Så har også makrell-seljarane og potetdetaljistane kundar. Laurdagar med alternativ handel av kjeledressar og sommar-blomar skaper små bygdedagar. Det skal bygde-butikken kunne gleda seg over.

Varer og pengar er likevel kjernen i handelslagslaurdagen. Om ikkje det sentrale. Handelen glir liksom umerkande. Men visst kjøper folk. Karane på trappa har med seg laurdagslappen. Det vanlege og eitkvart ekstra til helga. Laurdag er ein snopedag. Fedrane er meir romslege enn mødrane med smågodt og TV-mat. Brus, pizza, chips og peanøtter vert trilla fram i annankvar handlekorg. Delikatessen har fleire gjester mot helga. Vennleg markerer by-folket urban kompetanse. Med presise instruksjonar sorterer dei trygt mellom entrecote, indrefilet og ytrefilet.

## SAMBYGDINGAR

Laurdagsbåten frå byen var eit storhende. Ei helga-hending i helga-klede. Men tidene har leita så mykje etter det hensiktsmessige. Det tykkjест vera hensiktsmessig å køyra til stormarknaden. Mange parkeringsplassar og lange reolar. Med godkjøp fyller vi bilen med bleier og boksemat. Fritt for tatl og utanomsnakk.

Laurdagen på handelslaget er begivenhet. På jamnen konkurrerer prisane godt. Attåt får vi ordna så mykje meir enn det som står på lappen. Handelen er aktiviteten. Vi renner over han ein «sosial saus». Det gir eit storhende. Der vi får gjort så mykje meir enn det vi møttest for å gjera. Vi er deltakarar og tilskodarar om ein annan. Laurdagen på handelslaget er ein av dei viktigaste møtestadene som gjer individua i bygdene til sambygdingar.

Erik Fossåskaret, født 1947 i Hardanger, arbeidar som sosiolog ved Høgskolesenteret i Rogaland, Stavanger. Han har budd i Ryfylke frå 1974 - på Hjelmeland, Sand og Rennesøy. I ulike samanhengar har han skrive om kulturhistoriske emne frå regionen og fylket.

# God medlemskontakt er fundamentalt i landbruksamvirket

VED NJÅL TJELTVEIT

---

To aktive organisasjonsfolk i landbruket er ryfylkingane Sigbjørn Schmidt og Jan Hetland fra Hjelme land. Schmidt er 50 år gammal og driv gard i Årdal. Han er styreleiar i Norsk Kjøtt, hovudorganisasjonen for slakterisamvirket i landssamanhang. Tidlegare har han vore styreformann for Agro Fellesslakteri og styreleiar i Årdal Meieri. Jan Hetland er 43 år gammal og politisk nestleiar i Norsk Bonde- og Småbrukarlag. Han var tidlegare leiar i Rogaland Bonde- og Småbrukarlag og i lokallaget i Hjelmeland.

---

Bøndene er heilt avhengige av samvirketiltaka som gir dei marknadsmakt. Denne konklusjonen er Sigbjørn Schmidt og Jan Hetland samde om. Dei to hjelme landsbøndene kan òg semjast om at samvirkeideen er sterkt utfordra i dag. Større konsentrasjonar og samanslåing av meieri, slakteri og andre samvirketiltak aukar avstanden til bøndene, som er eigarar og brukarar. Derfor må samvirket vera bevisst om dei grunnleggjande prinsippa bak samvirketiltaka.

Jan Hetland tar sterkare i enn Sigbjørn Schmidt når han skal karakterisera situasjonen i dag. *Hetland* seier:

– Bøndene maktar ikkje å identifisera seg med sine eigne samvirkebedrifter lenger og opplever at dei har liten påverknadskraft. Ryfylke er som eit u-land der vi bønder leverer råvarer til dei store konserna i Stavanger-området der vidareforedlinga skjer.

*Sigbjørn Schmidt:* Vi har gått gjennom ein endringsprosess for samvirkebedriftene. Det er stor skilnad på dei ytre vilkåra, t.d. når det gjeld meieristrukturen. Tidlegare var ei bygd eit naturleg meieriområde der

bøndene kjørte mjølka med hest til meieriet. Så kom lastebilane og utvida meieriområdet. Sidan gjorde tankbilane det naturleg med endå større einingar.

Grunnlaget for drift av samvirketiltaka har endra seg radikalt, og dette må få konsekvensar for våre verksemder som for alle andre bedrifter. Det er økonomi det handlar om. Ideologien er viktig for samvirket, men vi må tilpassa ideologien til endra ytre vilkår.

*Hetland:* Når samvirke er blitt konsern og storindustri, opplever medlemmene avstand og tykkjer dei har lite dei skulle ha sagt i sine eigne bedrifter. Samvirkeorganisasjonane har utvikla seg til å bli stadig meir topptunge. Anleggsstrukturen er sentralisert, og vi har fått ein kostbar overkapasitet. Bøndene føler avmakt og liten tilknytning til slakteri og merieri lenger. Vi har snart berre leverings- og kjøpeplikta igjen.

*Schmidt:* Drifta av samvirketiltak avvik ikkje frå anna næringsliv. Dei lever i det same næringsklimaet med auka krav til profesjonell og rasjonell drift og skal overleva i konkurransen med andre.



*Det eine av intervjuobjekta, Sigbjørn Schmidt, bonde i Hjelmeland, men med hybel i Oslo. Han er styreleiar i Norsk Kjøtt, hovudorganisasjonen for slakterisamvirket i landsmannsanheng. Tidlegare var han styreformann for Agro Fellesslakteri og styreleiar i Årdal meieri.*

## HOVEDPRINSIPP

– Kva er det som særmerkjer eit samvirketiltak?

Begge har same forståing av det særmerkte ved samvirketiltak samanlikna med andre økonomiske verksemder. Sentralt i samvirketanken er:

- demokratisk styring
- eitt medlem har ei stemme
- overskotet skal komma medlemmene til gode

Kapitalinnsats gir ingen fordelar, det er eigen bruk av organisasjonen som avgjer kor stor nytte og gevinst eit medlem har av si samvirkebedrift.

*Hetland:* I dag er samvirkebedrifter storindustri i praksis. Bøndene har lite å seia over styringa. Berre ei handfull gruppe bønder har leiaransvar, og det er ikkje lett for tillitsvalde å ha oversynet i ein stor organisa-

sjon. Dermed får administrasjonen stor makt, og styret blir lett overkjørte av direktørane. Vi får eit direktørvelde med stor réell makt.

*Schmidt:* Det er eg ikkje utan vidare einig i. Men eg er slett ikkje blind for faresignalra. Styring i samvirke for tillitsvalde er komplisert i dag. Bøndene har bakgrunn frå sine eigne næringstiltak, altså gardane. Gardane og drifta der kjenner dei, og her tar dei alle avgjerder sjølv. I storbedrifter kan styret aldri ha det fulle oversynet. Derfor kan det bli mest som ein kulturmøllisjon. Dei tillitsvalde må styra etter store linjer og vita kva område dei skal styra på og kva dei skal kontrollera.

*Hetland:* Administrasjonen har stor makt i dag, og dei tenkjer berre økonomi, rasjonalisering og stordrift. Mange identifiserer seg lite med dei grunnleggjande samvirkeprinsippa. Dei tillitsvalde blir altfor lett eit offer for systemet i administrasjonen. Det er her dei kan økonomi og veit korleis ei bedrift skal styrast når det gjeld den praktiske drifta. Og dei veit kor dei vil. Bedriftene blir aldri store nok.

*Schmidt:* Det er viktig at direktørar og andre i sentrale leiarposisjonar må identifisera seg med grunnleggjande verdiar som samvirkerørsla er tufta på. Før hadde nok mange samvirkedirektørar utdanninga frå landbrukshøgskulen på Ås. Med annan utdanningsbakgrunn er nok både kunnskapar om og tilknytning til samvirkerørsla veikare. Då må tillitsfolka syta for verdiorienteringa.

## SVEKKA REGION?

– Mange samvirketiltak er vekksentraliserte frå Ryfylke. Korleis har dette svekka regionen?

*Schmidt:* Det blir ofte hevd at samanslåing av samvirketiltak svekkjer Ryfylke. Eg vil våga den på-standen at endringane samla sett har stor plusseffekt. Saman-


slåing til meir rasjonelle driftseiningar har gitt sikrare og større inntekt til bøndene.

Det er stort produksjonsvolum i Ryfylke. Men den oppstykka geografien skaper problem med tanke på å ha anlegg her. Til alle tider har kommunikasjonane i Ryfylke vore retta mot Stavanger. Det forklarer nok mykje av det som har skjedd. Hjelmeland og Strand leverer like stor slaktemengd som Vest-Agder fylke til saman. I Lillesand blei det bygd nytt slakteri som tar mot mindre slakt enn Ryfylke produserer. Dette slakteriet har på slaktersida 25-30 arbeidsplassar.

*Hetland:* Det er tragisk å tenkja på at fleire hundre samvirkearbeidsplassar med basis i Ryfylke-jordbruksområdet ligg i Stavanger og Nord-Jæren-området. Her har først og fremst bøndene svikta totalt. Dei har følt altfor lite ansvar for bygdene sine og regionen sin. Dei har tenkt på kortsiktig økonomisk gevinst og overlevert det distriktpolitiske ansvaret til andre. Ryfylke har mangla eit samlande sentrum. Sentrum for Ryfylke har vore Stavanger.

Det har vore for lite samhald og for lite stå på-iver blant bøndene i Ryfylke. Derfor har Ryfylke tapt i den utviklinga som har gått føre seg. Det er grunn til å peika på kor lett bøndene i Hjelmeland kvitta seg med meieriet i Årdal der Sigbjørn Schmidt som styreforman og Senterparti-ordførar Ola J. Hagalid gjekk inn for nedlegging. Dette var stort tap for bygda. Men det er eit typisk eksempel på at ideologisk seier ein distriktpolitikk og desentralisering i eit partiprogram, mens ein i praksis gjer stikk motsett.

*Schmidt:* Samla sett ville det vore gunnlag for verksamheter både på kjøttsida og meierisektoren i Ryfylke. Men det er urealistisk å tenkja seg endringar som fører slike anlegg tilbake til Ryfylke. Utfordringa her er å skapa grunnlag for «nisjeprodukt», utan at det er så lett å vera konkret.



Jan Hetland, det andre intervjuobjektet, politisk nestleiar i Norsk Bonde- og Småbrukarlag. Tidlegare var han leiar i Rogaland Bonde- og Småbrukarlag og i lokal-laget i Hjelmeland.

*Hetland:* Utviklinga med sentralisering har gått for langt. Eg trur framleis på eit slakteri i Ryfylke. Medlemmene må ta tilbake makta i samvirket og reindyrka samvirkeprinsippa meir enn vi er vitne til i dag. Medlemmene må handheva og reindyrka dei grunnleggjande samvirkeideéane meir. Skal medlemmene ha makta, må dei ha det økonomiske ansvaret.

#### UTFORDRINGAR

– Kva er dei største utfordingane for landbruket i dag når det gjeld å skapa auka medlemsengasjement i samvirketiltaka?

*Schmidt:* Det er ei klar utfordring å skapa eit større medlemsengasjement. Vi må ha eit representativt demokrati med visse tilpasningar. Prinsippet med ope

medlemskap og at eit medlem har ei stemme er det viktig å ta vare på. At mange medlemmer føler avstand i dag, er reelt. Og medlemmene må oppleva at dei blir tatt på alvor når dei viser engasjement.

*Hetland:* Eg meiner at det berre er bøndene sjølve som kan sikra at sine eigne og bygda sine interesser blir tatt vare på gjennom landbruksamvirket. Bøndene må ta tilbake makta. Vi kan ikkje lenger godta at lokale anlegg blir lagde ned ut frå usikre løfte om auka pris. Lokal foredling betyr kolossalt mykje for bygda.

Samvirkeprinsippa med ope medlemskap, demokratisk kontroll, avgrensa kapitalrente, andel av disponible beløp i forhold til deltaking og kontanthandel, alt dette må løftast sterkare fram og blankt pussast igjen. No skal medlemmene i samvirkebedrifter engasjerast gjennom eit omfattande studieopplegg. Dette kan vera ein måte å skapa debatt og engasjement.

Lokale anlegg stimulerer engasjement, sentralisering drep medlemsengasjementet.

*Schmidt:* Det er ei klar utfordring å vedlikehalda medlemsengasjementet og skapa styringsmodellar som tar vare på engasjementet hos medlemmene våre. Vi har ei styringsordning med representativt demokrati i dag. Dette byggjer i utgangspunktet på prinsippet om eitt medlem og ei stemme med visse tillempingar. Med moderne storbedrifter som dekkjer regionar, fylke eller fleire fylke, er det nødvendig med ein utveljingsprosess der medlemmene peikar ut utsendingar til årsmøtet.

Vi kan ikkje drøyma oss tilbake til ordningar frå tidlegare tider. Men det er ei klar utfordring for alle samvirkeleiarar i dag å i alvor gjera alt dei maktar for å halda oppe god medlemkontakt og prøva skapa engasjement.

# Dei var våre ein gong, er dei det lenger?

**Styringa av mange bygdeskapte tiltak er flytta frå Ryfylke til Stavanger.**

AV NJÅL TJELTVEIT

---

**Det var bygdefolket sjølve som stod bak reisinga av handelslag og meieri i Ryfylke. Sparebankane var òg bygdetiltak der det blei sett på som viktig for kvar kommune å ha eigen bank. At det kom meieri, bankar og handelslag er tidstypisk og ikkje noko særkjenne for Ryfylke. Idéar med berekraft fekk gjennomslag i Ryfylke som andre stader, og i kvar kommune eller bygd fanst det personar med leiareigenskapar og pågangsmot. Desse gjekk i brodden og omsette idéar i praktisk handling.**

---

I Ryfylke-bygdene var det bøndene som var dei ivrigaste til å realisera samvirkeidéen der produsentane sjølve tok seg av mjølkemottak og organiserte medlemseigde butikkar. Samvirkeslakteri for store delar av Ryfylke, eggsentral og Gartnerhallen har alltid vore plasserte i Stavanger og Sandnes.

Når vi granskar historia til ulike samvirkeprosjekt, får vi tydeleg dokumentert at vi har med lokale tiltak å gjera. Bygdefolket åtte handelslaget gjennom medlemskap.

Det same gjorde bøndene med meieriet. Og banken hadde dei fleste av bygdefolket som trufaste og sjølv sagtde kundar. Kvar sparebank hadde oftast ein kommune som dekningsområde. Bygdebankane i fleire Ryfylke-kommunar var svært små. Det galdt t.d. Jelsa, Erfjord, Fister og Imsland, for å nemna nokre av dei minste.

## BYGDESTYRTE

I styra for bankar, handelslag og meieri sat bygdefolk og sambygdingar som alle visste kven var. Årsmøta i handelslag og meieri samla medlemmer som kjende kvarandre og opplevde nærliek til «sitt» meieri og «sitt» handelslag.

Årsmøta var noko medlemmene sluttat opp om. Det blei alltid servert god mat, og programmet hadde gjerne kulturinnslag i tillegg til dei obligatoriske postane på saklista. Somme bygdefolk hadde årsmøta i meieriet og handelslaget som viktige forum der dei kunne ytra seg og målbera kritiske kommentarar.

For det var oftast dei kritiske röstene som kom til orde, ros og vellåt høyrdest sjeldnare. Å gi kvarandre ros og tala vel om kvarandre er ikkje det ryfylkingane har best trening i å gjera offentleg. Det fanst gjerne nokre «gjengangarar» på årsmøta, slike som alltid fann eitkvart å kritisera; men dei fleste møtte fram for å oppleva sosialt felleskap. Samvirketiltaka var deira, og

dei opplevde nærleik til både meieri, handelslag og bank.

## SENTRALISERING

Systemet med små einingar blei halde oppe til fram mot 1970. I tida etterpå skjedde det store endringar. Mange små meieri blei rasjonaliserte bort, bygdehandelslag hadde vanskar med å stå trygt på eigne bein, og bygdebankane opplevde at dei var altfor små og rådde over for lite kapital i tider med stor etterspurnad etter lån.

Kring 1950 bygde mange bygdemeieri nye anlegg eller moderniserte kraftig. Mjølkemengda auka, og etter kvart kom omlegginga til tankhenting. Dette gjorde transporten av mjølk enklare. Tankbilane hadde kjøleordning, og mjølka kunne transporterast over lengre strekingar enn tidlegare. Både praktisk og hygienisk var tankhenting ein stor fordel.

Samstundes skjedde det store endringar i samferdsela i Ryfylke der gamle fjordabåtar blei erstatta med landtrafikk og ferjer. Dette gjorde det mogeleg å transportera mjølk over lengre avstandar til moderne og rasjonelt drivne stormeieri på Nord-Jæren.

Stordriftsfordelane slo negativt ut for Ryfylke. Ferjesambandet over Høgsfjorden førte til nedlegging av det vesle meieriet på Helle i Forsand i 1970. I staden frakta tankbilar mjølka til Høyland Meieri på Voll på Jæren. Omlegging til ferje for øyane i Rennesøy kommune resulterte i nedlegging av meieriet på Vikevåg. Ferja frakta tankbilane til og fra Stavanger. Det nye storanlegget til Frue Meieri i Sola tok mot mjølka. Seinare kom turen til Årdal Meieri. Mjølka frå store delar av Hjelmeland går no med tankbilar til Rogalandsmeiariet på Sola. Også meieriet i Sauda blei lagt ned, og mjølka blei levert til Vikedal.

På kort tid var dagane talde for mange små bygdemeieri i Ryfylke, og berre to meieri overlevde den



Berre to meieri overlevde den store meierislaktinga, meieria på Sand og på Judaberg (Finnøy). Meieriet på Sand soknar til Vestlandsmeieriet og driv med produksjon av nøkkelost. Den nye Tine-logen har kome på plass på veggen.

store «meierislaktinga». Det var Sand Meieri og Ryfylke Meieri på Finnøy. Argumentasjonen då produsentane valde å leggja ned bygdemeieria, var utsikten til betre mjølkepris. For økonomisk talde det positivt for bøndene å kvitta seg med dei små bygdemeieria og arbeidsplassar der. Og bøndene talde kroner og tenkte på eiga privat-økonomisk vinning.



SR-bank sitt hovudsete på Bjergsted i Stavanger. Herfrå vert dei fleste av dei gamle sparebankane i Ryfylke styrt idag. Då Sparebanken Rogaland vart oppretta i 1975, valde nemleg dei fleste sparebankane i regionen å gå inn i denne store bankeininga. Det var Forsand, Strand, Årdal, Fister, Finnøy, Erfjord, Jelsa, Sand og Suldal. Sparebankane på Kvitsøy, Rennesøy og Sjernarøy hadde fusjonert med Hetland Sparebank 1965/66, som frå 1991 også er ein del av SR-bank.

Mange vil meina at mykje er tapt i prosessen frå mange små til ein stor bank. Dei to einaste sparebankane i Ryfylke som har vald å stå utanfor bank-giganten - Hjelmeland og Sauda - står godt på eigne bein.

(Foto utlånt av SR-bank, Stavanger)

Omsynet til eiga lommebok og privat bankkonto talde framfor viljen til å kjempa for å halda opp bygdearbidsplassar.

## ØKONOM TAR OVER

Også i varehandelen kom det tydeleg til uttrykk at stordrift hadde klare fordelar. Innkjøp og administrasjon blei meir rasjonell, og fleire av dei små handelslaga hadde vanskar med å få til eit godt økonomisk driftsresultat. Somme handelslag streva òg med å finna folk som ville ta på seg styraransvaret. Forholda var små for mange bygdehandelslag, og kravet til profesjonell leiing på mange plan auka. Dessutan blei konkurransen skjerpa. Folk handla lettare utanfor bygda enn før. I tilbodsjungelen talde det meir for kundane å studera gunstige prislappar og tilbodslister enn å tenkja på bonuslappar og dei pengane som kom frå handelslaget ein gong for året til medlemmene.

Prisar og tilbod var viktigare for kundane enn opplevinga av at handelslaget var deira eige tiltak der dei var medlem.

I Ryfylke blei samvirkelaget Økonom i Stavanger den reddande engelen. Fleire små handelslag gjekk inn i Økonom der det største samvirketiltaket i fylket overtok eigedomsretten til bygningar og andre anlegg som før var bygdeeeigde. Det skjedde på Suldalosen, Helle i Forsand, på Kvitsøy, Steinnesvåg på Finnøy, i Årdal, på Hjelmeland, Jørpeland og Tau.

Desse handelslaga er no avdelingar under Økonom i Stavanger. Den ansvarlege leiaren sit i Stavanger. Forretningsprofil og viktige avgjerder blir tatt i Stavanger. Dei gamle handelslaga er gjennom denne ordninga sikra meir profesjonell leiing og same tilbodsordning som stordriftsfordelane i Stavanger gir. I Sauda er samvirkelaget ein del av Haugesund og Omland samvirkelag.

## FRÅ BYGDEBANK TIL SR-BANK

Det første organiserte samarbeidet mellom bygdebankar og større bankar i Stavanger skjedde gjennom kontakt med Hetland Sparebank og Bøndernes Bank. Nokre bankar i Ryfylke gjekk òg inn som delar av Hetland Sparebank. Men det var gjennom skipinga av Sparebanken Rogaland (SR-bank) den store bankomlegginga i fylket skjedde.

For små bygdebankar var dette ei sjølvsagd ordning og eit vere eller ikkje vere for bankane. Dei små bygdebankane ville sjølvdauda fort dersom dei ikkje hadde blitt ein del av ei større bankeining.

I Suldal gjekk fire sparebankar inn i SR-bank. Det same skjedde for to bankar i Hjelmeland, men her valde Hjelmeland Sparebank å stå åleine. I Strand gjekk Strand Sparebank inn i SR-bank. Det same skjedde i Forsand og på Finnøy. Etter at Hetland Sparebank blei overtatt av Sparebanken Rogaland, er bankane på Rennesøy, Sjernarøy og Kvitsøy blitt ein del av SR-bank-konsernet.

## REDUSERT MEDLEMSKONTAKT

Samanslåing til større einingar er nødvendige i vår tid. Det ligg viktige økonomiske og marknadsmessige vurderingar til grunn når samvirketiltak blir slegne saman, og vi får moderne og rasjonelle storslakteri, stormeieri m.v. Men kontakten til medlemmene blir redusert. I mindre grad enn før har dei formelle eigaraane/brukarane kjensle av at samvirketiltaka er deira eiga verksemd. Det same gjeld dei kjenslemessige banda til bygdebanken.

Samvirkebedriftene har no produsentmøte og eit valsystem som sikrar representasjon frå ulike distrikt i styrande organ. Spørsmålet er om dette er mest av formell art, eit formaldemokrati der nokre få tillitsvalde

forvaltar all makt, og medlemmer og utsendingar til årsmøta i praksis mest opplever at dei er passive tilskodarar i eit «påliksomdemokrati».

Det er ei stor utfordring for dei ansvarlege å ta vare på medlemskontakt og medlemsstyring i samvirkebedriftar som har vakse seg til store konsern.

SR-bank har lagt ned dei lokale bankstyra og opererer med bankråd i kvar kommune. Desse råda har få møte for året og har berre ein pratefunksjon utan reell påverknad og avgjerdssrett. Dei mest høgrøysta kritikarane har brukt ordet «supperåd».

Så spørst det då kor mykje det har å seia for bankkundar og samvirketiltaks-medlemmer å ha nærokta med sine eigne verksemder. I ei tid med stor driftsfordelar i ei næring med press frå mange kantar og aukande krav til profesjonell drift og leiing, er nok mange bønder og handelslagsmedlemmer mest interesserte i pris framfor den daglege opplevinga av at dette er «vårt». Produsentpris for mjølk og kjøt tel meir for bøndene enn samvirkeideologi.

Handelslagskundane er opptatt av lågpris og bugnande tilbodshyller framfor medlemspris og årsbonus enn tidlegare generasjonar i bygda sin innsats for å skapa eit bygdeeid handelslag. Når Rimi er rimelegast, er dette avgjerande for kor ein handlar. Det gjeld òg for folk med tilknytning til arbeidarrørsla på industristeder som Sauda og Jørpeland. Det er ikkje ideologien som avgjer kva butikkdør vi går inn.

Vi møter i dag ein utvatna samvirkeideologi der det eksisterer eit formelt demokrati gjennom tillitsmannsordningar, produsentmøte og årsmøte. Medlemmene blir tilbydd informasjon, dei kan spørja og ytra seg på produsentmøta; men i praksis har dei lite å seia. Meir enn før har vi fått funksjonærstyrt samvirke der medlemsvalde styre nok har det formelle ansvaret, men i praksis er det direktørane som dominerer. Den vanlege



Samvirkelaget «Økonom» tar over varehandelen i Ryfylke på 1980-talet, som ein reddande engel. Biletet syner varehuset OBS på Mariero i Stavanger, der «Samvirkelaget ØKONOM» har sin administrasjon. Herfrå vert 8 av dei gamle bygdeskapte handelslaga i Ryfylke styrt i dag. (Foto utlånt av «Samvirkelaget ØKONOM»)

medlem har i liten grad reell kontroll over eigne samvirke-organisasjonar.

Vår tid krev andre løysingar enn då bygdebanksar, meieri, slakteri og handelslag blei organiserte som bygdestyrte tiltak. Men det er god grunn til å spørja om kva som er att av samvirkeideen i dei moderne samvirkekonserna? Kanskje er situasjonen i dag slik at idéen må utvatnast så mykje for at tiltaka skal vera livslaga. Samvirketiltaka må drivast etter vanlege bedriftsmodellar der best mogeleg pris på råvarene til medlemmene/leverandørane er den viktigaste målsettinga.

Det er økonomi som tel framfor ideologi og vilje til

å realisera tankar om reell styring over tiltak kundane sjølve står som formelle eigalarar av. I dag er det liten skilnad mellom samvirkeverksemder og vanlege private tiltak på andre måtar enn at bøndene er eigalarar av samvirkebedriftene.

I ein artikkel frå 1950 seier leiaren i fylkeslaget for samvirkerørsla i Rogaland, Lars Vatsendvik, dette om idéen bak samvirketiltaka: «En forbrukerforening, kooperativt handelslag eller samvirkelag er en forening som består av medlemmer som til enhver tid selv bestemmer omfanget av og reglene for den virksomhet som laget driver. Den forvaltes av et styre valgt på møter

hvor alle medlemmer har adgang, og er åpen for alle forbrukere. En kooperativ forening kan ikke ha andre interesser enn forbrukernes, det vil si medlemmene - kundenes. Det overskudd som blir igjen ved årets slutt disponeres av medlemmene, noe blir tilbakebetalt, en del avsatt til fond for å trygge foreningens framtidige virksomhet.»

Frå vakker tale om idé til røyndommen i dag er det eit stort gap. Med store einingar er det vanskeleg for medlemmene å oppleve eit nært og ekte forhold til samvirketiltak dei er medlemmer i. Særleg må dette gjelda mange i Ryfylke når det er så lang fysisk avstand mellom bedriftsleiing og kunde. Samvirkelaget Økonom i Stavanger som har overtatt fleire handelslag i Ryfylke, opererer ikkje med medlemslister lenger.

## UT AV RYFYLKE

For Ryfylke er sentraliseringa av bygdestyrte tiltak av fundamental karakter. For her har samanslåing til større einingar ført til flytting av makt og styringsfunksjon frå regionen Ryfylke til Stavanger-Sandnes-området. Der sit administrasjonen, og der blir dei viktige avgjerdene tatt; - langt borte frå bygdene i Ryfylke. Ryfylke blir lett den tapande parten når det føregår konsentrasjon og sentralisering av kapital og kommandolinjer.

Situasjonen er den same på mange samfunnsområde, men når det gjeld bygdestyrte tiltak, er det medlemmene sjølve som har valt å flytta makt frå eiga bygd og eigen region til det området av fylket der det meste av makta er samla frå før. For Ryfylke er det òg eit problem at regionen ikkje har noko sentrum. Til alle tider har Ryfylke hatt sentrum i Stavanger. Dette har mykje med geografien i Ryfylke å gjera.

Ryfylke er råvareprodusent som leverer mjølk, kjøt, egg, frukt og grønnsaker til Stavanger, Sandnes og Sola. Det er ikkje få arbeidsplassar bøndene i Ryfylke er med og held oppe i eigne samvirketiltak i Stavanger-området. Mottakar- og omsetningsleddet med alle arbeidsplassane som er knytte til desse funksjonane, har bøndene plassert i fylket sitt sterke vekstområde. Truleg hadde dei ikkje noko val. Å protestera frå vesle Ryfylke mot det som blir planlagt andre stader er håplaust. For regionen er det funksjonærane og topp-tillitsmennene i Oslo som har.

Sett med Ryfylke-auge er det med ei viss beisk erkjenning vi må vedgå at mykje av det som tidlegare var vårt, er flytta vekk frå regionen. Bygdeskapte tiltak var «våre» ein gong, no er dei det berre delvis. Og dei blir fjernstyrte utanfrå. Som region blir Ryfylke svekka gjennom denne prosessen.

# Folkemusikkarkivet – inn i ein ny epoke

AV RUTH ANNE MOEN

---

Folkemusikkarkivet for Rogaland har no endeleg fått offisiell status. 1/2 fast stilling er oppretta f.o.m. 1.1.1992. Dette blei markert med ei stor musikalsk mònstring 27.3 på Nesasjøhuset.

---

På mònstringa fekk vi møte eit breitt spekter av utøvarar, i aldaren 8 - 80 år! Her var både dei som har dyrka folkemusikken i årevis, og dei som nett er blitt kjend med han. Eg vil her spesielt få nemne alle dei heilt unge aktørane:

Vi fekk møte små springardansarar frå Nesflaten og borna frå Sand leikarring som synte songleiken «Veva vedmål». «Suldal spelekvinnelag» framførte ein bruremarsj ifrå Jelsa og spelemannslaget «Vibå» sitt juniorlag presenterte feleslåttar frå Bjekreim. Elevar frå Suldal kommunale musikkskule bidro dessutan med delar av ein folkemusikkonsert dei hadde halde uka føre. Folkemusikkonserten til musikkkulen var eit samarbeid med Folkemusikkarkivet, og her var fleire gode døme på korleis det innsamla stoffet er tatt i bruk att.

Spesielt moro var det elles at vi fekk frampå ein av

*Frå opninga av folkemusikkarkivet 27. mars 1992. Eldrid Eiken Stangeland, 10 år, frå Suldalsosen, syng «Kråkevisa» etter Andreas Vandvik. I bakgrunnen, konservator ved folkemusikkarkivet, Ruth Anne Moen. Formannen i fylkeskulturstyret, Toralf Eskedal, sto for opninga av arkivet.*



informantane. 80 år gamle Lina Baustad frå Foreneset song nokre vers frå ei gamal kjærleiksvise ho hadde lært av mora som igjen hadde lært den av si bestemor!

Folkemusikkarkivet for Rogaland er oppretta som ein fast del av Ryfylkemuséet, altså eit fylkesarkiv som er plassert på eit regionsmuseum. F.o.m. 1.7. har Suldal kommune løyvt midlar til eit 2-års engasjement ved arkivet. Det vil seie at det for første gong, og i 2 år framover, kunne tilsetjast konservator i heil stilling. Dette vil for det første føre til ei intensivering i innsamlingsarbeidet. For det andre vil ein no håpe å finne tid til å få det innsamla stoffet i system og etter kvart over på EDB. Det er t.d. no endeleg laga ei alfabetisk og geografisk liste over samlede registrerte utøvarar ved arkivet, med bandtilvisning. Slik kan òg servicen ved arkivet bli betre.

Formidlingsarbeidet vil framleis ha høg prioritet. T.d. vil det med det første bli gitt ut eit nytt hefte, «Songar frå Jelsa». Heftet er blitt til som eit samarbeid mellom Folkemusikkarkivet og Jelsa skule v/Oystein Haga. Innholdet bygger delvis på nyare feltarbeid, delvis på eldre arkivopptak. Elles har fleire privatpersonar gjeve stoff til prosjektet. I samband med utgjevinga, er det planlagt ein bygdakveld der gamle og unge er med i presentasjonen av heftet.

Det er ønskeleg at ein etterkvart kan få gitt ut liknande hefter for andre område. Ein kan tenke seg større eller mindre tradisjonsområde. Folkemusikkarkivet tek gjerne imot henvendelser frå interesserte kommunar!

*«Og denne visa har ingen ende,  
og denne visa kan ingen kjenne  
.....»*

# Årsmelding 1991

---

Året 1991 vil bli ståande som eit merkeår i soga til Ryfylkemuseet. Dette året kunne museet flytte inn i eigne lokale for sine sentrale funksjonar. Gjennom Nesa-sjøhuset på Sand har museet fått tenelege og trivelege lokale, ein har lukkast i å ta vare på eit viktig hus i strandstadmiljøet og ein har vist at gjenbruk og rehabilitering er økonomisk fordelaktig. Tilstrøyminga til huset har vore svært stor heilt sidan huset blei tatt i bruk i månadskiftet juni/juli, og særlig etter at huset og strandstadutstillingen blei offisielt opna 30. oktober.

Svært gildt har det vore å oppleve sjøhuset som ein møtestad for bildande kunst, musikk, aktuelle samfunnsspørsmål og den kulturopplevinga som museet kan by på.

Men her har vore meir å gle seg over. Etter å ha arbeidd med tankar om eit vasskraftmuseum, seinare eit vassdragsmuseum, i fleire år, har Suldal kommune tatt på seg utgifte med å få fart i arbeidet gjennom engasjement av ein prosjektleiar. Prosjektlearen tok til i arbeidet i november og er førebels engasjert for ein periode på to år. Og heilt mot slutten av året kom det melding om at Fylkestinget har vedtatt å opprette fast stilling ved Folkemusikkarkivet. Tidlegare har Suldal kommune vedtatt å yte prosjektstøtte til arkivet i to år. Dermed har vi tatt viktige steg mot realisering av to store tiltak som museet har arbeidd mye med.

Og det er meir å gle seg over. For arbeidet med vern av bedriftsarkiva i Sauda har museet hausta ære og berømmelse, både fordi dette har vist seg å vera eit pionerarbeid, og ein type arbeid som musea må legge større vekt på, og fordi det er eit arbeid som har synleggjort den rolla musea kan spele i arbeidet med bedriftskulturar og stedsutvikling.

Det er grunn for musea til å rette stor merksemad mot den fokuseringa på kultur og verdiar som nå skjer i samfunnet. I

ei verd som blir meir og meir marknadstilpassa, ser vi eit veksande behov for ny og større innsikt i kulturelle prosesser og system. Her kan musea gi vesentlege bidrag, og dei bør gjera det, men det krev vilje og evne til å melde seg på i arbeidet med andre typar problemstillingar enn musea er vane med.

Overfor slike utfordringar blir ressursfattigdommen fort synleg, og i gleda over det vi får til, kan ikkje styret unngå å peike på den store avstanden det er mellom oppgåver og midlar til å løyse oppgåvene. I tillegg viser det seg vanskelig å finne fram til ei organisasjonsform for museet som både sikrar ansvaret for vern og vidareutvikling av dei samlingane museet allereide har ansvaret for, og utveg til å ta på seg nye oppgåver. Det blir ei hovudoppgåve i året som kjem å løyse desse problema.

## ÅRSMØTET

Vanleg årsmøte blei halde på Sand 19. mars og samla 29 medlemmar.

Under gjennomgangen av årsmeldinga peika formannen på dei gode resultata som var oppnådd etter at museet hadde vore i arbeid 10 år som regionmuseum, og det blei orientert om arbeidet med ei ny styreform ved museet. Årsmeldinga og rekneskapen blei godkjente utan merknader, og alle val blei gjort samråystes og i samsvar med innstillinga frå valnemnda.

Etter mat og kaffe var det musikk og song ved distriktsmusikarane i Suldal, og kåseri om Iddis-kulturen ved Jan Gunnar Johnsen.

Omframtid årsmøte blei halde på Sand 14. november og samla 27 medlemmar.

Til behandling låg det føre forslag frå styret om førebels

tilslutning til å gjera om Ryfylkemuseet til ein stiftelse. Etter forslag frå Reidun Korsvoll gjorde årsmøtet slikt vedtak:

- 1 Årsmøtet sluttar seg til forslaget frå styret om å gjera om Ryfylkemuseet til ein stiftelse.
- 2 Årsmøtet ber styret for Ryfylkemuseet invitera kommunane til forhandlingar om grunnlaget for skiping av stiftelse med utgangspunkt i saksførrelegget og utkast til vedtekter.
- 3 Årsmøtet 1992 vil ta endeleg avgjerd i saka om Ryfylkemuseet skal bli stiftelse og godkjenna vedtekten.

Etter mat og kaffe kåserte Morten Eriksen om Mostraspelet.

#### MEDLEMMANE

Museet har ved utgangen av året 467 medlemmar og abonnentar. Det er omlag som i fjar. Medlemmene fordeler seg slik mellom dei ulike kommunane og museumsLAGA (tala for 1990 i parentes):

Sauda		64	(61)
Suldal		204	(207)
Suldal museumslag	37	(38)	
Jelsa museumslag	16	(21)	
Erfjord museumslag	15	(14)	
Sand museumslag	136	(134)	
Hjelmeland		26	(43)
Andre		131	(125)
Abonnentar		42	(39)
Sum		467	(475)

Det er liten aktivitet i museumsLAGA. Skal museet ta mål av seg til høgare aktivitet og større deltaking, må både styret og personalet legge større vekt på arbeidet med å legge forholda til rette, oppmuntre og ta initiativ til ulike tiltak. Det ville vera ein styrke for museet og museumsarbeidet om ein fekk dette til, men det er ei, blant mange oppgåver, som ein må fordele sparsame ressurser på.

Arbeidet med utviklinga av FOLK i Ryfylke bør gi grunnlag for vekst i talet på abonnentar.

#### STYRET

Styret har etter årsmøtet vore samansett slik:

##### Frå Sauda:

Olav I. Oftedal	til 1992
Tormod Vanvik (ny)	til 1993
Varamedlem: Ingvald Paulsen	

##### Frå Suldal:

Ommund Berge	til 1992
Børge Skeie (formann)	til 1993
Varamedlemmar: Borghild Moe og Per Fremmersvik	

##### Frå Hjelmeland:

Åse Jensen (nestformann)	til 1992
Trygve Brandal (ny)	til 1993
Varamedlem: Ånen Stråbø	

##### Oppnemnt av Rogaland fylkeskommune:

Reidun Korsvoll	
Varamedlem: Ingve Lunde	

##### Valnemnd til årsmøtet 1992:

Aslaug Astad	
Knud O. Staurland	
Nils Paul Fisketjøn	

Styret har hatt 5 styremøte og behandla 29 saker. I tillegg er ei rekke saker drøfta som meldingar.

Utanom behandling av budsjett og rekneskapsrapportar og personalsaker, som er faste innslag på saklistene til styret, har dei store sakene dette året vore arbeidet med omorganisering av museet for å verkeleggjera ideen om eit regionmuseum for heile Ryfylke, og arbeidet med fullføring av eigne lokale for dei sentrale funksjonane ved museet i Nesa-sjøhuset på Sand. Styret har også behandla spørsmål om etablering av ein antikvarisk verkstad knytta til museet og har hatt føre seg fleire saker om disponering av samlingane. Forslag til ein museumsplan for Rogaland har vore drøfta både i styret og i samrådingsmøte mellom regionmusea i Rogaland, som formannen har deltatt i.

Styreformannen har også deltatt på årsmøtet i Norske kunst- og kulturhistoriske museer (NKKM). Nestformannen har deltatt i Museumsmøtet som Fylkeskultursjefen ber inn til kvart år.

## PERSONALET

Museet hadde i 1991 framleis berre 2 1/2 faste stillingar, og i den eine av dei heile stillingane har det vore permisjon halve året. I eit år med store, omframme arbeidsoppgåver attåt eit elles høgt aktivitetsnivå, har dette ført til stort press på det faste personalet.

I alt har museet hatt 35 personar på lønningslistene dette året. Mange av desse er sesongtilsette eller timelønte. Og vi har også i år hatt tilskott av arbeidskraft under ordninga Arbeid for trygd, men det har etterkvart vist seg vanskeleg å finne fram til personar som vi kan nytte oss av, slik at vi ikkje har fått nytta ordningen fullt ut. Tilsaman reknar vi med å ha utført 5 - 6 årsverk. I tillegg har museet engasjert ei rekke firma og personar gjennom byggeoppdrag, transport og gjennom innkjøp av varer og tenester.

Museet kan gle seg over at det er gjort vedtak om å opprette fast stilling for arkivar ved folkemusikkarkivet. På den andre sida vil det vera kritisk om ein ikkje nå finn ei løysing på behovet for fast tilsett handverkar ved museet.

Museet har starta forsøk med å gjennomføre medarbeidarsamtalar og personalmøte, og håper dette kan bidra til større innsikt i og forståing for dei oppgåvane som ligg føre og dei samarbeidsforholda som finst i institusjonen. Det er eit generelt inntrykk at arbeidsmiljøet er godt.

Desse har vore tilsette eller engasjerte ved museet i meldingsåret:

Roy Høibo, førstekonservator/styrar, 1/1 stilling  
Gaut Berge Nilsen, avdelingsleiar, 1/1 stilling, 17/6 -  
31/12

Bjørg Jorunn Myhre, kontorassistent, 1/2 stilling, dessutan engasjert som ekstrahjelp 1/2 stilling

Ruth Anne Moen, arkivar, engasjement i 1/2 stilling

Kjell Johnsen, handverkar, engasjement i 1/1 stilling

Ernst Berge Drange, stipendiat, engasjement i 1/5 stilling  
1/1 - 30/3, i 1/10 stilling 1/4 - 30/6 og i 1/1 stilling 1/10 -  
31/12

Gro Fremmersvik, reingjeringsassistent, heilårsengasjement, timeløna

Marie Korsvoll, reingjeringsassistent, heilårsengasjement, timeløna

Valborg Berge, reingjeringsassistent, sesongengasjement, timeløna

Sigrun Jensen, reingjeringsassistent, sesongengasjement, timeløna  
Ester Bakka, reingjeringsassistent, sesongengasjement, timeløna  
Kari Furre, tilsynsmann, timeløna  
Ommund Berge, tilsynsmann, timeløna  
Olav I. Oftedal, tilsynsmann, timeløna  
Øystein Randa, tilsynsmann, timeløna  
Elvira Ekholdt, omvisar, timeløna  
Karoline Høibo, museumsvakt, timeløna  
Ann Kristin Nilsen, museumsvakt, timeløna  
Tom Rune Aarthun, sesongvakt, timeløna  
Toril Sivertsen, sesongvakt, timeløna  
Jenny Erfjord, sesongvakt, timeløna  
Ingvild Skeie, sesongvakt, timeløna  
Svein Ilstad, sesongvakt, timeløna  
Laila Børkja, sesongvakt, timeløna  
Susanne Adjemi, sesongvakt, timeløna  
Liv Inger Eie, ekstrahjelp, timeløna  
Torleif Ness, handverkar, timeløna  
Ola O. Hustveit, handverkar, timeløna  
Anne Hiim, kontorarbeid m.m., arbeid for trygd  
Wenke Johnsen, reingjering, bygningsarbeid, preparering  
m.m., arbeid for trygd  
Mette Håheim, foto, arkiv, arbeid for trygd  
Egil Overskeid, bygningsarbeid, arbeid for trygd

I tillegg har medlemmar i Suldal museumslag hatt vakthald på Kolbeinstveit og Røynevarden.

Personalet har deltatt på følgjande faglege kurs og møte i meldingsåret:

Møte i Forum for folkemusikk- og folkedanstilsette, Fagernes 18. januar: Ruth Anne Moen

Norsk Folkemusikklag, årsmøte og seminar på Fagernes  
18. - 20. januar: Ruth Anne Moen

Leiarkurs med samlingar i Asker 8. -10 februar og i Oslo 2.  
- 3. oktober: Roy Høibo

Datakurs: Roy Høibo

Museumsarbeidarar i Rogaland, ekskursjon til Hjelmeland  
30. april: Roy Høibo, Bjørg Jorunn Myhre og Anne Hiim

Kurs i rekneskapsføring, Stavanger 29. mai: Bjørg Jorunn  
Myhre

Norske kunst- og kulturhistoriske museer, årsmøte og fagseminar på Hadeland 19. - 21. september: Roy Høibo  
Fylkeskultursjefen, museumsmøte i Suldal 22. - 23. oktober: Roy Høibo

Engelskkurs, frå 6. november: Bjørg Jorunn Myhre  
Fotosekretariatet og NKKM, fotokonferanse: Gør Berge Nilsen

Museumsarbeidrarar i Rogaland, fagmøte på Arkeologisk museum i Stavanger 2. desember: Gør Berge Nilsen, Bjørg Jorunn Myhre, Ruth Anne Moen, Kjell Johnsen, Wenke Johnsen, Ernst Berge Drange

Roy Høibo har elles vore medlem i styret for NKKM, medlem av NKKM's utval for samtidsskematiasjon, leiar i foreningen Museumsarbeidere i Rogaland, museets representant i styret for Rogaland folkemusikklag og forhandlingsleiar for Norsk forskerforbund i Rogaland.

Ruth Anne Moen er styremedlem i Norsk Folkemusikklag og varamedlem i Rådet for folkemusikk og folkedans.

## ØKONOMI OG ORGANISASJON

Gjennom stor og velvillig tilførsel av omframme midlar over fleire år, har museet i år kunna sluttføre arbeidet med istandsetting av Nesa-sjøhuset på Sand, og ta det i bruk til lokale for dei sentrale funksjonane til museet. Innflytting skjedde i månadsskiftet juni - juli, medan offisiell opning fann stad 30. oktober.

Kostnadsramma for tiltaket har vore på vel 5,5 mill. kroner, som er finansiert på denne måten:

Suldal kommune	2.162.000
Rogaland fylkeskommune	1.962.000
Norsk kulturråd	1.400.000
Ryfylkerådet	100.000
Kulturdepartementet	65.000

Byggeprosjektet har gått så bra at løyingane også har dekka innreiing, inventar og utstyr.

Som rehabiliteringsprosjekt har arbeidet vore særskilt lukka. Alle tykkjer vi har fått ein triveleg og funksjonell bygning, vi har tatt vare på eit viktig kulturminne i Ryfylke og vi har vist at gjenbruk lønner seg. Rehabiliteringskost-

nadene for Nesa-sjøhuset ligg på ca. 60% av kostnadene for nybygg av tilsvarende standard.

Like godt nögde er vi ikkje med utviklinga av driftsbudsjettet til museet. Etter at museet i 1987 fekk oppretta 1/2 stilling for kontorassistent, har tilgangen på driftsmidlar gjennom tilskottssordningen for halvoffentlege museum ikkje auka stort meir enn auken i lønningar og prisar. Gjennom ulike former for omframme tilskott frå stat, fylkeskommune, regionråd, kommunar og private bedrifter har museet gjennom heile denne perioden i tillegg halde oppe eit driftsnivå av omlag tilsvarende storleik utanom tilskottssordninga.

Den delen av drifta som er knytta til dei faste, årlege tilskotta frå stat, fylkeskommune og vertskommune utgjer såleis ein relativt mindre del av verksemda ved museet enn ein tenkte seg da tilskottssordninga blei innført. Dette er ein situasjon Ryfylkemuseet deler med dei fleste musea som har ambisjonar om å nå eit stikkje på veg mot dei måla ein har funne det naturleg å formulere for musea.

Ressursene strekk likevel ikkje til for å løye alle dei oppgåvene som ligg føre i Ryfylke, og museumskvardagen blir eit spenningsfelt mellom ansvaret for oppgåver som museet allereide har tatt på seg og krava om å ta på seg nye oppgåver.

For å løye ein del av desse problema, og for å realisere måla for ein regiondekkande museumsinstitusjon, har styret like sidan 1986 arbeidd for å finne fram til organiserings- og finansieringsformer som både skulle sikre eit breiare arbeidsfelt i regionen og betre føresetnader for å finansiere ei utviding av drifta.

Styret har etterkvar komme til at det vil vera teneleg å gjera om museet til ein stiftelse og invitere kommunane til å vera med i styringsorgana for stiftelsen. Eit forslag om dette har vore ute til høring i kommunane og er behandla i omframt årsmøte i museet. Ved utgangen av meldingsåret er eit revidert forslag til vedtekter for ein stiftelse under arbeid, og kommunane vil bli bedne inn til drøfting av forslaget på nyåret.

Ei omgjering til stiftelse vil svekke dei utvegane det vanlege medlemmet har til å delta i museumsutviklinga og styrke den politiske styringa. Det vil vera ytterlegare eit skritt mot ei full profesjonalisering av museet. Dette samvarar därleg med dei tankane økomusea gjer seg om delta-king og desentralisering.

Også i arbeidet med ein museumsplan for Rogaland har vi sett ønskje om ei styrking og ei sentralisering av styringa med musea. Musea har protestert på dette, og meint at ei utvikling av samarbeidet mellom musea er ein betre måte å styre mot felles mål på, enn å bli styrt ovanfrå. Men det ligg føre ei sterk utfordring til musea om å vise at ein i røynda er i stand til å vidareutvikle samarbeidet. I dag fungerer samarbeidet godt på dei områda ein har funne saker å samarbeide om, og samarbeidet er under stadig utvikling og vil måtte bli mye nærmare fram mot avviklinga av ICOM's generalkonferanse i Rogaland i 1995. Men det må utvidast kraftig om ein skal få til ei full samordning av ansvar og oppgåver.

## TILVEKST

Det er i 1991 journalført 29 aksesjonar til gjenstandssamlingane, det vil seia gåver eller innkjøp, der det i kvar av aksesjonane kan vera mange gjenstandar. Særleg verdfulle og omfattande gåver har kome inn i samband med oppbygging av strandstadutstillingen på Sand.

Desse har gitt gjenstandar til museet i meldingsåret:

Alvhild Bårdsen, Aslaug Eide, Else Fremmersvik, Anne Karin Galland, Grete Holmboe, Knut Holmboe, Jon Gunnar Johnsen, Bjørg Jørgensen, Gunnar Lunde, Børre Myhre, Marie Rasmussen, Maria Røgenes, Dagfinn Sand, Sand Handelslag, Sand Meieri, Sand Vegstasjon, Sands Laksefiske, Lars Steine, Suldal kommune, Tolleiv Svensen, Sverre Underbakke, Daniel Aas.

Den samla gjenstandsmassen ved museet tel nå mellom 7.500 og 8.000 gjenstandar, men for store delar av samlinga manglar tilfredsstillande registrering og katalogisering.

I tillegg til dei gjenstandane museet sjølv eig, er det også i år lånt inn gjenstandar til utstillingsformål.

Bygningsmassen ved museet tel nå 61 bygningar, etter at styret sa frå seg vidare vedlikehaldsansvar for kvernhuset og tørkehuset på Fisketjøn. Styret har i lengre tid drøfta korleis ein kunne gjera seg nytte av desse husa på ein meiningsfull måte, og fann etterkvart at det ville vera ei god løysing å rekonstruere det gamle kvernhusmiljøet i Kved-

nahola på Ritland ved hjelp av desse husa. Da det blei protestert mot slik flytting, og det blei reist tvil om kva rettar museet hadde til husa på Fisketjøn, fann styret det rettast å melde frå om at Rogaland Skogselskap, som den rettmessige eigar av husa, fekk ta ansvaret for vedlikehaldet av dei.

I fotosamlinga er det registrert ein tilvekst på 1.989 nummer. Desse fordeler seg slik:

Afvotografering av eldre bilde	892
Afvotografering av gjenstandar	541
Dokumentasjonsfoto svart/kvitt	135
Dokumentasjonsfoto dias	421

Afvotograferinga av eldre bilde gjeld sluttregistrering frå fotoinnsamlinga i Finnøy og ein del bilde frå Sauda og Vanvik. For desse bilda er det også ordna med kontaktkopiar og det er skrive ut fotokort som gjer det greitt å sjå kva bilde det dreier seg om.

Det som blir kalla dokumentasjonsfoto gjeld i hovudsak eigne aktivitetar, men det er òg gjort ein del nye opptak av kulturminne og -landskap langs Ryfylkevegen i samband med arbeidet med ei vegbok.

Desse har gitt gåver til fotosamlinga ved museet:  
Ola Lagarhus, Gunnar Lunde, Marie Rasmussen, Helga Vårvik.

Arbeidet med katalogisering av fotosamlinga har hatt god framgang, da vi her har hatt god nytte av ordninga arbeid for trygd. Til saman er det nå skrive inn 2.303 katalogkort i ein EDB-katalog.

Lydbandarkivet har vakse med 6 band gjennom ei gåve frå Kristen Vevatne. Det har ikkje vore skrive av nye band dette året, men da det er lagt stor vekt på dette arbeidet tidlegare, er ein stor del av lydbandsamlinga ved museet avskrive.

Arbeidet med ordning av arkiva ved Sauda Smelteverk, Saudefaldene og Sauda fabrikkarbeiderforening har halde fram både ved deltids engasjement av stipendiat og arbeidshjelp under ordninga arbeid for trygd. Det er samtidig arbeidd med utkast til vedtekter for ein stiftelse, og det er semje om å organisere arkivet som ein sjølvstendig stiftelse for bevaring av privat arkivmateriale frå Sauda. Arbeidet i



Nesasjøhuset vart offisielt opna 30. oktober 1990. Ryfylkemuséet har med dette fått gode og tenlege lokale for sine sentrale funksjonar. Med strandstadutstillingen, som vart opna samstundes, har samstundes strandstad- og fjordkulturen i Ryfylke fått sitt utstillingsvindauge. Det er formann i fylkeskulturstyret, Torunn Lehmann, som her står for den høgtidelege opninga.

Sauda har vekt stor interesse også på nasjonalt plan, og museet var invitert til å gjera greie for arbeidet på ein landsomfattande arkivvernkonferanse i Bodø i november. Styren er elles beden med i ei styringsgruppe for ei utgreiing om bevaring av bedriftsarkiv som Norsk kulturråd arbeider med.

Museet har elles tatt i mot ei større arkivsamling frå Sand Meieri og enkelte andre, mindre arkiv.

Det er etterkvert klart at musea bør kjenne eit større ansvar for privat arkivmateriale i sine distrikt, da det ikkje er andre som gjer det. For Ryfylkemuseet bør dette få til følgje at ein legg forholda til rette for å ta inn slikt materiale som ein del av samlingane til museet.

Tilveksten til biblioteket har vore på 58 band, i tillegg kjem ei rekke årbøker som museet får i bytte for eiga årbok.

#### OPPBEVARING OG VEDLIKEHALD

I Nesa-sjøhuset er det innreidd eit brannsikkert arkiv- og magasinrom på 52,8 m<sup>2</sup>. Her er montert kompakte reol attåt at det er sett inn ein del arkivskåp. Dette har gitt museet gode oppbevaringsforhold for foto-, film-, arkiv-, lydband- og EDB-materiale. Materialet er flytta til dette rommet, og er under ordning.

Nesa-sjøhuset har ikkje løyst det behovet museet har for magasinplass til gjenstandssamlingane. Gjenstandane blir oppbevarte under meir eller mindre tilfredsstilande forhold kring om i dei bygningane museet eig og dessutan i ein nedlagt snikkarverkstad på Sand.

Langt meir oppløftande melding er det muleg å gi om bygningsmassen til museet. Handverkaren som det har vore muleg å engasjere ved hjelp av omframme tilskott frå fyl-

keskommunen og frå kommunane Sauda, Suldal og Hjelmeland, har nå vore i arbeid nære innpå 3 år, og det syner godt att kring om på anlegga våre. Det har også lukkast å få midlar til forlenging av dette engasjementet i ytterlegare 1 år, og med tilskott av arbeidshjelp under ordninga Arbeid for trygd, kan vi seia at vi har rimeleg kontroll med tilstanden til bygningane. For å kunne drive eit forebyggande bygningsvern på eit nivå som burde vore eit museum verdig, burde museet hatt to faste stillingar for handverkarar.

I år har handverkaren restaurert dei fleste av glasa i heimehuset på Hustveit, laga nye vasskallar til Kvednahola, restaurert kvernhuset på Øystad, malt husa på bygdemuseet i Erfjord, hatt føre seg mindre arbeid på Røynevarden, Kolbeinstveit og Vika og deltatt i flytting til, klargjering av og oppsetting av utstilling i Nesa-sjøhuset.

På Hustveit er det i tillegg engasjert folk til restaurering av kvernhuset og tørkehuset i Kvednafossen.

Frå fylkeskommunen har det kome melding om at ein ikkje ser seg i stand til å halde fram med omframme løvingar til engasjement av handverkar ved Ryfylkemuseet når midlane tar slutt i 1993. Dersom det til da ikkje har kome ei anna ordning i staden, vil museet komma i ein kritisk og umuleg situasjon.

Styret arbeider derfor med to alternativ for å sikre fortsett tilgang til kvalifisert handverkar. På den eine sida blir det kvart år søkt om opprettning av fast stilling for handverkar ved museet. Dette har i fleire år vore den høgast prioriterte stillingen museet har søkt om, men det har til nå ikkje lukkast å få oppretta slik stilling. I museumsplanen for Rogaland heiter det likevel at slik stilling skal ha høg prioritet, og ein håper derfor at opprettninga av slik stilling kan gå i hop med avslutning av det omframme engasjementet av handverkar.

Parallelt arbeider styret med å få oppretta ein antikvarisk verkstad knytta til museet. Dette arbeidet har tatt utgangspunkt i kulturminneplanen for Rogaland, som peikar på behovet for minst to slike verkstader i fylket. Frå Ryfylkemuseet si side tenker ein seg at ein slik verkstad burde ha særlege føresetnader for å kunne utvikle den nødvendige kompetansen nettopp på Sand. Her ligg senteret for det største bygningsmuseet i fylket, her er oppretta ei særleg linje for bygningsvern ved den vidaregåande skulen i Suldal, her er eit miljø av handverkarar som har røysle både

frå det gamle tømrarhandverket og frå nyare rehabiliterings- og restaureringsoppdrag, og her er eit arkitektkontor som har utvikla særleg kompetanse på rehabiliteringsspørsmål. Museet tenker seg at ein antikvarisk verkstad knytta til Ryfylkemuseet både skulle ha som mål å tilby tenester innafor praktisk bygningsvern, og bygge opp eit kompetansesenter som skulle drive med dokumentasjon, forskning og formidling innafor fagområdet. Planane om dette er for tida under utgreiing i samarbeid med Fylkeskultursjefen og Rådmannen og Kultursjefen i Suldal kommune.

Vi har tidlegare år, på denne plassen, gitt melding om arbeidet med å finne ei løysing på bevaring og formidling av samlingane i Erfjord. Dette arbeidet har fått ein god framskuv i meldingsåret, da Erfjord grändautval har engasjert seg sterkt for å få fram ei løysing. På forsommaren inviterte grändautvalet høg og låg, tynn og brei til kveldstreff i tunet på Håland. Etter god mat og oppmuntrande trekspel musikk blei planane for eit kulturtun på Håland presentert, og dei blei godt mottatt. Ein søknad om støtte til å komma i gang med dei praktiske arbeida fekk likevel ingen tilslutning i denne omgang, men det er grunn til å tru at forholda nå ligg til rette for å få til ei god løysing i Erfjord.

#### FOLKEMUSIKKARKIVET

Arbeidet ved folkemusikkarkivet blei drive for løvyingar til 1/2 stilling fram til halvårsskiftet, og for ein rund sum på kr. 100.000,- frå fylkeskommunen til drift frå 1/7-1991 til 30/6-1992.

Det praktiske arbeidet i år har vore delt mellom følgjande aktivitetar:

- Innsamling av tradisjonsmateriale frå tilsaman 18 eldre informantar i Suldal, Jelsa, Strand, Stavanger, Røldal og Vanvik. Innsamlingsarbeidet i Jelsa har gått føre seg i samarbeid med Jelsa skule, der målet er å laga til eit hefte til bruk i undervisninga og i andre samanhengar der ein presenterer stoff frå Jelsa.
- Kopiering av privatopptak med 3 informantar
- Ei rekke formidlings og opplæringstiltak: Kvedarkurs og utstilling under Stavangerkappleiken, kurs for barnehagetilsette i Suldal, presentasjon av folkemusikktradisjon på årsmøtet til Rogaland Bondekvinnelag, kopiering av

arbeidskassettar, kåseri under møtet om «Utkantar i Norden», førelesing på Ryfylke folkehøgskule, kurs for lærar i Klepp, kvedarkurs Skude kurssenter, førelesingar på Rogaland musikkonservatorium, konsert ved opning av Ryfylkemuseet, førelesingar på Akademiet i Rauland, utgiving av hovudoppgåve om folkemusikkformidling.

- Gjennomføring av studie- og innsamlingstur til norske busettingar i USA finansiert gjennom kulturstipend frå Rogaland fylkeskommune og Suldal kommune.

## FORSKING

Gjennom ein avtale med Suldal kommune utfører museet arbeid tilsvarannde 1/5 årsverk for å førebu utgiving av band III av kultursoga for Suldal. I 1991 har dette arbeidet kome så langt at ein så smått har tatt til å skrive på soga. I 1992 skal arbeidet gå på full tid.

## UTOVERRETTA TILTAK

Delvis ved hjelp av omframme midlar frå Suldal kommune og delvis ved eigne midlar kunne opningstidene ved ein del anlegg i Suldal utvidast i år. I Sauda samarbeide vi likeeins med kommunen om opning ved Industriarbeidarmuseet, i Zink-gruvene og på Hustveit. I tillegg hadde vi, ved hjelp av tilskott frå Ryfylkefondet, sett oss i stand til å trykke ein fin plakat som blei sett opp på ulike stader i regionen og distribuert til overnatnings- og serveringsstader. Alt dette gjorde at vi hadde store håp om å kunne auke publikumsbesøket ytterlegare i forhold til det gode året i 1990. Og vi har kunne registrere auke i besökstalet, men kanskje ikkje så stor som vi hadde håpt.

Det samla, besökstalet for 1991 reknar vi med låg på ca. 7.000. Når vi må seia cirka, er det fordi registreringa enkelte stader er mangelfull. Vi veit dessutan at det er stort besøk ved ein del av anlegga våre også utanom opningstidene, men desse har vi ingen utveg til å registrere.

Vi gjorde også eit forsøk på å heve kvaliteten på det tilbodet publikum får, ved å gjennomføre eit kurs for dei som skulle vera vakter. Vi ser det etterkvart slik at det ein får med seg frå eit museumsbesøk vil vera svært avhengig av kva slags mottaking ein får på staden. Vi må derfor stille så store krav som det er muleg til medarbeidarane våre, men må vera klar over at ein ikkje kan kreve alt av folk som berre får tilbod om ein jobb noen timar kvar søndag. Ei ytterlegare profesjona-

lisering av presentasjonen vil nok kreve andre formidlingsformer og eit meir omfattande tilbod enn det vi har satsa på til nå.

Ei oppstilling over besökstalet i 1991 ser slik ut:

		Sum	Vaksne	Barn	Skular <sup>1</sup>
Sand		3008	2544	304	160
Kolbeinstveit <sup>2</sup>					
Røynevarden <sup>3</sup>	1043 <sup>3</sup>		996	47	
Jelsa skolemuseum <sup>4</sup>	483		430	53	
Barkeland	432				
Erfjord bygdemuseum	111 <sup>5</sup>		95	9	
Industriarbeidarmuseet	600 <sup>6</sup>				
Zink-gruvene	500 <sup>6</sup>				
Hustveit	209 <sup>7</sup>		161	48	
Viga	243 <sup>7</sup>		234	9	

## Merknader:

- 1) Det har vore ein markert nedgang i registrerte besøk av skuleklassar. Dette har ulike årsaker, men viser at det er stort behov for å opprioritere samarbeidet med skulane.
- 2) For Kolbeinstveit og Røynevarden er besökstala slått saman.
- 3) Inklusivt eit anslag på 750 besøkande på Olsok-stemna.
- 4) Gjeld eit samarbeid med Suldal kommune der også omvising i kyrkja gikk inn.
- 5) Anslag, det ligg ikkje føre sikre tal.
- 6) Anslag, det ligg ikkje føre sikre tal.
- 7) Omfattar ikkje besøkande på Viga-treffet 14. juli.

I sjøhusa på Sand har det vore følgjande utstillingar i 1991:

1/1-30/5	Livet ombord, innlånt utstilling frå Stavanger Museum
9/2-17/2	3 frå Ryfylke, kunstlaget
18/3-31/3	Vandreutstilling, kunstlaget
7/6-8/9	Anita Houvenaeghel, kunstlaget
21/9-6/10	M. J. Horverak, kunstlaget
28/9-12/10	Dag Sørensen, porselen, kunstlaget
19/10-30/10	Ryfylkeutstillinga, kunstlaget
30/10-31/12	Strandstaden Sand, permanent utstilling i Nesa-sjøhuset
30/11-15/12	Marit Karlsen, Kristin Selboskar, Kjell Frøy-

land, Bjørg Wigestrød, Liv Inger Eie, kunstlaget

Kunstlaget starta si utstillingsverksemnd i Nesa-sjøhuset alle reide frå månadsskiftet juni/juli, medan museet opna si strandstadutstilling 30. oktober. Samarbeidet med kunstlaget er svært vellukka. I tillegg har det også vore stor etterspurnad etter møtelokale i Nesa-sjøhuset frå ulike lag og møtearrangørar, og distriktsmusikarane i Suldal har vitja huset fleire gonger, både etter førespurnad frå andre og på eige initiativ.

Ein kan truleg våge seg til å seia at Nesa-sjøhuset er blitt eit viktig kulturhus i Ryfylke, der mange menneske møtest om ulike former for opplevingar og samver.

I tillegg til eigne anlegg har museet deltatt i utarbeidninga av den vassdragsutstillinga som blei vist på Suldalsosen på andre året i år.

Museet har gitt ut to publikasjonar:

Folkemusikkformidling, av Ruth Anne Moen, som blei gitt ut med støtte frå Rådet for folkemusikk og folkedans, Suldal kommune og Rogaland fylkeskommune.

FOLK i Ryfylke med artiklar av Jon Moe, Njål Tjeltveit, Lars Gaute Jøssang og Asgjerd Taksdal.

For FOLK i Ryfylke er det nemnt opp ei redaksjonsgruppe som ein håper skal kunne hjelpe til med å gi publikasjonen ei god utvikling og sikre større breidde i stofftilfanget. Dei som er med i denne gruppa er Erik Fossåskaret, Rennesøy, Halvdan Magnus Hansen, Jørpeland, Njål Tjeltveit, Fister, Jorun Strand Vestbø, Judaberg og Tone Årtun, Sauda.

Utanom dei foredragene, førelsingane og kursa som er nemnde under folkemusikkarkivet har museet deltatt med foredrag på Høgskolesenteret i Rogaland, på årsmøtet til Rogaland bondekvinnelags, på Sand skule og Ryfylke folkehøgskule og for Lions Club på Sand, med kurskved for Utgarden folkehøgskule, kåseri for Sunnhordland Kraftlag og Erfjord bondelag og med presentasjon av museet for Sunndal kommune, Landsforbundet for friluftsråd og for Bruce Bennison frå Cumbria County Council i Carlisle, som ønskjer å knyte nærmare band til museum i Rogaland.

Museumsmøtet til Fylkeskultursjefen var lagt til Suldal i

år, og med omvising både i Nesa-sjøhuset og oppetter Suldals-dalføret til Kvilldal kraftstasjon.

Vi har deltatt med fagrettleiing for ein elev ved Stavanger Lærarhøgskole, hjelpt Finnøy bygdemuseum med råd og rettleiing om preparering, innreiing og møblering og likeins deltatt i møte i Sauda om etablering av eit visningslokale for kulturhistorisk materiale i Sauda sentrum. I Sauda har vi også gitt råd om fotoarkivering, og deltatt i drøftingar om Folkets Hus.

I Suldal er vi blitt bedne med som konsulentar og delta karar i fleire samanhengar: I drøftingar om ulike aktivitetar på Jelsa, som konsulent ved vurdering av muleg verneverdig bebyggelse, ved møte om finansiering og organisering av Suldalsdampen, og ved utarbeidning av fleirbruksplan for Suldalslågen og sentrumsplan for Sand.

Avisene har vist særleg stor interesse for oss i år, og både omtalen i lokalavisene og i dei to regionavisene er av stor verdi for oss. Særleg verdfull var ein artikkelserie som Stavanger Aftenblad hadde der fleire av våre anlegg fekk vera med.

#### ANNA

Arbeidet med eit vassdragsmuseum i Suldal kom eit langt steg nærmare realisering da Suldal kommune tok på seg utgiftene med engasjement av ein prosjektleiar. Prosjektlearen kom i arbeid frå i november, og er førebels engasjert for to år. Ho er administrativt underlagt kultursjefen i Suldal og har ei styringsgruppe å halde seg til der Ryfylke-museet er representert. Dette er eit tiltak museet har arbeidd med i ti år, og går det nå som ein håper kan det nye vassdragsmuseet vera røyndom innan få år. Korleis museet skal organiserast er ein del av dei problema som skal greia ut, men det er stor vilje til å sjå utviklinga av eit vassdragsmuseum i nær samanheng med den vidare utviklinga av Ryfylkemuseet.

På Rennesøy blir det arbeidd med etablering av eit kulturminnesenter. Arbeidet har tilknyting til dei interessante utgravingane som er gjort i samband med etableringa av Rennfast-sambandet, men der ein også tenkjer seg dokumentasjon og framstilling av nyare, kulturhistoriske emne. Førebels er arbeidet på eit skisse stadium, men for Ryfylke-museet er dette ein interessant utveg til å «komma nedpå» i den ytre delen av regionen. Rennesøy vil, med etableringa

av Renn-fast, bli den mest sentrale delen av heile Ryfylke, og ein god plass for eksponering av regionen. Dette ville bli ein fin stad å etablere eit senter for arbeidet til Ryfylkemuseet i dei ytre delane av regionen. Med Renn-fast vil også sambandet til Sand blir langt raskare enn det er nå.

I samarbeid med Ryfylkerådet har vi ei tid arbeidd for å finansiere eit forskings- og utviklingsprosjekt om byggeskikken i Ryfylke. Det har vist seg tyngre enn vi først trudde å skaffe pengar til tiltaket, og det er uvisst om det lar seg realisere. Om det ikkje går, kan det vera aktuelt å finne ein annan innfallsvinkel til arbeid med dei aktuelle problemstillingane gjennom det kompetanesenteret som vi har ambitionar om å gjera den antikvariske verkstaden til, som er omtala annan stad i årsmeldinga.

Museet har deltatt vidare i arbeidet med å få etablert ei linje for bygningsvern ved Suldal vidaregåande skule. Dette har lukkast, og hausten 1991 blei dei første elevane tatt opp på linja. Dette betyr ei styrking av kompetansen i arbeidet med rehabiliterings- og restaureringsoppgåver, og er med på å skape eit miljø for vidare utvikling av slik kompetanse.

Eit tidlegare omtalt initiativ frå Jelsa om bygging av eit seglfartøy på Jelsa, har ikkje ført fram i det tempoet ein hadde sett seg som mål, da det ikkje har lukkast å reise dei nødvendige pengane for å komma vidare.

I 1995 vil ICOM, den internasjonale museumsorganisasjonen, halde sin generalkonferanse i Stavanger. I sluttfasen før vedtaket om dette blei gjort var representantar for

organisasjonen på synfaring i Rogaland, og landa mellom anna på Sand, der det blei tid til utveksling av ymse synspunkt på drifta av eit museum i eit distrikt som Ryfylke. Den desentraliserte og deltagande museumsmodellen vi har her vil truleg ha interesse for ein del av deltagarane på konferansen, og vi kan vente besøk av folk frå ei rekke land. Ryfylkemuseet må også på andre måtar bu seg på å delta i førebuingane og gjennomføringa av generalkonferansen, men må ha grunn til å sjå på dette som eit eineståande høve til å få til eit felles løft for heile museumsstallet og ein utveg til utvikling både av samlingar og personale.

Sand, 16. januar 1992

Børge Skeie  
formann

Åse Jensen Reidun Korsvoll Ommund Berge

Olav I. Oftedal Trygve Brandal

## REKNESKAP 1991

<b>Inntekter og utgifter utanfor tilskotsordninga</b>		<b>Inntekter og utgifter innanfor tilskotsordninga</b>	
Eigeninntekt	71.818,48	Eigeninntekter	31.974,06
Tilskot	3.034.815,70	Tilskot	1.214.686,00
Andre inntekter	276.113,36	Andre inntekter	24.660,00
Forbruk av tidl. løyvingar	<u>1.181.607,81</u>		
Sum inntekter	<u>4.564.355,35</u>	Sum inntekter	<u>1.271.320,06</u>
Lønn	385.861,93	Lønn faste	411.886,75
Arb.gjev. avgift	<u>62.412,72</u>	Lønn andre	135.820,24
		Arb.gjev. avgift	102.214,80
Sum lønn/avgifter	<u>448.274,65</u>	Sum lønn/avgifter	649.921,79
Varekjøp	126.738,03	Innkjøp	121.694,23
Handverkar	61.245,83	Vedlikehald	42.879,58
Arkivar	9.804,71	Kontorutgifter	72.110,26
Stipendiat	9.030,00	Husleige/straum m.m.	232.277,84
Andre utgifter	6.859,00	Reiseutgifter	56.824,66
Nyanlegg	<u>2.836.319,58</u>	Vedl. saml./utstyr	5.964,60
Sum andre utgifter	<u>3.049.997,15</u>	Utstill./publ.m.m.	95.386,98
Sum utgifter	<u>3.498.271,80</u>	Dok. utgifter	3.114,20
		Andre driftsutgifter	<u>64.257,71</u>
 		Sum andre driftsutgifter	<u>694.510,06</u>
Ubrukte løyvingar	<u>700.927,70</u>		
Resultat	<u>365.155,85</u>	Sum driftsutgifter	<u>1.344.431,85</u>
Samla resultat	<u>292.044,06</u>	Resultat drift	73.111,79

### Balanse

Kasse	1.933,47
Postgiro	29.469,41
Bank SR	600.234,47
Bankinnskot	<u>606.689,00</u>
Sum omløpsmidler	<u>1.238.386,35</u>
Sum aktiva	<u>1.238.386,35</u>
Skattetrekk	0,00
Foreningskontigent	0,00
Pensjonstrekk	0,00
Interimskonto	83.059,72
Overførte løyvingar	<u>700.927,70</u>
Kortsiktig gjeld	783.987,42
Eigenkapital	162.354,87
Reknesaksresultat	<u>292.044,06</u>
Sum eigenkapital	<u>454.398,93</u>
Sum passiva	<u>1.238.386,35</u>

Sand, 31. desember 1991 / 27. januar 1992

Børge Skeie  
formann

Åse Jensen


Reidun Korsvoll

Ommund Berge

Olav I. Oftedal

Trygve Brandal

Tormod Vanvik




«Geiterams» er tittelen på den nye boka av Jon Moe. Boka inneholder noveller og utvalde småstykke som for ein stor del har stått i jordbruksstidsskriftet «Bondevennen» dei siste ni åra. Det er 42 «tidsbilete» frå nær og fjern fortid, skapte i skriveglede og med ein stil som ofte kan minne om Aasmund Olavson Vinje. Her er den same innlevingsevna som var Vinje sitt kjennemerke og same rikdomen på innfall og utfall. Boka er samstundes ei markering av Jon Moe sitt femtiårs-jubileum som skribent. I 36 år var han journalist og redaksjonssekretær i Stavanger Aftenblad. Han har skrive mange bøker som er komne ut på Gyldendal Norsk Forlag. Den store dokumentar-romanen «Pilt-Ola» kom i tre opplag på sju veker.

«Geiterams» er det Ryfylkemuseet som gjev ut.

Boka er rikt illustrert og har fått ei festleg grafisk utforming.

**Boka «Geiterams», som er på 96 sider, kan tingast hos Ryfylkemuseet.**

**Prisen er kr. 100,-.**



«Kulturhistorisk vegbok Ryfylkevegen» er skriven for framande, vegfarande folk, men vender seg like mykje til fastbuande i Ryfylke. Boka er nyttig både til eige bruk og som oppslag når ein vil visa rundt gjester. Det er ei handbok som bør finnast i einkvar heim som sokner til Ryfylkevegen.

«Kulturhistorisk vegbok» orienterer om stader og forhold som kan vera verdt å sjå på ferda gjennom Ryfylke, samstundes som ho gjev ei innføring i arbeidsliv og levemåtar i distriktet. Orienteringane føreligg på norsk, engelsk og tysk.

Boka har kome til i eit samarbeid mellom Ryfylkemuséet og Ryfylkerådet og utgjevinga er støtta av Ryfylkefondet. Ho er skriven av museumsstyrar Roy Høibo og kultursjef i Hjelmeland, Njål Tjeltveit.

Boka er rikt illustrert med vakre fargebilete.

**«Kulturhistorisk vegbok Ryfylkevegen» er på 88 sider og kan tingast på Ryfylkemuséet, Sand. Prisen er kr. 80,00.**







## Samvirke i Ryfylke

Sjølv om Rogaland gjennom åra har vore eit tyngdepunkt i samvirkerørsla her i landet, er historia til samvirke i fylket vårt lite kjent. Med ei regional forankring kan Ryfylkemuséet med dette, gjennom sitt årsskrift for 1992, by på nye og grundige artiklar om emnet.

Det er eit særskilt aktuelt tema «FOLK i Ryfylke» tek opp. Forutan å setja ord på og drøfta dei ulike formene for forbrukarsamvirke og landbrukssamvirke i Ryfylke, kviler det ei overbyg-

gjande problemstilling og erkjenning over skriftet: «Det som var vårt, er ikkje vårt lenger». Eller meir direkte: «Ut av Ryfylke!» Stordrift og sentralisering har ført til at folk i Ryfylke har mista styring og påverknadskraft over tiltak dei sjølv har bygd opp. Vil vi det framleis skal vera slik eller vil vi kjempa for å byggja regionen og vårt eige sjølvbilete?

Like mykje som å fokusera på den ideologiske og økonomiske rørsla som «samvirke» er, vil «FOLK i Ryfylke» - med sitt tema - setja fingeren på kvalitetar og verdiar som samarbeid og hopehav både i regionen og i småsamfunna. I ei tid med uklare signaler og utvegar er det viktig å grava djupt og godt i eigne kulturelle føresetnader og ressurser.

**RYFYLKEMUSÉET**

**ISBN 82-90271-06-9**